



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE


Årsmelding 2018





Foto: Gro Sivertsen

Organisasjonskart



Om årsmeldinga

Årsmeldinga er utarbeidd i samsvar med § 48 i kommunelova. Ho viser resultat som er oppnådde i Hordaland fylkeskommune i 2018

Framsidedfoto:	Morten Wanvik
Ansvarleg:	Fylkesrådmannen
Redaktør:	Stanley Hauge
Redaksjon:	Hilde Joranger Mæland og Stanley Hauge
Tekstgrunnlag:	Avdelingane i fylkeskommunen
Utforming og oppsett:	Geir Ketil Lien og Gro Sivertsen

Mars 2019

Framsidedfoto:

Den nye Voss vidaregåande skule vart tildelt «The International Architecture Awards» for 2018. Ved tildelinga vart det, i tillegg til utforminga, lagt vekt på at det er skapt ein funksjonell skule som spelar svært godt på lag med omgjevnadene, og som opnar for samspel på tvers av fag og alderssteg.

Samfunnsoppdraget vårt

Vi utviklar Hordaland

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelse-tenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

Visjonen vår

Attraktiv og nyskapande

Hovudstrategiane våre

- 1 Ta ein sterkare posisjon i utviklinga av Hordaland og Vestlandet
- 2 Prioritere og setje tydelege mål for utvikling og tenester
- 3 Betre dialog og samhandling med kommunar, brukarar og andre aktørar
- 4 Styrkje økonomien til HFK for å sikre gjennomføringsevne og berekraft
- 5 Utvikle samarbeidet mellom avdelingane i HFK
- 6 Sikre rett kompetanse og god endringskapasitet i organisasjonen


Verdiane våre



Vi nyttar kompetansen vår til å sjå heilskapen. Det vi gjer i dag skal vere målbart og kome framtidige generasjonar til gode.



Vi er synlege pådrivarar for utvikling og verdiskaping. Vi prioriterer og set høge mål.



Vi samarbeider og er i dialog med innbyggjarar, kommunar og andre. Slik fremjar vi samhandling og demokrati.

Undervegs mot Vestland

2018 har vore eit nytt år prega av endring og omstilling for Hordaland fylkeskommune. Samanslåinga med Sogn og Fjordane fylkeskommune krev fokus og ressursar, samstundes som den daglege drifta av eigen organisasjon skal ivaretakast. Dette er ein krevjande balansegang, som særleg merkast i fylkesadministrasjonen. Positivt rekneskapsresultat, ytterlegare redusert sjukefråvær og høg jobbtrivsel vitnar difor om ein robust organisasjon med god endringskapasitet.

Stram og god økonomistyring gjorde at rekneskapen for 2018 vart avslutta med eit overskot på 20,8 mill. kr. I tillegg er det sett av 23 mill. kr på fond innan opplæringssektoren til bruk i komande år. Driftsutgiftene i sektorane viser godt samsvar med tildelte budsjett. Som følgje av opptrapping av avdragsbetalinga auka lånegjelda berre moderat og gjeldsgraden gjekk ned i 2018.

Sjølv med eit positivt rekneskapsresultat har fylkeskommunen likevel ein krevjande økonomisk situasjon. Netto driftsresultat var på knapt ein prosent, som er ei halvering frå 2017 og klart under den tilrådde norma på fire prosent. Høg lånegjeld og auka kostnader med nye, miljøvenlege ferjer og bussar frå 2019-2020, vil føre til sterk auke i både drifts- og investeringskostnadene dei komande åra. Knappe økonomiske rammer gjer difor at vi må prioritere endå tydelegare framover. Målet er å halde fram med å levere gode tenester til innbyggjarane våre også i åra som kjem.

Veksten i passasjertalet innan samferdselsektoren heldt fram i 2018. Talet på påstigingar i kollektivtrafikken i Hordaland auka med vel fire prosent til 73 millionar. Den største veksten gjeld Bybanen, som auka med heile 18 prosent, men også buss og båt kan notere ein fin auke. Dette viser at den

sterke kollektivsatsinga som fylkeskommunen har lagt til rette for gjennom fleire år, gjev resultat.

Å få fleire til å reise kollektivt er óg eit viktig miljøtiltak. Dei neste åra tek fylkeskommunen ytterlegare krafttak for klima og miljø både gjennom vidare utbygging av Bybanen til Fyllingsdalen og ved at nye miljøvenlege ferjer og bussar vert sette i drift. Det grønne skiftet er sterkt ønskt og etterspurt, men er likevel ikkje gratis. Overgangen inneber eit stort økonomisk press på både drifts- og investeringsbudsjetta. Hordaland fylkeskommune ventar difor at staten vil støtte ytterlegare opp om denne viktige satsinga.

Aktivitetsnivået innan alle områda i organisasjonen har også i 2018 vore høgt. Særleg gledeleg er det å kunne konstatere at fleire elevar fullførte og fekk godkjent vidaregåande opplæring skuleåret 2017/18 enn året før. Auken i gjennomføringsgrad er eit resultat av målretta innsats gjennom fleire år. Også innan tannhelse er det ei positiv utvikling der tannhelsa blant barn og unge blir betre. Elles er satsinga på mellom anna kunst- og kulturformidling til elevar både i grunnskulen og vidaregåande skule vidareført, og det er delt ut store midlar til innovasjon og næringsutvikling i heile fylket. Fleire større og mindre vegprosjekt er fullførte, og ei rekke skulebygg har blitt rehabiliterte. Vidare er det inngått fleire nye avtalar som sikrar moderne lokale med universell utforming innan tannhelse.

Prosessen med å slå saman Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar er godt i gang og vart ytterlegare konkretisert i 2018. Innafor ramma av 16 overordna delprosjektområde har rundt 60 prosjektgrupper vore i sving med faglege og organisatoriske avklaringar. Dette arbeidet vert vidareført i 2019. Tidsplanen er stram, men framdrifta er god og i

rute. Ny overordna organisasjonsstruktur er på plass og nye fylkesdirektørar er rekrutterte. Fylkesrådmann i Hordaland fylkeskommune, Rune Haugsdal, er tilsett som prosjektleiar for samanslåingsprosessen og vil frå 1. januar 2020 gå inn i rolla som fylkesrådmann for Vestland fylkeskommune.

*«Vestland er meir enn stein, stål og vatn.
Vestland er meir enn noko å leve av, det er noko
å leve for. Ein stad å høyre til. Ein stad å vere
stolt over».*

Orda tilhøyrar Øyulf Hjertenes, sjefredaktør i Bergens Tidende. Eg synest dei på ein god og treffande måte trekkjer opp rammene for det omfattande arbeidet vi er i gang med. Dei to fylkeskommunane er ulike på mange område, men vi har eit felles samfunnsoppdrag. Det handlar om å gje strategisk retning til utviklinga av Vestland fylke, mobilisere ulike aktørar og ressursar og samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk. Slik kan vi i fellesskap skape vekst og utvikling i heile det nye fylket og møte framtidige utfordringar på ein offensiv måte til beste for innbyggjarane våre.

Eg vil avslutte med å takke alle medarbeidarane i Hordaland fylkeskommune for vel utført arbeid i 2018. Oppnådde resultat kjem som følgje av godt lagarbeid. Eg ser fram til det arbeidet vi skal gjere saman i 2019, både den daglege drifta av Hordaland fylkeskommune, og å førebu overgangen til nye Vestland fylkeskommune på best mogleg vis – vi er undervegs!



Ingrid Holm Svendsen

Ingrid Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Innhald

4	Undervegs mot Vestland
7	Innhald
8	Hendingar 2018
12	Styring og kontroll av verksemda
14	God økonomistyring
17	Kommune – stat – rapportering – KOSTRA
21	Regional utvikling
37	Folkehelse
39	Miljørekneskap
43	Samferdsel
59	Opplæring
71	Kultur og idrett
81	Tannhelse
89	Økonomi og organisasjon
103	Eigedom
109	Politisk organisering
114	2018 – stor aktivitet, solid innsats

Hendingar 2018

Alle innbyggjarar vart inviterte til å vere med å utforme det nye fylkesvåpenet for Vestland fylkeskommune.



Eit etterslep på vedlikehaldet av fylkesvegane i Hordaland på 7,3 milliardar kroner var budskapet då fylkesordførar Anne Gine Hestetun møtte transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget.



Etterforsksleiar Hilde Reikrås ved Vest politidistrikt vart kåra til Årets Hordalending 2017 for opprulling av overgrepsnettverka i «Dark Room»-saka.



Fylkesutvalet løyvde 9 mill. kr til ulike omstillingstiltak i petroleumsnæringa.



Den første lærlingen i tannhelsetenesta i Hordaland, Mats Landro, bestod fagprøven i dataelektronikarfaget. Han får ansvaret for det medisinsk-tekniske tannlegeutstyret.



Laksevåg videregående skole har suksess med elektrofaglinja der elevane får spesiell studiekompetanse og kan gå direkte vidare på ingeniørstudium eller i lære og ta fagbrev.



Fylkestinget vedtok å leggje ned Hjeltnes som vidaregåande skule ved skuleslutt til sommaren, og at den skal drivast vidare som produksjonsskule og fagskule.



Ei kunstutstilling, som markerte det sterke bandet mellom Hordaland og Skottland, vart opna i Oseana. 11 skotske kunstnarar deltok.



Russehuset UB ved Os gymnas gjekk heilt til topps i konkurransen om beste ungdomsbedrift i Hordaland. Dei lagar billege og stilige russekledde av god kvalitet.



JANUAR

FEBRUAR

MARS



Mobbeombodet og Elev- og lærlingombodet vart begge aktive på Snapchat for å nå ut til ungdommen.



Den første fyllestasjonen for hydrogenbilar i Hordaland vart opna på Nyborg i Åsane.



To båtstamnar, som vart funne i ei myr i Kvinnherad, er daterte til perioden 1025 – 1160 som er slutten av vikingtida/tidleg mellomalder. Dei vart laga til ein båt som er over åtte meter lang.



Driftsresultatet for Hordaland fylkeskommune i 2017 viser eit rekneskapsoverskot på 107 millionar kroner.



Sandsli videregående skole vert ombygd til å verte den største i landet på restaurant- og matfag.



Sju elevar i vidaregåande skule i Hordaland kvalifiserte seg til noregsfinalen i olympiaden i geofag. To gjekk vidare til den internasjonale olympiaden i Thailand der dei fekk sølv og bronse.



Framsyninga «Migrasjon – tonane dei bar med seg over havet» hadde premiere med fylkesmusikar Reidun Horvei i spissen. Den fortel historia om utvandringa til Amerika.



Mette Nygård Havre og Kristine Ullaland fekk Hordaland sin miljøpris 2017.



Totalt søkte 18 995 elevar plass på dei 33 vidaregåande skulane til fylkeskommunen. Det er 361 fleire elevar enn året før.



Manger folkehøgskule feira dobbelt jubileum. Skulen var 140 år og har vore 100 år på Manger og er framleis populær. Den har om lag 60 elevar og 25 tilsette.



Den største folkehelseundersøkinga nokon gong vart gjennomført i Hordaland. Om lag 70 000 hordalendingar vart spurde om helse og trivsel.



Rune Haugsdal vart tilsett som prosjektleiar for Vestland fylkeskommune. 1.1.2020 vart han fylkesrådmann i det nye fylket.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland tildelte 2,35 mill. kr til ulike kulturelle tiltak i fylket, både til amatørar og profesjonelle og ein del større kulturtiltak.

Namnet Vestland fylkeskommune vart vedteke av Stortinget.



Kystpilegrimsleia gjennom Hordaland vart offisielt opna på Moster i Bømlo. Den skal binde saman kultur, historie og opplevingar langs kysten frå Egersund til Trondheim.



Ordninga med gratis skulefrukost vart trappa opp. Alle 33 vidaregåande skular i Hordaland får no tilbodet.

Fire elevar ved Bergen katedralskole kvalifiserte seg til internasjonalt OL i realfag, og ein elev gjekk heilt til topps i den nasjonale skrivekonkurransen til Fritt Ord.



Ei gåve på ein million kroner frå Gjensidigstiftinga vart brukt til å lage språkkafe på bibliotek i fylket, mellom anna på Landås bibliotek.



Ingrid Holm Svendsen (49) vart konstituert i stillinga som fylkesrådmann. Ho er første kvinna som har denne stillinga i Hordaland.

Hordaland fylkeskommune fekk 132 mill. kr i spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Dette er fem mill. kr meir enn i 2017.

APRIL

MAI

JUNI



Den første elektriske ferja i Hordaland vart sett i drift. Det er «Møkstrafjord» som skal trafikkere Austevoll-Krokeide.



230 ungdommar frå heile Hordaland deltok på den årlege UKM-festivalen på Husnes i Kvinnherad med teater, dans og film.



Hordaland fylkeskommune gav 650 000 kroner til vidare utvikling av attraktive senter i fylket, mellom anna Lindeplassen i Odda.

Enova gjev 29,6 mill. kr til å lengje trolleybusslinja frå Bergen sentrum til Laksevåg og innføre trolleybussar som ladar under køyring.



Fylkestinget vedtok å flytte fylkesadministrasjonen frå sentrum til Sandsli frå 2020 til 2023 under bygginga av nytt fylkeshus.



Gjennom ni korte filmar, som vart viste på Bybanen, kan du oppleve alle kunstverka som er plassert langs Bybanen frå Bergen sentrum til Flesland.



Den elektriske ferja «Husavik» vart døypt av fylkesordførar Anne Gine Hestetun. Den skal trafikkere sambandet Husavik – Sandvikvåg.



Sentralbadet i Bergen skal verte nytt scenekunsthus. Fylkestinget vedtok å løyve fem mill. kr til etableringa.

Det første kunstverket, som skal få plass langs bybanetrassen til Fyllingsdalen, vart godkjent for plassering på Kristianborg.



GCE-subsea fekk 700 000 kroner av Hordaland fylkeskommune til eit prosjekt for å gi bedrifta eit ekstra løft etter gründerfasa.



Alle 42 kokkelærlingar i Hordaland tok for første gong fagprøven ved Fitjar vidaregåande skule.



Tal takstsoner i kollektivtrafikken i Hordaland vart redusert frå 470 til 7.



Til skulestart stod ein nyoppussa Bergen katedralskole klar til å ta imot elevar og tilsette. Skulen er bygd rundt det 150 år gamle tuntreet.



Mobbeombodet i Hordaland fekk utvida mandat og vert ombod både for barnehage og grunnskule, i tillegg til den vidaregåande skulen. Totalt omfattar dette 116 000 barn og unge i fylket.



Stine Drageset er den 50. lærlingen i Hordaland fylkeskommune. Ho er lærling i hestefaget.



Nye Voss gymnas vart opna. Den nye skulen er på 19 000 kvadratmeter, har 571 elevar og 120 tilsette, og har kosta ein halv milliard kroner.



Reisetala for kollektivtrafikken i Hordaland for første halvdel av 2018 syner at den sterke veksten i kollektivtrafikken i Hordaland held fram med ein auke frå 35,5 til 36,9 millionar påstigingar.



JULI

AUGUST

SEPTEMBER



Teknikk og industriell produksjon var vinnarfaget då søkinga til dei vidaregåande skulane var klar.



Odda får 400 000 kroner av Hordaland fylkeskommune til omstilling og utvikling av eit innovasjonssenter som skal skape vekst og nye arbeidsplassar.



10,9 mill. kr vart delte ut i den kulturelle skulesekken for grunnskulelevar i 32 kommunar i Hordaland.



Ein rapport viser at russefeiringa 2018 var positiv og ei klar bebringing frå tidlegare år.



Kronprins Haakons forskingspris for astma og allergi 2018 gjekk til Randi Jacobsen Bertelsen som er forskar ved Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest.



Hordaland fylkeskommune gjev ein million kroner til ny tørrdøkk på Rubbestadneset.



6471 personar røysta på fylkesvåpenet for Vestland fylkeskommune. Vinnar vart forslaget til Jorunn Andreassen (53) med motiv frå kysten av det nye fylket.



Fagskolen i Hordaland opna nytt studium i lokal matkultur på den tidlegare Hjeltnes vidaregåande skule i Ulvik.



Europeisk mobilitetsveke vart markert med hyggeleg overrasking til dei som gjekk, sykla og reiste kollektivt.





Nye Tertnes vidaregåande skule vart opna. Skulen har 737 elevar og 90 tilsette, eit areal på 12 000 kvadratmeter. Utbygginga kosta 210 millionar kroner.



Den første norske sjømannskyrkja feira 150 år i Edinburgh. Jubileet vart markert med deltakarar frå Hordaland og Skottland over tre dagar der det gode venskapet over Nordsjøen vart feira.



Mr. Inntak, Nils Skavhellen, fekk Norges Vel medalje for lang og tru teneste etter nesten 46 år på inntakskontoret. I desse åra har han tildelt 800 000 elevar skuleplass.



320 kandidatar fekk fag- eller sveinebrev i Haakonshallen. Dette er ny rekord. Med føresette møtte 550 personar fram under utdelinga.



Voss vidaregåande skule fekk den internasjonale arkitekturprisen «The International Architecture Awards» for 2018.

Fylkestinget vedtok eit driftsbudsjett for Hordaland fylkeskommune på 8,2 milliardar kroner. Fylkeskommunen skal vere ein pådrivar i arbeidet med å redusere klimagassutslepp.




Alexander Andersen (20 år) frå Sotra fekk Hordaland fylkeskommune sitt stipend for gateaktivitet, for treningsdisiplinen tricking som er ein kombinasjon av kampsport og turn.



Framtidige bilmekanikarar får no opplæring på elbil. Årstad vidaregåande skule fekk den første elbilen til skulebruk i Hordaland.

OKTOBER



Fylkestinget vedtok å jamne fylkeshuset med jorda og byggje nytt fylkeshus med to tårn på i alt 27 000 kvadratmeter, til 941 mill. kr og med plass til 1100 personar.



Den nye Sotra vidaregåande skule skal byggjast på tomt ved Stovevatnet like ved Sartor Senter. Skulen skal erstatta dei noverande skulebygningane på Bildøy og i Sund.

NOVEMBER

Kvalitetsmeldinga for vidaregåande skular viser at fråfallet har gått ned, elevane får betre karakterar, og fleire får lærekontrakt.



Fire jenter i Kvinnherad fekk Trafikksikringsprisen for Hordaland 2018 for kampanjen dei har gjennomført etter mange dødsulukker blant unge menn i kommunen.



Knut Hamre fekk Hordaland fylkeskommune sitt folke-musikkstipend 2018. Prisen er på 50 000 kroner.

6,6 mill. kr vart tildelt 20 ulike prosjekt gjennom kulturelt utviklingsprogram (KUP). Mest får Vestnorsk Filmsenter AS med 1,4 mill. kr til etablering av eit filmveksthus.

DESEMBER

Rapporten «Hordaland i tal» viser at arbeidsløysa i fylket er redusert med 35 prosent, og at vi for første gong har over 50 000 bedrifter.

Fylkestinget vedtok at rusen skal få gratis meningokk-vaksine og løyvde 4,2 mill. kr for alle elevar i offentleg og privat vidaregåande skule i fylket.



Fem lovande idrettsutøvarar fekk utviklingsstipend: Marie Brochmann, Vetle Thorn, Martine Kolbeinshavn Hjørnevik, Une Kvelvane og Gaute Kvåle. Kvart stipend er på 30 000 kroner.

Styring og kontroll av verksemda

Det vert arbeidd målretta og systematisk med oppfølging av drifta gjennom risikovurderingar og andre kontrolltiltak. I 2018 var det særskilt merksemd på tilpassing til den nye personvernforordninga, på operativ risikokartlegging og -styring pluss arbeid mot korrupsjon og etiske problemstillingar i denne samanhengen. Det vart også gjennomført ei omfattande medarbeidarundersøking, der 86 prosent av dei tilsette deltok.

Kontrollutvalet

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet føre tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga. Dette vert gjort gjennom selskapskontrollar og forvaltningsrevisjonar.

Fylkestinget handsama fem forvaltningsrevisjonar etter innstilling frå kontrollutvalet i 2018 og ein selskapskontroll. I tillegg til dette vart det gjennomført oppfølging av ei rekkje forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar i løpet av året. Kontrollutvalet gjennomførte også rullering av både plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll i 2018.

Risikovurdering

Fylkesrådmannen har kontinuerleg merksemd på oppfølging av risikokartlegging og -styring av den operative drifta. Alle avdelingar har kartlagt moglege uønskte hendingar innanfor sine respektive fagområde og identifisert aktuelle tiltak for å redusere risikoen for slike hendingar (ROS-analysar). Desse vurderingane og tiltaka er dokumenterte i det felles kvalitetssystemet. Det vert arbeid med ROS-analysar knytte til arbeidet med å etablere nye Vestland fylkeskommune. Eit nytt kvalitetsstyringssystem er under innkjøp og skal vare operativt frå 1. januar 2020.

Personvern

I juli 2018 vart den nye personvernforordninga sett i verk. Revisjons- og rådgjevingsselskapet KPMG gjennomførte hausten 2017 ein gapanalyse i heile organisasjonen for å kartlegge på kva område fylkeskommunen ikkje har rutinar og prosedyrar som tilfredsstillar det nye regelverket. Analysen vart følgt opp i 2018 gjennom utarbeiding av ein overordna tiltaksplan. Vidare utpeika avdelingane lokale personvernkoordinatorar, som representerer fagavdelingane og koordinerer aktuelle aktivitetar i sine respektive einingar.

Personvernombodet som tok til i mai 2018 er sentral i dette arbeidet. På denne måten sikrar ein at det er tilstrekkeleg med ressursar for å følgje opp det nye regelsettet.

Etikk og habilitet

Dei etiske retningslinene vart gjennomgåtte og reviderte i 2017 og er følgde opp vidare i 2018. I retningslinene er reglane om habilitet og interessekonfliktar særleg understreka. Det er utarbeidd eige e-læringsopplegg som alle tilsette skal gjennomgå og repetere jamleg. I tillegg er det utarbeidd opplegg for å styrkje merksemda på habilitet og antikorrupsjon i sakshandsaminga. Felles etiske retningsliner for nye Vestland fylkeskommune vil verte lagde fram for politisk handsaming og vedtak hausten 2019.

Arbeidsmiljø og HMS

For tredje gong gjennomførte Hordaland fylkeskommune i 2018 ei medarbeidarundersøking blant alle tilsette i fylkeskommunen. Formålet med undersøkinga er å kartleggje sentrale forhold knytte til opplevinga av arbeidsplassen, trivsel, jobbinnhald og leiarskap – like eins å peike på område for utvikling og forbetring. Totalt deltok 3552 tilsette i undersøkinga. Dette gjev ein svarprosent på 86.

Dei overordna resultatane frå medarbeidarundersøkinga er relativt stabile samanlikna med tala frå 2016. Alle hovudområda skårar anten likt eller litt betre enn sist. 85 prosent av dei tilsette er tilfredse med jobben i Hordaland fylkeskommune. Kor tilfreds ein er varierer likevel i relativt stor grad mellom dei ulike avdelingane og einingane. Dette heng mellom anna saman med korleis dei tilsette opplever ulike aspekt ved arbeidssituasjonen. 81 prosent er stolte over å jobbe i Hordaland fylkeskommune og dei tilsette er gode ambassadørar for verksemda. 82 prosent vil tilrå andre å søkje jobb i fylkeskommunen. Kartlegging av uønskt seksuell merksemd eller seksuell trakassering i jobbsamheng var eit nytt spørsmålsområde i undersøkinga i kjølvatnet av «Me too»-kampanjen. Fleire enn 20 tilsette svarte at dei har opplevd slikt uønskt merksemd eller trakassering. Dette er ikkje akseptabelt, og fylkesrådmannen har understreka at det er nulltoleranse for mobbing, trakassering og anna utilbørleg åtferd i Hordaland fylkeskommune. Det har difor vore arbeid aktivt med kva haldningar og framferd ein forventar i fylkeskommunen, og ein skal ha ei tydeleg og konsekvent line ved avvik frå dette. Det er utarbeidd eit eige opplegg

for opplæring, diskusjon og refleksjon knytt til ny rutine for handsaming av mobbing, trakassering og annan utilbørleg åtferd. Dette opplegget vil bli rulla ut i organisasjonen i tida framover.

Dei overordna resultatata frå undersøkinga har vore presenterte for fylkesrådmannen og toppleiargruppa og deretter for hovudarbeidsmiljøutvalet. Dei overordna resultatata er og gjennomgånne i informasjons- og drøftingsmøte med alle dei hovudtillitsvalde og drøfta i administrasjonsutvalet. Resultata frå undersøkinga er òg tema i dei lokale arbeidsmiljøutvala, og dei har vore omtala på intranett, i nyheitsbrev og på avdelingsmøte.

Elles har fylkesrådmannen i 2018 vidareført satsinga på det lokale HMS-arbeidet og arbeidsmiljø-utvala (AMU) på tenestestadene. For å følgje opp dette viktige arbeidet er det tilsett ein eigen rådgivar innan HMS, kvalitet og beredskap i HR-seksjonen.

Kursing i Helse, Miljø og Sikkerheit (HMS) og arbeidsmiljø heldt fram i 2018, med kurs over tre dagar både vår og haust. Til saman 83 leiarar, AMU-medlemmar og verneombod deltok på kursa. Vidare er det gjennomført årlege kartleggingar i form av vernerundar og vernemøte. Kartleggingane vert oppsummerte i lokale HMS-handlingsplanar som er tilgjengelege i det felles kvalitetssystemet.

Eigenkontroll

Årleg eigenkontroll er gjennomført i Hordaland fylkeskommune som del av den lovpålagde internkontrollen. Eigenkontrollen gjev eit samla statusoversyn som grunnlag for oppfølgingsarbeid og forbetringstiltak i organisasjonen. I 2018 er opplegget for eigenkontrollen revidert og det er kome til nye spørsmål mellom anna knytte til antikorrusjon, risikovurdering og beredskap. Eigenkontrollen omfatta i 2018 desse områda:

- HR
- HMS
- Kvalitetsarbeid
- Informasjonstryggleik
- Innkjøp
- Antikorrusjon
- Etikk
- Risikovurdering
- Beredskap

I etterkant av gjennomført eigenkontroll er det utarbeidd rapport og plan for oppfølging av aktuelle tiltak.

Verksemdbasert vurdering

Fylkeskommunen har etter § 13-10 i opplæringslova ansvar for å ha eit forsvarleg system for at krava i lova og forskriftene vert oppfylte. Hordaland fylkeskommune løyser dette gjennom system for verksemdbasert vurdering (VBV), som legg rammer for korleis skulane skal planleggje det pedagogiske utviklingsarbeidet og vurdere resultatata av arbeidet.

Hovudmålet om auka læringsutbytte og fullføring ligg fast. Det vert retta særskild merksemd mot korleis skulane arbeider med å implementere utviklingstiltak og nasjonale læreplanar i fag. I tillegg skal alle skulane ha fokus på å sikre elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø. I 2018 vart det gjennomført skulebesøk på om lag halvparten av dei vidaregåande skulane. Representantar for opplæringsavdelinga møtte her dei lokale skuleleiingane, representantar for lærarane og elevane til ein dialog om skulane sine resultat og lokale mål og tiltaksplanar.

Eksterne tilsyn

Fylkesrådmannen har etablert ein rutine for rapportering av eksterne tilsyn i Hordaland fylkeskommune. Føremålet med rutinen er å ha ei oppdatert oversikt over varsla og gjennomførte tilsyn, uavhengig av fagområde og avdeling. Oversikta skal utarbeidast kvart halvår. For 2018 har det mellom anna vore gjennomført fleire tilsyn knytte til miljøretta helsevern, arbeidsmiljø og branntryggleik. Eventuelle avvik som vert påpeika gjennom desse tilsyna, vert følgde opp med eigne tiltak.

God økonomistyring

Driftsrekneskapen for 2018 vart gjort opp med eit overskot på 20,8 mill. kr. Investeringane var 2,8 mrd. kr.

Driftsrekneskap

Tal i mill. kr

		Reknesk. 2017	Reknesk. 2018	Budsjett 2018
+	Skatt og rammetilskot	6 391,8	6 500,0	6 477,4
+	Andre driftsinntekter	2 512,5	2 898,4	2 367,9
-	Sum driftsutgifter (ekskl. avskr.)	8 014,1	8 494,8	8 078,3
=	Brutto driftsresultat	890,2	903,6	767,0
-	Netto renteutgifter	207,1	193,6	213,1
-	Avdrag	509,0	620,0	620,0
=	Netto driftsresultat	174,1	90,0	- 66,1
-	Avsetjing til disp. fond (netto)	- 38,2	67,7	- 45,2
-	Avsetjing til bundne fond (netto)	- 26,1	- 77,3	- 99,7
-	Driftsmidl. til investeringar	131,3	78,8	78,8
=	Rekneskapsm. meir-/mindreforbr.	107,1	20,8	0,0

Driftsrekneskapen for 2018 vart gjort opp med eit overskot på 20,8 mill. kr. Rekneskapen vitnar om god økonomistyring i heile organisasjonen. Ingen avdelingar hadde store budsjett-overskridingar. Største innsparinga fekk ein på renter.


Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er eit av dei mest sentrale nøkkeltala i kommunale rekneskapar. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekte. «Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og

fylkeskommunal økonomi» har rådd til at netto driftsresultat for fylkeskommunane bør utgjere 4 % av driftsinntektene.

Netto driftsresultat for Hordaland fylkeskommune gjekk ned frå 174 mill. kr (2,0 %) i 2017 til 90 mill. kr (1,0 %) i 2018. Hordaland er med dette den fylkeskommunen som hadde lågast netto driftsresultat i landet.

Netto driftsresultat for fylkeskommunen, i prosent av driftsinntektene




Førebelse tal for landet viser nedgang i netto driftsresultat frå 4,3 % til 3,8 %. Bortsett frå 2013, har Hordaland dei siste 10 åra hatt lågare netto driftsresultat enn gjennomsnittet av fylkeskommunane. Men endringane frå år til år har følgd same mønster som landsgjennomsnittet.

Gjennomsnittet av fylkeskommunane har i 8 av dei 10 siste åra hatt netto driftsresultat over det tilrådde nivået på 4 % av driftsinntektene. Hordaland har berre to av åra vore over dette nivået.

Driftsutgifter

Driftsutgiftene auka med 6 % frå 2017 til 2018. Totale driftsinntekter auka med 5,5 %.

Opplæring og samferdsel er dei to store sektorane med 36,9 % og 40,5 % av fylkeskommunen sine driftsutgifter. Samferdselssektoren gjekk i 2018 forbi opplæringssektoren når ein ser på brutto driftsutgifter. Men opplæring er framleis størst om ein ser på netto driftsutgifter.



Tal i mill. kr

Brutto driftsutgifter	2017	2018	Prosent
Kultur	383,0	468,9	5,5 %
Opplæring	3 167,1	3 141,7	36,9 %
Tannhelse	346,3	351,5	4,1 %
Samferdsel	3 125,8	3 449,1	40,5 %
Regional utvikling	263,6	268,1	3,2 %
Politiske organ og adm.	223,1	282,5	3,3 %
Eigedom	330,5	367,2	4,3 %
Fellesfunksjonar m.m.	174,7	176,8	2,1 %
Sum utgifter	8 014,1	8 505,8	100,0 %

Budsjettavvik

Skatteinntektene for Hordaland fylkeskommune auka med 3,3 % i 2018. Skatt og inntektsutjamning vart 22,6 mill. kr høgare enn budsjettert. På landsbasis var auken i skatt 3,4 % for fylkeskommunane.


Ingen av sektorane hadde store budsjettavvik i 2018. Størst overskriding var det på drift og vedlikehald av fylkesvegane. Men dette vart langt på veg motverka ved innsparingar innan kollektivtrafikken og andre føremål innan samferdsel. Samferdselssektoren hadde ei samla overskriding på 5,9 mill. kr.

Netto renteutgifter hadde ei innsparing på 26,5 mill. kr. For konsesjonskraftinntekter var budsjettet for optimistisk. Her vart det ein svikt på 11,5 mill. kr.

Investeringar

Tal i mill. kr

	Reknesk. 2017	Reknesk. 2018	Budsjett 2018
Kultur og idrett	0,0	0,7	3,0
Opplæring	551,7	580,7	586,6
Tannhelse	13,8	14,7	25,0
Samferdsel	1 750,2	2 190,3	1 944,5
Politiske organ og adm.	20,7	0,0	0,0
Fellesfunksjonar m.m.	21,3	47,3	33,2
Sum inv. i eigedomar og utstyr	2 357,7	2 833,7	2 592,3



Det vart investert for 2 834 mill. kr i 2018. Totalsummen tok seg litt opp att i 2018, etter nedgang dei føregåande åra. Det er først og fremst utgiftene til bybaneutbygging som har hatt store svingingar.

I 2018 vart 2 190 mill. kr brukte til samferdselsføremål og 581 mill. kr innan opplæringssektoren.

Investeringar i vegar utgjorde 1 199 mill. kr og bybaneutbygging 875 mill. kr.

Dei største skuleprosjekta var vidaregåande skule i Åsane med 195 mill. kr og Tertnes vgs. med 79 mill. kr.

Lån var viktigaste finansieringskjelde for investeringane med 991 mill. kr. Bompengar utgjorde 682 mill. kr og statstilskot (til bybaneutbygging, rassikring m.m.) 425 mill. kr.

Disposisjonsfond

Riksrevisjonen har i ein rapport lagt vekt på tre nøkkeltal for å vurdere den økonomiske situasjonen for kommunar og fylkeskommunar. Det er netto gjeldsgrad, netto driftsresultat og disposisjonsfond. KS har også gjort bruk av desse nøkkeltala. Disposisjonsfond er ein økonomisk buffer og gjev uttrykk for økonomisk handlefridom.

Det er vanskeleg å setje noko mål for kor store disposisjonsfond det er fornuftig å ha. Frå fagleg hald har det vore tilrådd at disposisjonsfond bør utgjere 5–10 % av driftsinntektene.

Ved utgangen av 2018 hadde Hordaland fylkeskommune disposisjonsfond på 342 mill. kr, dvs. 3,6 % av driftsinntektene. Året før var disposisjonsfonda 221 mill. kr (2,5 %). Det har dermed vore ein monaleg auke i disposisjonsfonda i 2018. Avsetjing til havbruksfond utgjorde 57 mill. kr. Vidare vart det sett av netto 33 mill. kr innan opplæring og 25 mill. kr til pensjonspremieavviksfond.


Lån, renter og avdrag

Som følge av høge investeringar har fylkeskommunen si lånegjeld auka kraftig gjennom mange år. Men i 2018 har veksten bremsa opp. Kraftig opptrapping av avdraga har medverka til dette. I tillegg er eit par mindre lån til bompengeprojekta Stordalstunnelen og Årsnes ferjekai overtekne av Ferde AS i 2018.


Grafen nedanfor viser utviklinga i renter og avdrag. Tala for renteutgifter er etter frådrag av renteinntekter og rentekompensasjon. Fallande rentenivå har dempa veksten i renteutgiftene. Det er avdraga som har auka mest. I 2018 har ein auka avdraga frå 509 mill. kr til 620 mill. kr. Opptrapping av avdraga er eit av tiltaka for å bremse gjeldsveksten.

Auke i utgiftene til renter og avdrag er ei av dei største økonomiske utfordringane fylkeskommunen står overfor. Når rentenivået tek til å stige, kan det bli nødvendig med kutt i driftsutgiftene.

Lån – utvikling av gjeld i perioden 2010–2018.



Renter (netto) og avdrag på gjeld i åra 2015–2018



Kommune – stat – rapportering – KOSTRA

	Hordaland				Landet u/ Oslo
	2015	2016	2017	2018	2018
Finansielle nøkkeltal i prosent av brutto driftsinntekter					
Netto driftsresultat	2,1	2,9	2,0	1,0	3,8
Avdragsutgifter netto	4,0	5,1	5,7	6,6	3,5
Renteutgifter netto	2,1	2,3	2,3	2,1	0,5
Netto lånegjeld	101,6	109,2	113,4	109,4	75,0
Arbeidskapital ex. premieavvik	9,5	10,7	8,9	6,7	17,2
Disposisjonsfond	2,8	2,3	2,5	3,6	10,8
Finansielle nøkkeltal i kroner pr. innbyggjar					
Brutto driftsutgifter	15 930	16 162	16 732	17 795	17 065
Brutto driftsinntekter	16 099	16 579	17 040	17 918	17 394
Skatt og rammetilskot	11 628	11 978	12 232	12 393	13 033
Netto lånegjeld	16 356	18 096	19 332	19 596	13 051
Fordeling av brutto driftsutgifter (prosent)					
Administrasjon og styring	3,4	3,3	3,2	3,6	4,5
Vidaregåande opplæring	41,4	41,8	40,2	37,8	44,0
Tannhelsetenesta	3,9	4,0	3,8	3,6	4,4
Fys. planl./kulturminne/natur/ nærmiljø	1,9	2,1	2,3	2,2	2,4
Kultur	3,8	3,1	3,4	4,1	4,5
Samferdsel	39,2	39,4	40,2	42,0	31,5
Næring	2,3	1,9	2,2	2,1	2,5

KOMMUNE-STAT-RApportering er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev informasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Statistisk Sentralbyrå offentleggjorde 15. mars ureviderte tal for 2018. Reviderte tal vil verte lagt ut 15. juni.

I tabellen er vist nokre nøkkeltal, der ein ser på utviklinga over fire år. Det er teke med gjennomsnittstal for landet, utanom Oslo, til samanlikning.

Hordaland har lånegjeld som er ein god del høgare enn landsgjennomsnittet. Netto lånegjeld utgjorde ved utgangen av 2018 109,4 % av driftsinntektene. Avdraga har auka kvart år, medan renteutgiftene viser mindre endring. 8,7 % av inntektene går med til å dekke renter og avdrag. Dette er meir enn dobbelt så mykje som gjennomsnittet av fylkeskommunane brukar.

Arbeidskapital er eit mål på likviditeten. Hordaland har hatt god likviditet dei siste åra, sjølv om arbeidskapitalen er lågare enn landsgjennomsnittet.

Reservar i form av disposisjonsfond utgjer 3,6 % av driftsinntektene. Gjennomsnittet for fylkeskommunane er vesentleg høgare med 10,8 %.

Hordaland fylkeskommune ligg litt over landsgjennomsnittet når ein ser på brutto driftsutgifter og brutto driftsinntekter per innbyggjar.

Om ein ser på fordelinga av brutto driftsutgifter mellom ulike sektorar, er det samferdsel som skil seg ut. I Hordaland går ein stadig aukande del av utgiftene til samferdsel. 42 % av brutto driftsutgifter gjekk i 2018 til samferdsel. Gjennomsnittleg brukte fylkeskommunane 31,5 % av driftsutgiftene til samferdselsføremål. For dei andre sektorane ligg Hordaland lågare enn landsgjennomsnittet.

Kultur og idrett	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet u/ Oslo
	2015	2016	2017	2018	2018	2018
Netto driftsutg. til kultursektoren i prosent av samla netto driftsutg.	3,1	2,1	2,5	3,4	2,7	2,8
Netto driftsutg. i alt til kultursektoren per innb. i kr	354	245	294	423	309	363
Netto driftsutg. bibliotek per innb. i kr	16	14	16	17	14	32
Netto driftsutg. museum per innb. i kr	94	94	97	107	94	98
Netto driftsutg. kunstformidling og produksjon per innb. i kr	85	91	96	98	133	134
Netto driftsutg. idrett per innb. i kr	79	- 47	- 18	102	48	30
Netto driftsutg. andre kulturaktivitetar per innb. i kr	82	93	104	98	20	70
Brutto driftsutg. kultursektoren per innb. i kr	609	508	577	734	648	760

Vidaregåande opplæring	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet u/ Oslo
	2015	2016	2017	2018	2018	2018
Brutto investeringsutgifter til utdanning, per innb. i kr	1 332	1 500	1 059	1 105	399	948
Netto driftsutgifter til utdanning per innb. 16-18 år i kr	157 049	158 678	159 318	156 586	167 562	176 049
Prosent netto driftsutgifter til utdanning av samla netto driftsutgifter	50,7	51,4	49,7	46,1	54,8	51,0
Prosent i vidaregåande opplæring som er i opplæring i skule, bustadfylke	81,7	81,0	80,1	80,3	79,5	80,4
Prosent i vidaregåande opplæring som er i fagopplæring, bustadfylke	18,0	17,9	18,9	19,7	20,5	19,6
Prosent elevar og lærlingar som er i studie- førebuande utdanningsprogram, bustadfylke	48,0	49,3	49,4	48,0	47,0	49,1
Prosent elevar og lærlingar som er i yrkes- faglege utdanningsprogram, bustadfylke	52,0	50,7	50,6	52,0	53,0	50,9
Elevar per skule, fylkeskommunale skular (vgo)	356	378	423	442	487	441
Elevar per lærarårsverk	9,3	9,3	9,3	9,4	8,3	8,5
Prosent beståtte fag- og sveinneprøvar	90,9	89,6	90,0	89,8	93,6	93,5
Prosent elevar som har slutta i løpet av året – alle årstrinn	5,3	5,0	5,4	5,4	3,5	4,1
Ungdom 16-18 år, bustadsfylke	19 196	19 543	19 482	19 174	18 123	172 683
Lærlingar, nye siste år, bustadfylke	2 012	2 043	2 163	2 265	2 422	20 500
Elevar ved fylkeskommunale vidaregåande skular, skulefylke	17 732	17 785	17 375	17 483	17 240	165 725
Elevar ved private vidaregåande skular, skulefylke	2 921	2 984	2 942	2 839	1 773	12 152
Lærlingar	4 425	4 424	4 536	4 765	4 789	40 933

Samferdsel	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet u/ Oslo
	2015	2016	2017	2018	2018	2018
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., samferdsel i alt	4 341	4 390	4 649	5 062	3 830	4 399
Prosent nto. dr.utg. for samferdsel i alt av samla nto. dr.utg	37,7	37,8	38,9	40,8	32,9	34,2
Bto. inv.utg. i kr pr. innb., samferdsel i alt	6 671	4 735	3 350	4 180	2 295	2 467
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., fylkesvegvar	1 432	1 348	1 563	1 649	1 453	1 880
Bto. dr.utg. i kr pr. km. fylkesveg	252 075	237 643	275 665	292 032	276 956	195 320
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., bilruter	1 823	1 944	1 950	1 891	1 378	1 606
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., fylkesvegferjer	592	592	546	671	603	502
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., båtruter	259	233	243	281	343	296
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., transport for funksjonshemma	93	92	87	93	51	57
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., sporvegvar og forstadsbaner	142	181	261	477	1	58

Tannhelsetenesta	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Hordaland	Rogaland	Landet u/ Oslo
	2015	2016	2017	2018	2018	2018
Netto driftsutg. tannhelse pr. innb. i kr	428	437	424	445	512	521
Netto driftsutg., tannhelsetenesta, i % av totale netto driftsutg.	3,7	3,8	3,5	3,6	4,4	4,1
Brutto driftsutg., tannhelsetenesta, pr. innb. i kr	614	643	632	645	774	748
Brutto investeringsutgifter, tannhelse, pr. innb. i kr	25	41	26	28	34	29
Prioriterte personar, prosent under off. tilsyn i tannhelsetenesta	94,8	93,9	89,5	106,1	102,0	103,1
Prioriterte personar, prosent undersøkt/behandla	61,8	61,7	52,0	61,7	74,0	67,5
Barn og ungdom 3-18 år, prosent undersøkt/behandla	67,4	67,3	57,9	64,3	78,0	70,5
Ungdom 19-20 år, prosent undersøkt/behandla	40,9	45,1	35,9	40,0	68,2	44,4
Vaksne betalande klientell, prosent undersøkt/behandla	5,4	5,2	2,5	4,3	9,4	5,4
Heile befolkninga, prosent undersøkt/behandla	20,1	19,9	15,5	18,7	26,7	20,7



Foto: Morten Wanvik

Regional utvikling



Regional – måloppnåing 2018

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul ■ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Overordna mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultat 2018/status
1. Regionalavdelinga skal medverke til ei heilskapleg og berekraftig utvikling og ressursforvaltning gjennom handlingsretta planar.	Styrkje samordning av offentleg verksemd i regionsenter.	Samarbeidsprosjekt med tilskot frå HFK, mellom anna til HNH/partnarskap i fire regionsenter .	I 2018 fekk 52 prosjekt tilskot på til saman 11,02 millionar kroner. I tillegg kom HNH-midlar. Samarbeidsprosjekt med tilskot frå HFK mellom anna til HNH/partnarskap i fire regionsenter er i gang.
		Folketalsvekst i seks regionsenter	Vekst i fem regionsenterkommunar (pluss Bergen) (SSB).
	Samarbeide med kommunane om gjennomføring av Regional areal- og transportplan for bergensområdet.	Etablere avtalar om byvekst i kommunane i bergensområdet.	Tre prosjekt saman med kommunane Fjell, Os, Askøy, Lindås og Bergen.
	Kvalifisere for største tilskotssum i den nasjonale satsinga «Program for folkehelse i kommunane»	Kvalifisere for 10 mill. kr og skape gode prosjekt for kommunane.	Mottok største beløp, men totalbeløpet vart redusert til seks millionar kroner årleg.
	Auka bistand til kommunane sitt klimaarbeid gjennom ny tilskotsordning.	Ny tilskotsordning for klimaarbeid i kommunane. Minst to samlingar for kommunane om kommunalt klimaarbeid.	Gjennomført.
	Fordele tilskot til normal- og hurtiglading og etablere to hydrogenfyllestasjonar.	Hordaland skal ha hurtigladestasjonar i alle kommunar i fylket med unntak av Fedje. Minst 11 % av personbilparken skal vere elektrisk pr 31.12.18.	Tilsegn til hurtigladestasjonar i alle kommunar, alle i drift innan sommar 2019. Pr 31.12.18 var andelen elbil 12,5 %.
		1 hurtigladar pr 100 elbil i fylket.	Pr. 10.01.19 var det ein hurtigladar pr. 133 elbilar. 50 nye hurtigladestasjonar skal vere i drift innan sommaren 2019.
	Følgje opp at sektormyndigheter og kommunar utførte tiltaka i det regionale Tiltaksprogrammet for vassregion Hordaland.	Reinare vatn og god økologisk status i vassførekomstande.	300 tiltak i tiltaksprogrammet er gjennomførte eller sette i gang pr. utløpet av 2018. Om lag 40 % av dei 1800 vassførekomstane har god eller svært god økologisk tilstand.
Sikre nok og rett areal til havbruk i kommuneplanar i samsvar med fylkeskommunen sitt ansvar etter akvakulturlova og regionale planar.	Nok og rett areal til havbruk i nye kommuneplanar for sjøareal i samsvar med fylkeskommunen sitt ansvar etter akvakulturlova og regionale planar.	Gjennomført ved innspel til kommunale arealplanar og rettleiing til kommunane. Kontinuerleg prosess.	
2. Regionalavdelinga skal medverke til eit robust og framtidsetta næringsliv.	Styrkje samarbeidet basert på dei nye partnerskapsavtalane med næringsutviklingsaktørane.	Tal aktørar som har sett i gang aktiviteter innan omstilling og entreprenørskap og innovasjon med støtte frå Regionalavdelinga: 50.	Innafor Omstilling er gjeve tilskot til 11 prosjekt og innafor Entreprenørskap og innovasjon 15 prosjekt. Dei fleste prosjekta involverer minst 5 og fleire meir enn 10 aktørar. Eit forsiktig overslag tilseier difor meir enn 100 aktørar totalt.
		Vekst i talet på arbeidsplassar i privat sektor på 2 % samanlikna med 2016.	Vekst i talet sysselsette i privat sektor (og offentlege føretak) frå 2016 til 2017 (SSB): 0,5 %.

Overordna mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultat 2018/status
	Pilotprosjekt for betre koordinering av statlege og regionale verkemiddel i nytt Vestland.		Pilotprosjekt for betre koordinering av statlege og regionale verkemiddel er sette på vent fram til dei formelle strukturane i det nye fylket er på plass.
	Sikre utbygging av kjerne-nett/mørk fiber i Hordaland gjennom ny nasjonal støtteordning.		Det har vore to fellesmøte med lokale, regionale og nasjonale fiberselskap. Fleire prosjekt er identifiserte, men sentrale mynde har førebels ikkje avklart alle spørsmål knytte til EØS-regelverk.
	Øymerke prosjektmidlar til grøn konkurransekraft		Det vart sett av 1,5 mill. kr til særskilt satsing på Grøn konkurransekraft. 6 prosjekt vart prioriterte.
	Omstillingsutvalet vil prioritere å styrkje næringslivet sin grøne/berekraftige konkurransekraft.		I Omstillingsstrategien vart det tatt inn eit strategisk satsingsområde «Tiltak som styrkar leverandøriindustrien i retning av det grøne skiftet skal prioriterast særskilt». 4 av 11 prosjekt fylte vilkåra og fekk mellom 30 % og 50 % støtte.
	Vidareføre Invest in Bergen.	Minst tre nye etableringar i Hordaland i perioden med bistand frå Invest in Bergen.	Kontakt med 19 bedrifter, tre har etablert seg i regionen.
3. Regionalavdelinga skal, internt i HFK og ut mot kommunane i Hordaland, bidra til god kunnskaps- og kompetanseutvikling som over tid skal tene heile Hordalandssamfunnet.	Etablere tre karrieresenter i Hordaland.	480 unike brukarar av rettleiingsteneste. 1100 karrieresamtalar.	Tre karrieresenter er etablerte under paraplyen Karriere Hordaland, som alle er opne for alle innbyggjarane i Hordaland. Dei er lokaliserte i Bergen (fylkeshuset), Leirvik og Knarvik. 682 unike brukarar av rettleiingstenesta. 1303 karrieresamtalar.
	Gjennomføre ein Smart spesialiseringsanalyse.		Høgskulen på Vestlandet har fått innvilga og starta forskingsprosjekt i frå RFF Vestlandet, smart spesialiseringsanalyse er del av prosjektet.
	Planleggje og søkje finansiering for Interreg-prosjektet RIGHT.	Godkjent prosjektsøknad	Søknad sendt og prosjektet fekk finansiering for 3 år.
	Iverksetje MobiForsk i Hordaland.	30 nye bedrifter som satsar på forskingsbasert innovasjon.	Kontakt med vel 130 bedrifter, og det er levert inn 65 prosjektsøknader i samarbeid med vel 50 av bedriftene.
	Etablere eit partnerskap og modell for kompetanseutvikling i Hordaland.	Identifisere bransjar med kompetansegap.	Kompetanseforum Hordaland er etablert. Lokale samarbeidsarenaer og kontaktpunkt i dei viktigaste bransjane oppretta.
	Oppstart kunnskaps-grunnlag for regional plan areal, kultur- og naturressursar.		Planprosessen er sett på vent pga fylkessamanslåinga.

Driftsutgifter regional utvikling

REKNESKAP REGIONAL UTVIKLING (Heile tusen)	Rekn bto 2017	Rekn bto 2018	Avvik netto budsj. 2018
Regional planlegging	11,5	13,4	0,1
Næringsutvikling	183,4	114,4	-0,1
Regionsenter- og lokalsamfunnsutvikling	19,7	20,9	0,4
Rett kompetanse	2,7	11,6	0,2
Folkehelse	8,2	15,2	0,9
Vestlandsrådet	0,5	0,5	0
Internasjonalisering	4,9	6,4	-0,5
Forsking	61,1	63,9	-0,1
Statistikk og analyse	11,1	6,4	-0,5
Klima og miljø	16,3	14,5	-0,3
Naturressursforvaltning	11,1	65,0	0
Leiing og administrasjon	6,8	8,0	-0,2
Sum brutto driftsutgifter	337,3	340,1	-0,1

Brutto driftsutgifter, tal i millionar kroner. Periodiseringar og bruk av / avsetjing til fond er inkludert i tala.

Regionalavdelinga sitt rekneskap er i balanse og i hovudsak i tråd med budsjett. Eit mindreforbruk knytt til folkehelse har samanheng med lågare utgifter budsjetterte til ei folkehelseundersøking, og at ikkje alle kommunar søkte om tilskot frå fylkeskommunen. Avvik i høve budsjett på andre oppgåveområde har samansette forklaringar, slik som vakansar eller eigenfinansiering av mindre prosjekt.

Ei overføring frå det statlege havbruksfondet til Hordaland fylkeskommune på 57,2 millionar kroner vart inntektsført under naturressursforvaltning. Desse midlane er disponerte i

budsjett 2019. Når det gjeld statlege midlar til mellom anna næringsutvikling og forsking, skjer utbetalingar frå fylkeskommunen på bakgrunn av rapportering frå prosjekta som har fått tilsegn, og i 2018 var utgiftene høgare enn inntektene. Kostnadene vart finansierte ved bruk av bunde driftsfond. Karriere Hordaland var overført til regionalavdelinga i oktober 2017, og fekk heilårsverknad først i 2018. Aktivitet med tilhøyrande inntekter knytt til nasjonale og internasjonale prosjekt er årsak til auka brutto utgifter på områda internasjonalisering og folkehelse.

Planlegging

I 2018 har iverksetjing av Regional areal- og transportplan for Bergensområdet hatt høg prioritet gjennom oppfølging av tiltak i handlingsprogrammet, kommunal planlegging og arbeid med byvekstavtalar. Førebuing av ny felles planstrategi for Vestland er sett i gang gjennom etablering av felles kunnskapsgrunnlag.

Regional planstrategi 2016-2020

Arbeidet med gjennomføring av regional planstrategi 2016-2020 vart justert i samband med vedtak av samanslåing av fylka til nye Vestland fylkeskommune.

Formell start av ei rekkje planar vart utsett til nytt fylkesting for Vestland er konstituert. Førebuing av kunnskaps-

grunnlag kunne likevel starte opp. Dette gjeld regional plan for næringsutvikling, regional klima- og energiplan, regional plan for areal-, natur- og kulturressursar og regional plan for kraftutbygging.

Regional plan for vassregionen

Denne planen fylgjer felles statleg framdriftsplan, og i nært samarbeid med Sogn og Fjordane.

Regional plan for Hardangervidda

Revisjon av planen er i gang og eit forslag til plan er venta våren 2019. Framdrifta for regional plan for ny godshamn er uavklart.

Status for gjennomføring av regional planstrategi pr. 31. desember 2017.

Programfase	Planleggingsfase							
Plannamn	Vår 17	Haust 17	Vår 18	Haust 18	Vår 19	Haust 19	Vår 20	Haust 20
Regional plan for næringsutvikling								
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft								
Regional transportplan								
Regional klima- og energiplan								
Regional plan for vassregionen								
Regional plan for areal-, natur- og kulturressursar								
Regional plan for kraftutbygging								
Regional plan for Hardangervidda								
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet								
Regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger								
Regional plan for ny godshamn								

Regional plan for attraktive senter

Planen vert gjennomført. I 2018 har det vore lagt vekt på formidling av metodikk for samlokalisering av helsetenester; kommunale, fylkeskommunale og statlege i regionsenter. Det er utarbeidd ein rapport om statleg politikk for desentralisering og ulike løysingsmodellar i Hordaland. Det er arbeidd vidare med ein mal for handelsanalysar til bruk ved vurdering av ny etableringar. Fleire samtykkesøknader som gjeld føresegner for handel har kravd mykje ressursar.

Gode modellar for kollektivknutepunkt har vore tema formidla gjennom plannettverk. Det er i gang eit arbeid med metodikk for vurdering av sentrumsutstrekning i regionsenter. Det er gjeve tilskot til fleire prosjekt i kommunane som står opp under måla i planen.

Fylkeskommunen er saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune med i eit FoU-prosjekt i regi av KS om fylkeskommunen som planmynde og samfunnsutviklar. Det er gjennomført intervju med administrative og politiske leiarar i dei to fylka.

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

Handlingsprogram til planen for Bergensområdet vert følgt opp gjennom tre prosjekt saman med kommunane Fjell, Os, Askøy, Lindås og Bergen. Prosjekta vert delfinansiert frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

I arbeidet med å styrkje satsinga på syklistar i regionen har ein

- kartlagt sykkelinfrastruktur i regionsentera rundt Bergen
- byrja å kartleggje parkeringsplassar og -vilkår i senterområda som skal gje grunnlag for utarbeiding av felles parkeringspolitikk.
- starta eit forprosjekt for eit regionalt bustadbyggje-program som skal koordinere og sikre balansert bustadbygging i området.

Alle desse prosjekta vil verte følgde opp vidare i 2019.

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Planen er sendt til handsaming i Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter vesentlege innvendingar frå fem kommunar i planområdet.

Samordna handsaming av kommunale arealplanar er krevjande. Det vert lagt vekt på tidlege innspel i oppstartsfasen, dialog i konfliktfylte planar og klåre tilrådingar i saker med regionale interesser.

Plansaker til handsaming i Utval for kultur, idrett og regional utvikling	Tal
Fråsegner til kommuneplanar/kommunedelplanar	6
Reguleringsplanar	8
Reguleringsplanar for store samferdsleprosjekt (Bybanen, E39, E16 – Ny veg og bane til Voss pluss rassikringsprosjekt Tokagjelet, Kvam)	4
Totalt	14

Dei siste fire var reguleringsplanar som var konfliktfulle i høve til regionale interesser der fylkesrådmannen innstilte på motsegn.

Fylkeskommunen styrkte plankompetansen i kommunane gjennom fire nettverkssamlingar:

- jordmassar som ressurs
- planlegging av kollektivknutepunkt
- planlegging i den historiske staden
- planlegging for handel og liv i sentrum

Plankonferansen 2018

Tema var planlegging for berekraft i kystsona. Det vart også gjennomført introduksjonsdag for nye planleggjarar i kommunane og mentorordning i samarbeid med KS. Fylkeskommunen deltek i fleire FoU-prosjekt med sikte på betre planpraksis.



Foto: Stanley Hauge

Strandnellik er ein velkjent plante i kyststrøka i Hordaland.

Næring

	Tal prosjekt/aktører	Bidrag frå fylkeskommunen/ HNH (millionar kroner)	Samla prosjekt- kostnader
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH)	100 prosjekt	42,1	178,9
Omstilling i næringslivet	11 prosjekt	9,3	Meir enn 24
Partnerskapsavtalar, revidert i fylkesbudsjettet for 2018	27 aktører	13,9	

Fylkeskommunen sin finansieringsdel var jamt over 25 prosent av samla prosjektkostnader.

I arbeidet med å leggje til rette for omstilling i næringslivet var det lagt større vekt på langsiktige tiltak. Område som har fått særleg merksemd er omstilling for leverandørindustrien mot andre marknader som fiskeri/oppdrett og offshore vind, og å styrkje konkurranseevna gjennom auka automatisering, digitalisering og industri 4.0-tankegang. Gjennom nye og reviderte partnerskapsavtalar i samband med budsjettet for 2018, har fylkeskommunen styrkt rolla som regional utviklingsaktør.

I Hordaland har rundt 88 % av husstandane tilbod om meir enn 100 Mbit/s nedstraums kapasitet. Fylket låg lenge

omtrent på landsgjennomsnittet når det gjaldt breiband med høg kapasitet. I år er Hordaland inne på topp tre. Hovudårsaka til den fine utviklinga er målretta bruk av offentlege tilskot til kommunar og område med dårleg dekning. I 2018 vart det gjeve 8,3 millionar kroner i tilskot til denne satsinga.

Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022 vart vedteken av fylkestinget i juni 2018. Temaplanen skal bidra til å styrkje lønsemda i landbruket, auke produksjonen av lokale ressursar og betre rekrutteringa til landbruket. I tillegg skal planen bidra til å gjere landbruket i Hordaland berekraftig, attraktivt og nyskapande.

«Travel like the locals» – «Reis som dei lokale» – er eit nytt samarbeidsprosjekt mellom Hordaland, Rogaland, og Sogn



Foto: Mårten Wanvik

Kyr på beite, Halsnøy.

og Fjordane, som skal gjere det enklare for turistar å bruke fylket sitt eige samferdsletilbod til å oppleve regionen. Prosjektet er eit samarbeid mellom fylkeskommunane, kollektivselskapa og destinasjonsselskapa i regionen.

Ordinga Norsk katapult skal bidra på vegen mellom prosjektidé og etablering av produkt i marknaden. Katapultsentera tilbyr spesialiserte testfasilitetar, kompetanse og nettverk. Ambisjonen er å byggje 7-9 nasjonale katapultsenter på område av stor verdi for framtidig industri i Norge. Hordaland fekk i 2018 etablert to slike senter retta mot nye produkt og løysingar for havnæringane. Desse er «Ocean Innovation Norwegian Catapult Centre» i Bergen (budsjett ca. 86 mill. kr) og «Sustainable Maritime Norwegian Catapult Centre» på Stord (budsjett ca. 81 mill. kr). Hordaland fylkeskommune har gjennom handlingsprogrammet for næringsutvikling (HNH) støtta dei nye katapultsentera økonomisk, og har vore støttespelar i søknadsprosessen.

Invest in Bergen jobbar for å få fleire investeringar og bedriftsetableringar i bergensregionen. Samarbeidet er finansiert av 22 kommunar og Hordaland fylkeskommune. Ei av bedriftene som etablerte seg i 2018 er Corvus Energy som lagar batteripakkar til skip. Gjennom samarbeidet med Hordaland fylkeskommune og BKK vert det også jobba med å få etablert datasenter i regionen. Invest in Bergen var vertskap for 33 delegasjonar i 2018, m.a. frå Kina.

I 2018 øyremerkte fylkesutvalet 1,5 millionar kroner som tilskot til integrering. Dette er ei ny satsing, og midlane er brukte til kartlegging og utvikling av bransjepakker for innvandrarak motivert for arbeid, og ny introduksjonsordning tilpassa kvinnelege innvandrarak utan særleg erfaring frå arbeidslivet. I tillegg er det ytt støtte til Give a Job, som arrangerte eit heildagsarrangement med formål om rekruttering, nettverksbygging og integrering mellom arbeidsliv, friviljug arbeid og innvandrarak.



Invest in Bergen tok imot 28 delegasjonar frå Kina i løpet av 2018. Her er delegasjonen frå Shanxi-provinsen, saman med tilsette i Hordaland fylkeskommune og Invest in Bergen.

Regionsenter- og lokalsamfunnsutvikling

Hordaland fylkeskommune satsar med auka merksemd på at regionsentera i fylket skal prioriterast med ressursar og prosjekt, og slik kunne bidra til ønskt utvikling i regionen dei er senter for. HFK har starta opp og koordinerer eit internasjonalt Erasmus+ prosjekt der fokus er å stimulere til berekraftig urban utvikling i regionsenter. Målet er trekkje dei vidaregåande skulane aktivt med i utviklinga av dei regionale sentera og å tilby opplæring retta mot deira behov. Fjell og Lindås kommunar er partnerar i prosjektet.

I 2018 vart det rekruttert 7 nye LivOGLyst-prosjekt og fordelt 850 000 kroner breitt geografisk til lokalsamfunn i fylket. Med tildelinga frå 2018 har totalt 65 prosjekt i 31 kommunar vore gjennom LivOGLyst-programmet. Prosjekta har fått brei fagleg støtte frå partnerskapen Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune. Når de gjeld lokalsamfunn er det gjeve tilskot til folkepark i Strandvik. Nye prosjekt i regionsenter er moglegheitsstudie for Vossevangen, utvikling av Lindeplassen i Odda og handelsanalyse for Stord. Det har også vore oppfølging av prosjekt i KMD sitt BYR-program, der det eine omfattar Fjell, Lindås, Os og Meland og det andre Stord, Etne, Fitjar, Tysnes, Austevoll, Kvinnherad, Sveio og Bømlo. Innan reiselivsutvikling har fylkeskommunen bidrege med fagleg og økonomisk støtte til Hardanger og Sunnhordaland.

Regionsenterringen der alle avdelingar i fylkeskommunen er representert, hadde 8 møte med Askøy kommune på Kleppstø og med Lindås kommune i Knarvik. Det er arrangert eitt møte i Forum for regionsenterkommunar med tema helsetenester i regionsenter i Hordaland.



LivOGLyst-konferansen på Hellesøy i Øygarden

Sum løyving over budsjett	Tal prosjekt	Løyvd (mill. kr)
Partnerskap for kommune- og tettstadplanlegging	5*	0,65
LivOGLyst-programmet	7	0,85
Prosjekt i regionsenter	3	0,70
Bergensregionen, regionsenter og lokalsamfunnsutvikling (HNN)	8	3,60
Hurtiglading i regionsenter, tildelingar i 2018 som kom	9	2,7
Klima/miljøprosjekt til regionsenter	14	1,6
Partnerskap for kommune- og tettstadplanlegging	5	0,65
Erasmus+ Berekraftig urban utvikling i regionsenter	1	0,27
HNN-midlar til tiltak i regionsenter kjem i tillegg til midlane i tabellen over. *Av desse er 4 prosjekt i regionsenter (0,5 mill. kr).		

Rett kompetanse

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft skal sikre balanse mellom tilbud og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i fylket. Arbeidet skal utførast i eit forpliktande samarbeid med relevante aktørar.

Kompetanseforum Hordaland vart oppretta av HFK i 2018 for å styre det kompetanse-politiske arbeidet i regionen. I forumet sit mellom anna leiarane ved dei største utdanningsinstitusjonane i fylket, partane i arbeidslivet, NAV og KS. Kompetanseforum Hordaland har utarbeidd rutinar for å samordne arbeidet med å dimensjonere utdanningstilboda i fylket. Eit arbeid for å avdekke barrierar for etablering av etter- og vidareutdanningstilbod som er relevante for arbeidslivet er også sett i gang. I tillegg til Kompetanseforum Hordaland har vi etablert samarbeidsarenaer for kompetansearbeid i regionane i fylket og oppretta kontaktpunkt i viktige bransjar og næringar.

Eit prosjekt for å kartleggje kompetansebehovet i næringslivet i Nordhordland er i gang. Det er finansiert over Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH).

Fylkestinget vedtok hausten 2017 å etablere to samarbeidsprosjekt skule – næringsliv i Sunnhordland og i Nordhordland. Prosjekta er oppfølging av skulebruksplanen.

I Sunnhordland har ein starta med å kartlegge eksisterande samhandling mellom skule og arbeidsliv. I Nordhordland har skulane i samarbeid med bedriftene vedteke opplæringsmodellar baserte på at elevar har periodevis opplæring på skulen og i bedrift.

Kompetanseplanen har òg mål om at innbyggjarane i Hordaland skal ha tilstrekkeleg tilgang til profesjonell, offentlig og gratis karriererettleing. Karriere Hordaland sine tre karrieresenter tilbyr gratis karriererettleingstenester for alle vaksne over 19 år.

Folkehelse

Folkehelsearbeid handlar om samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar helse og trivsel i befolkninga. I 2018 er arbeidet med kunnskapsbygging og erfaringsdeling gjennom nettverksamlingar og møteplassar for kommunane prioritert. Prosjektet UU i vest 2025



Folkehelsevingen i Hordaland fylkeskommune har, i samarbeid med Hyssingen produksjonsskule, laga ein film som viser alle fylkeskommunale sektorar sitt viktige bidrag i folkehelsearbeidet. Gjennom den jobben vi gjer kvar dag, legg vi til rette for å skape god helse der folk lever, lærer, elsker og bur. Det er folkehelsearbeid og Hordaland fylkeskommune har ei sentral rolle i dette arbeidet.

vart starta for å leggje rammer for langsiktig arbeid innanfor universell utforming i Hordaland. Som del av prosjektet vart det bygd opp eit kompetanseprogram retta mot kommunane og internt i fylkeskommunen.

Hordaland er teke opp i den nasjonale tilskotsordninga program for folkehelsearbeid i kommunane med 36 millionar kroner i tilskotsmidlar over seks år. Målsetjinga er tiltaksutvikling for barn og unge innanfor psykisk helse og rusførebyggjande arbeid. Førebels er seks tiltaksprosjekt frå kommunane inkluderte i programmet, med til saman 14 kommunar. Hordaland har i samband med satsinga etablert regionalt samarbeidsorgan sett saman med representantar frå FoU-miljø, kommunane, statlege aktørar, frivillig sektor og Hordaland fylkeskommune. Rapporten «Korleis har ungdommen i Hordaland det?», basert på tal frå Ungdata vart utarbeidd som kunnskapsgrunnlag for kommunane i søkeprosessen inn i tilskotsordninga.

I samarbeid med Folkehelseinstituttet gjennomførte vi Folkehelseundersøkinga i Hordaland, retta mot den vaksne befolkninga. 28 474 personar svarta (41,2 % svar). Resultata vart nytta i kunnskapsgrunnlaget til folkehelseoversikt og planstrategi «Vestland. Statistikk og utviklingstrekk».

Vestlandsrådet

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsråd (etter §27 i kommunelova) mellom fylkeskommunane Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. I 2018 starta diskusjonen om korleis Vestlandsrådet skal sjå ut etter regionreforma.

I 2018 vart det ferdigstilt ein handlingsplan for den felles cruisestrategien for Vestlandet. I handlingsplanen er det løfta fram ei rekkje tiltak, særleg innafor tema klima og miljø, og verdiskaping. Vestlandsrådet har bedt om at arbeidet med å gjennomføre tiltaka tek til og ein ekstern prosjektlei er engasjert for arbeidet som tek til i januar 2019.

Andre viktige saker rådet handsama i 2018 var prosjekt for tiltak mot marin forsøpling, hydrogensatsing i dei fire fylka, internasjonale relasjonar, fast sekretariatsfunksjon for Nord-

sjøkommissjonen, scenarioprojekt for turisme på Vestlandet, og ei rekkje saker knytte til samfunnsutvikling i dei fire fylka.

Forsking

Regional forskingsstrategi for Hordaland er retta mot å auke forskingsinnsatsen i privat og offentleg sektor. Dette skjer gjennom å samarbeide med andre aktørar i eige fylke, regionalt og nasjonalt.

Regionalt forskingsfond Vestlandet, som dekkjer fylka Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane, har som hovudoppgåve å lyse ut midlar til større og mindre forskingsprosjekt som kan bidra til innovasjon og verdiskaping i bedrifter og kommunar. 18 bedrifter og kommunar i Hordaland nådde opp i konkurransen og fekk tildelt midlar i 2018.

Prosjekt	Tal tilsegn	Millionar kroner
Større prosjekt	8	23,00
Mindre og kvalifiserande prosjekt	24	10,17
Totalt	36	33,17
Av desse prosjektansvarleg i Hordaland	18	21,89

Bedriftsprojekta frå Hordaland som fekk midlar var innan sentrale vestlandsnæringar som marin, maritim og energi, bioøkonomi, og matproduksjon. Prosjekta innan innovasjon i kommunal sektor spenner vidt frå kartlegging og handtering av plast i strandsoner og bymiljø, til ny introduksjonsordning for flyktningar, og samfunnssikkerheit og beredskap. Mobilisering av nye bedrifter og kommunar til forskning, og auka bruk av brukarretta ordningar for forskingsfinansiering er prioriterte område. Med midlar frå Forskingrådet og fylkeskommunen hadde prosjektet MobiFORSK høg aktivitet og gav hjelp til bedrifter som ikkje tidlegare har nytta slike ordningar.



Foto: Stanley Hauge

Flatøy med bruer til Bergen, Meland og Lindås er eit nav i den store arbeidspendlinga mellom Bergen og Nordhordland. Fylkeskommunen gjennomførte i 2018 ei pendlarundersøking for den nye Alver kommune.

Kapasitetsløft for berekraftig og innovativ sjømatproduksjon (KABIS) starta i 2018. Satsinga, leia av forskingsinstituttet NORCE AS, samarbeider med andre forskings- og utdanningsinstitusjonar for å utvikle kunnskap og miljøvennleg teknologi for sjømatnæringa. KABIS har eit totalbudsjett på 55 millionar kroner over seks år, og Hordaland fylkeskommune bidreg med 900 000 kroner årleg over Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.

Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) er ei nasjonal ordning som skal styrkje innovasjonsevna i næringslivet og fremje forskning med internasjonalt anerkjent kvalitet. Det er eit mål for fylkeskommunen å få etablert fleire SFI-senter i Hordaland, og for å støtte nye initiativ vart det opna for økonomisk støtte til planleggings- og søknadsprosessen. Ni initiativ søkte og fekk støtte. Faglege tema femnar breitt: mellom anna havteknologi, fisk, klima og helse. Bergen Teknologioverføring (BTO) er samarbeidspart i fleire av initiativa, og regionalt FoU-forum vil følgje opp heilt fram til søknadane er ferdige. SFI-sentra kan vare inntil åtte år og få 12 millionar kroner i årleg støtte frå Norges Forskningsråd.

I 2018 vart samarbeidet med Noregs forskingsråd om informasjons- og kursverksemda retta mot bedrifter, offentleg

sektor og forskingsinstitusjonar i Hordaland, intensivert. Tiltak for å skape arenaer for å diskutere forskingsbehov og samarbeid med forskarar i kommunal sektor vart vektlagt. Til saman deltok over 100 personar på kurs i utvikling av forskingsstøtta innovasjonsprosjekt og søknadsskriving.

Statistikk og analyse

For å fylle rolla som samfunnsutviklar jobbar fylkeskommunen for å byggje kunnskap om utviklinga i hordalands-samfunnet. I 2018 vart det publisert 15 analyserapportar innan eit breitt spekter av tema, på både interne og eksterne oppdrag.

Fylkesprognosane fekk stor merksemd i år grunna lågare forventa vekst i folketalet. Rapporten viste at innvandring ikkje lenger vil kompensere for heile fråflyttinga, slik den har gjort i mange år no.

Fylkeskommunen har gjennomført fleire analyser for kommunar i fylket. Dette har bidrege til å styrkje kommunane sitt kunnskapsgrunnlag. Samstundes har fylkeskommunen bygd opp god kunnskap om viktige tema i kommunane våre.

Eit døme på dette er pendlarundersøkinga for nye Alver kommune. Rapporten gav verdifull kunnskap om kva næringer Alver må satse på om dei ynskjer å byggje ein arbeidsmarknad som er relevant for dei busette i kommunen. Kunnskapsgrunnlaget til ny regional planstrategi og folkehelseoversikt for Vestland, vart det første prosjektet på tvers av analysemiljøa i Hordaland og Sogn og Fjordane. Resultatet vart ein omfattande rapport som gjev eit godt grunnlag for mange spennande diskusjonar framover.

Internasjonalt samarbeid

Internasjonalt samarbeid skal vere ein integrert del av Hordaland fylkeskommune sin innsats for å utvikle hordalandssamfunnet. EU-program, nettverksorganisasjonar og samarbeidsregionar er viktige verktøy.

Innan EU sitt opplæringsprogram Erasmus+ har vi satsa spesielt på å mobilisere regionråd, kommunar, bransjeorganisasjonar og fylkeskommunale einingar til å utvikle tverrsektorielle samarbeidsprosjekt. Viktige tema har vore næringsutvikling og inkludering. Gjennom Erasmus+: Aktiv Ungdom, sende Hordaland fylkeskommune ut 27 ungdommar i 2018 til ulike frivillige prosjekt i Europa. Dette er eit kompetansebyggjande tiltak for ungdom som ikkje er i opplæring eller arbeid. På begge desse områda ligg Hordaland på topp av fylka i tildelte EU-midlar. Hordaland fylkeskommune har òg fått midlar til eit strategisk partnerskapsprosjekt «Clue2Inclusion», som skal utvikle modellar for førebygging av fråfall i yrkesopplæringa.

Tildelingar gjennom Erasmus+

	Tal mobilitetar (personar)	Beløp i kroner
Erasmus+ for tilsette	81	958.000
Aktiv Ungdom	27	676.000
Totalt	108	1.634.000

Fylkeskommunen er koordinator i eit nytt strategisk partnerskapsprosjekt som heiter «Youth in action for a creative and sustainable gastronomy». Prosjektet skal bidra til å auke talet på ungdom som vel å utdanne seg og jobbe innan verdikjeda for mat. Bergen deltek i prosjektet saman med fleire andre medlemmar i UNESCO sitt nettverk for kreative byar. Fylkeskommunen bidreg til dette.

I 2018 fekk Hordaland fylkeskommune EU-midlar til eit stort samarbeidsprosjekt innanfor Interreg Nordsjøprogrammet. Prosjektet RIGHT (Right Skills for the Right Future) handlar om målretta kompetanseutvikling for å auke innovasjonskapasiteten innan dei blå næringane og energinæringane. Det vart arrangert ei kick off-samling i Bergen hausten 2018 for alle dei ti partnerane i prosjektet.

EU-prosjektet ASCENT handlar om den negative effekten masseturisme i fjellet kan ha på sårbar natur, og korleis ein kan motverke dette. Hordaland har Trolltunga som tilfelle i prosjektet. I løpet av 2018 er det gjennomført omfattande tiltak for stibygging i Skjeggedal og på stien til Trolltunga. Det er tett samarbeid med Odda kommune og Trolltunga AS i prosjektet.

Hordaland fylkeskommune vart i 2018 medlem i Earlall, eit europeisk nettverk av regionar og kommunar for regional kompetanse og livslang læring. Dette nettverket gjev tilgang til gode prosjektpartnerar i Europa og viktig informasjon om EU sin kompetansepolitikk.

Hordaland fylkeskommune har underskrive ein avtale med EU-kommisjonen om å delta i eit regionalt partnerskap «Advanced materials for batteries» under EU si smart spesialiseringsplattform «Industrial modernisation». Målet er å etablere ein konkurransedyktig, innovativ og berekraftig verdikjede i Europa med battericeller som rygggrad.

Marin forsøpling, hydrogen og Brexit har vore høgt oppe på agendaen i arbeidsgruppemøta i Nordsjøkommisjonen der fylkeskommunen har delteke. Samarbeidet med Orknøyane vart styrkt i 2018 med gjensidige delegasjonsbesøk, og ny satsing på næringsutvikling og opplæring.



Ein fyllestasjon for hydrogenbilar vart opna i Åsane på Uno-X like ved Gullgruven i februar 2018. Dette er den første på Vestlandet og den andre i Noreg.

Klima og miljø

Miljø- og klimafeltet har hatt høg politisk prioritet over fleire år. Hordaland og Oslo var i 2018 einaste fylkeskommunane som løfta oppgåva gjennom å ha klimabudsjett i fylkesbudsjettet.

I 2018 var Hordaland fylkeskommune medarrangør av Klimathon, eit nasjonalt arbeidsseminar om korleis vi kan møte utfordringane knytte til endra klima og naturforhold. Hordaland fylkeskommune har inngått samarbeidsavtale med det nyleg etablerte nasjonale klimatilpassingssenteret NORADAPT, og sit i den nasjonale referansegruppa. NORADAPT skal mellom anna kartleggje kunnskapsbehov for Vestland fylke i klimatilpassingsarbeidet.

Søknader om vasskraftverk har hatt ein nedgang, med fire saker til handsaming. Nye typar saker til handsaming var revisjon av eksisterande konsesjonar, løysing for karbonfangst, utanlandskablar for straum og nasjonal ramme for vindkraft på land.

Fylkeskommunen gav tilskot til sju hydrogendrosjar i bergensområdet. Hordaland jobbar saman med Sogn og Fjordane og Trøndelag fylkeskommunar, og Bergen og Florø hamner, med kunnskapsgrunnlaget for nullutsleppshurtigbåt, og konsekvensane det får for infrastruktur i hamnene.

Hordaland har den høgaste delen elbilar i bilparken av fylka i Noreg og er med det heilt i front i omstillinga til nullutslepp i personbiltransporten. Dette har samanheng med godt etablert infrastruktur med mange lade plassar og god kapasitet på kvar plass. Hordaland er fylket med høgast tal hurtiglade stasjonar og det vart gjeve tilsegn til bygging av 42 nye hurtiglade stasjonar pluss åtte hurtigladarar for drosjar.

Målsetjinga i temaplan for innfasing av nullutslepp og lågutsleppsteknologi for buss er at bussane i Bergen vert fossilfrie innan 2020 og i resten av Hordaland innan 2025. Bussambanda var i tråd med desse ambisjonane. Ferjesambanda i Hordaland skal få ein samla utsleppsreduksjon på 90 % innan 2022 gjennom at dei får elektrisk batteridrift. Dei første av den nye generasjonen miljøferjer er i drift på ferjesambanda til Austevoll.

Hordaland fylkeskommune deltek i satsinga på å få etablert biogassanlegg i fylket, og støtta forprosjekt knytt til biogassanlegg på Voss.

Mette Nygård Havre og Kristine Ullaland fekk Hordaland fylkeskommune sin miljøpris for arbeidet sitt mot matsvinn og unødvendig ressursbruk. Fylkeskommunen løyvde 1,5 millionar kroner til ulike kommunale klimatiltak.

Naturressursforvaltning

Ny regional vassforvaltingsplan 2022-2027 for det nye fylket Vestland er under utarbeiding.

Det er gjeve ein million kroner frå HFK til Bergen og Om-land Friluftsråd (BOF) til å organisere opprydding av marin forsøpling i Hordaland. Ca. 1700 elevar og lærarar ved vidaregåande skular i Hordaland har fått foredrag om marin forsøpling i eit samarbeid med Hordaland jeger og fiskerforbund, BOF og NORCE.

Fylkeskommunen si sakshandsaming etter akvakulturlova gjeld tildeling av nye og eksisterande løyve, og all klarering av lokalitetar. 102 av 119 søknader gjaldt opprett av laks og aure i sjøvatn.

Hordaland fylkeskommune fekk i 2018 utbetalt 57,2 millio- nar kroner frå Havbruksfondet. Stortinget har bestemt at 80 prosent av vederlaget frå framtidige kapasitetsløyvingar til lakse- og aureoppdrett skal gå til kommunane og fylkeskom- munane, fordelt gjennom eit havbruksfond.



Foto: Morten Wamvik

Strandrydding, Kvam kommune.

Styringsdokument – regionale planar og temaplanar

Planansvar regionalavdelinga	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regionale planar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regional plan for attraktive senter	2014	FUV	
Regional plan for folkehelse	2014	OPHE	
Regional klima og energiplan 2014–2030	2014	FUV	
Regional plan for Nordfjella 2014–2025	2014	KIRU	
Regional næringsplan 2013–2017	2013	FUV	
Regional plan for Setesdal Vesthei(Heiplanen)	2012	KIRU	
Regional plan for Hardangervidda	2011	FUV	2018
Regional plan for vassregion Hordaland	2015	FUV	2020
Fylkesplan for Hordaland – arealpolitiske retningslinjer	2005	FUV	
Fylkesdelplan for små kraftverk (kraftutbygging)	2009	FUV	
Regional plan for areal og transport på Haugalandet	2016	FUV	
Regional plan for areal og transport i bergensområdet	2017	FUV	
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger	2017	FUV	
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2017	OPHE	
Temaplanar			
Internasjonal strategi 2013–2016	2013	FUV	
North Sea Region-strategy	2011	FUV	
Næringsshagar i Hordaland	2011	FUV	2020
Regional forskingsstrategi	2014	FUV	2019
Regionalt forskingsfond – bestilling	2014	FUV	2019
Temaplan for landbruket i Hordaland	2018	FUV	
Strategi – rekruttering til landbruk	2015	FUV	2017



Foto: Morten Wanvik

Folkehelse



Folkehelse i fylkeskommunen


Folkehelse er eit systematisk, tverrfagleg og langsiktig arbeid. I Hordaland vert det arbeid med dette på fleire nivå. Folkehelsevingen gjev eit tverrfagleg løft for folkehelse på tvers av avdelingane. Både løpande oversikt og handlingsprogram for Regional plan for folkehelse vert forankra i avdelingane. Fylkeskommunen har gjennom Program for folkehelsearbeid teke initiativ til å etablere eit formalisert samarbeid med forskingsmiljø og andre aktørar for å støtte kommunane i deira folkehelsearbeid.

Døme på fylkeskommunen sin innsats innan folkehelse i 2018:

- Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018. Gjennom undersøkinga får vi fram kunnskap om innbyggjarane som vi ikkje finn i statistikken. Dette er viktig og utfyllande informasjon til mellom anna folkehelseprofilane som Folkehelseinstituttet står for nasjonalt. Våren 2018 gjennomførte vi Folkehelseundersøkinga i Hordaland med 28 474 unike svar. I mars 2019 vert den same undersøkinga gjennomført i Sogn og Fjordane. Ambisjonen er at resultatane skal verte brukte i både forskning og planarbeid. Funn er allereie i bruk i arbeidet med folkehelseoversikt og med utfordringsnotatet til regional planstrategi for Vestland.
- Psykisk helse er i fokus gjennom deltaking i Program for folkehelse. Her set fylkeskommunen retninga gjennom innsats innan fleire fagområde. I 2018 hadde biblioteka i Hordaland ein serie arrangement med fokus på psykisk helse. AUD-rapporten «Korleis har ungdommane i Hordaland det?» vart utarbeidd som støtte for kommunane, men denne har vist seg relevant for fleire av fylkeskommunen sine innsatsområde og er vorten nytta i ulike forum.
- Sidan alle barn og unge regelmessig vert kalla inn til den fylkeskommunale tannhelsetenesta, har vi ein unik sjanse til å kunne oppdage omsorgssvikt eller mishandling av barn. Det er eit ansvar fylkeskommunen tek på alvor. I 2018 melde tannhelsepersonell i Hordaland inn 82 bekymringsmeldingar til barnevernet, 60 fleire enn i 2011. Auken vert mellom anna vurdert til å henge saman med betre rutinar.
- Fylkestinget gav i desember 2018 tilskot på 4,2 mill. kr til gratis meningokokkvaksine til alle elevar i vidaregåande skule.
- Gjennom elektrifisering av ferjer, ei større satsing på gang- og sykkelveggar og fleire trafikksikre kommunar trekkjer innsats frå fleire avdelingar og fagområde i felles retning av meir miljøvenlege, trygge og aktivitetsbaserte transportmetodar i fylket.

- Den nasjonale Folkehelsekonferansen vart i 2018 arrangert i Bergen. Den sette teknologi og sosiale media på agendaen.
- Idrettscampus Bergen er eit anna døme på tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid der folkehelse er eit tema som har blitt styrka i 2018.

Fleire døme er å finne i kvar avdeling sine kapitler i denne årsmeldinga.



Når det gjeld status på folkehelsa i Hordaland, skil vi oss ut både i positiv og negativ retning, viser Folkehelseinstituttet sin årlege nasjonale folkehelseprofil for 2018. I positiv ende av skalaen ligg vi særskilt betre enn landet når det gjeld del av befolkninga med vidaregåande eller høgare utdanning og på tal skadar blant dei yngste aldersgruppene. For enkelte typar av kreft viser folkehelseprofilen at vi skil oss særskilt negativt ut.



Miljørekneskap



Miljørekneskap 2018

Det totale klimautsleppet til Hordaland fylkeskommune var tilnærma uendra med 129 189 tonn CO₂-ekvivalentar i 2018.

Hordaland fylkeskommune følgjer opp handlingsprogrammet for intern miljøstyring og er miljøsertifisert etter Miljøfyrtårn-ordninga og Grønt Flagg. Miljørekneskap for alle einingane for 2018 er publiserte på nettsidene til Hordaland fylkeskommune.

Det totale utsleppet til Hordaland fylkeskommune i 2018 var tilnærma uendra frå 2017. Tala inkluderer rapporterte forbrukstal frå Skyss, men ikkje Bybanen AS. Det er inngått kontraktar med start i 2019 og 2020 som vil kutte klimagassutsleppa monaleg. Transporttenester frå Skyss står for størstedelen av klimagassutsleppa. Ferjene står for 44 prosent, bussar for 37 prosent og snøgg- og lokalbåtar for 18 prosent. Utsleppa frå eiga verksemd står for 1 prosent av


det totale CO₂-utsleppet. Dette inkluderer køyring med tenestebil, køyring med eigen bil i teneste, flyreiser, fjernvarme og fossilt brensel i bygningar.

Utslepp frå kollektivtrafikken

Sal av bensin og diesel er ein god indikator på utsleppa frå vegtrafikken. I 2018 vart det seld 3 % mindre bensin og diesel enn året før. Utsleppa frå vegtrafikken var totalt 805 000 tonn CO₂-ekvivalentar.


Den største kjelda var lette køyretøy som stod for 74 % av utsleppa. Om lag 6 % av utsleppa kom frå bussar i oppdrag frå Skyss. Utsleppa frå buss gjekk ned med 2,5 % i høve til 2017.

Klimagassutslepp frå Hordaland fylkeskommune 2018



Totale utslepp Hordaland fylkeskommune 2018: 129 189 tonn CO₂-ekvivalentar.

Estimerte klimagassutslepp frå vegtrafikken i Hordaland for 2018



Totale utslepp frå vegtrafikken 2018: 805 000 tonn CO₂-ekvivalentar.

Nøkkeltal miljørekneskap 2018

Reising i teneste

HFK Elbilar

- I 2018 hadde Hordaland fylkeskommune 48 elbilar som erstattar fossile tenestebilar. Ein auke på 9 bilar frå året før.
- Elbildelen til HFK har gått opp frå 16,0 % i 2017, til 18,5 % i 2018.
- Det er køyrt 210 000 km med HFK sine elbilar. Dei to nye hydrogenbilane har køyrt 18 421 av dei kilometerane.
- Totalt har fylkeskommunen sine elbilar redusert klimagassutsleppet med 32,2 tonn i 2018.

HFK fossilbilar og tenestereiser (km-godtgjersle)

- Bruk av privat elbil i tenesta gjekk opp ca. 28 000 km, tilsvarande 51 %.
- Bruk av privat fossildriven bil i tenesta gjekk opp ca. 150 000 km, tilsvarande 9 %.
- Administrasjonen står for heile auken i køyrde km. Skulane har ei nedgang på 2 %.
- Forbruket diesel til eigne bilar gjekk opp med 1 % til 157 933 liter i 2018.
- Forbruket bensin gjekk opp 4 % til 8 764 liter i 2018.
- Det samla utsleppet frå eigne køyretøy og kilometer-godtgjersle gjekk opp 4,8 % frå 2017 til 2018, tilsvarande 37 tonn CO₂.


Flyreiser

- Frå 2017 til 2018 har fylkeskommunen flydd 23 % meir. Klimagassutsleppet frå denne aktiviteten er på 752 tonn CO₂.
- Innanlandske flyreiser auka med 12 % og står for 74 % av talet på flyreiser. Dei utgjer 38 % av reiselengda som vert flydd og 42 % av klimagassutsleppet (318 tonn). Europeiske destinasjonar var målet for 17 % av Hordaland fylkeskommune sine flyreiser i 2018.

Digitale møte

- Talet på skypesamtalar har auka med kring 40 % i 2018 samanlikna med 2017. Snittida på ein samtale er dobla på same tid. Det er i løpet av 2018 installert videoutstyr på dei fleste avdelingar og einingar, og det er gjort tekniske oppgraderingar for å betre bruksområde og gjere utstyret lettare tilgjengeleg. Det har også vore ei tilnærma dobling i bruk av videorom til møte, og det kan stadfestast at dette for ein stor del er samtalar mellom Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar.
- Bruken av videomøte (her er ikkje skype medrekna), er sterkt aukande i dei delane av organisasjonen det vert brukt.
- Bruken er nesten dobla i OT/PPT, og det er ein vekst på 173 % i fylkeshuset. Mykje av auken er knytt til fylkes-samanslåinga.

Utvikling i tal gjennomførte videomøte frå 2017 til 2018



Energibruk i fylkeskommunale bygg

Det er ei svært gledeleg utvikling i total energibruk for fleire vidaregåande skular:

- Knarvik vgs. har redusert med 34 % ved optimalisering av drifta.
- Stend vgs. har redusert med 20,8 %.
- Voss gymnas har redusert med 31,1 % etter at byggjeperioden er over og drifta er stabilisert.
- Voss vgs. reduserte energibruken med 13,5 % siste året og er no bra tilpassa i det nye bygget.
- Årstad vgs. har rehabilitert bygg A og har kutta energibruken med 12,6 % frå 2017 til 2018.

Fire vidaregåande skular har redusert bruk av oljefyring frå 2017 til 2018. Tre skular har slutta med oljefyring, men fylkeskommunen har framleis ei utfordring med oljefyr i sju vidaregåande skular. Stord vidaregåande og Fagskolen i Hordaland har stort forbruk også i 2018.

Miljøsertifisering

- Totalt er 42 HFK-einingar sertifiserte som Miljøfyrtårn. Dette inkluderer 21 av 36 skular, 21 tannklinikkområde, Skyss, Bybanen utbygging og fylkeshuset.
- Åtte vidaregåande skular er Grønt Flagg-sertifiserte.
- 80 av dei største avtaleleverandørane til Hordaland fylkeskommune er miljøsertifiserte. Det er ein auke på 5 % frå 2017.
- Talet på økologiske varer som vert nytta i kantinene i dei vidaregåande skulane har samla sett auka med 20 % frå 2017. Det er stor variasjon mellom skulane og Hordaland fylkeskommune er no i gang med ei satsing på det berekraftige skulemåltidet, mellom anna ved å auke delen økologisk mat som vert servert til elevane.

Avfall

- Det registrerte avfallet frå fylkeskommunen har minka 6 % frå 1792 tonn i 2017 til 1686 tonn i 2018.
- Kjeldesorteringsgraden for den samla verksemda har gått opp frå 34 % til 37 %.
- Papiravfallet vart redusert med 8 %. Mengda matavfall gjekk ned med 3 %.
- Dei vidaregåande skulane har redusert avfallet sitt med 7 % og har kjeldesortert 38 % av avfallet.
- Særs positivt er at mengda kjeldesortert emballasjeplast og annan mjukplast steig med 97 % i perioden.



Foto: Morten Wanvik

Samferdsel



Samferdsel – måloppnåing 2018

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul ■ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Overordna mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultat 2018/status
1. Samferdsel skal fremje regionale interesser i dialog med kommunane og andre viktige aktørar innan samferdselsområdet.	Arbeide for å auke dei statlege løyvingane til rassikring og oppgradering av tunellar på fylkesvegane som følgje av tunellsikkerheitsforskrifta.	Førebuande NTP arbeid, KS.	Det er gjeve tilsegn om ekstra midlar til rassikring som ein del av oppfølgjinga av NTP. Det er ikkje avklara om det statlege bidraget til oppgradering av tunellar på fylkesvegnettet vert vidareført.
	Arbeide for å auke statlege løyvingar til å dekkje etterslepet på fylkesvegnettet.	Førebuande NTP arbeid, KS.	Staten har ikkje kome med nye tiltak for å ta inn etterslepet på fylkesvegane.
	Arbeide for betre grunnfinansiering for drift av kollektivtrafikk.	Sikre driftsmiddel i miljøløftet.	Reforhandling av ny byvekstavtale pågår.
2. Samferdsel skal medverke til å sikre mobilitetsbehovet ved å vidareutvikle og forvalte eit føreseieleg, sikkert, miljøvenleg og framtidretta transportsystem.	Prioritere utbygging av gang- og sykkelvegnettet rundt viktige målpunkt for barn og unge, pluss eit samanhengande sykkelvegnett rundt regionale knutepunkt.	6 km ny g/s veg.	8,5 km
	Vidareføre arbeidet med trafiksikker kommune.	2 godkjente kommunar.	Gjennomført for 2 kommunar.
	Ny kontrakt med miljøløysing for båtsambanda Kleppestø-Bergen.	Førebuande arbeid med ny kontrakt.	Førebuande arbeid er i gang.
	Stille miljøkrav til teknologi og drivstoff i nye bussanbod.	Førebuande arbeid med ny kontrakt.	Gjennomført.
3. Samferdsel skal forvalte og utvikle fylkesvegnettet med vekt på standardheving og klimatilpassa drift og vedlikehald.	Prioritere vedlikehald og utbetring framfor nybygging.	80 km dekkeleggjing.	100 km
	Etablere ein planreservere for prioriterte prosjekt.	Følgje opp handlingsprogrammet i RTP	Gjennomført.
4. Samferdsel skal arbeide for at veksten i persontrafikk i bergensområdet skal skje ved hjelp av gange, sykkel og kollektivtrafikk.	Utvikle og styrkje kollektivtilbodet for fleire reisande.	3,5 % vekst i talet på påstigande.	+ 4,4 %
	Følgje opp strategi for innfartsparkering for bil og sykkel.	3485 bilplassar.	4123 bilplassar.

Driftsutgifter samferdsel

REKNESKAP SAMFERDSEL (Heile tusen)	Rekn bto 2017	Rekn bto 2018	Avvik netto budsj. 2018
Fylkesveggar	581 909	663 805	-34 650
Bussruter	1 634 495	1 671 142	10 881
Fylkesvegferjer	290 176	403 496	7 017
Båtruter	176 952	198 324	-4 969
Bybanen	222 754	242 741	15 359
Andre samferdselsføremål	245 840	269 638	443
Sum brutto driftsutgifter	3 152 126	3 449 146	-5 919

Resultatet for samferdsel i 2018 var 5,9 mill. kr i underskot. Kollektivtrafikken, som Skyss står for, kom ut med vel 28 mill. kr i overskot. Tabellen viser at drift og vedlikehald av fylkesvegane kom ut med eit budsjettmessig overforbruk på 34,6 mill. kr. Kostnadene med ferjedrifta auka med heile 113 mill. kr til vel 403 mill. kr. Dette skuldast oppstart av nye kontraktar for austevollsmbanda. Det vert her nytta bruttokontraktar og dette forklarar mesteparten av auken.

Kollektivtrafikken

Veksten i kollektivreiser heldt fram

Passasjerstatistikken viser om lag fire prosent vekst i talet på kollektivreisande i Hordaland samanlikna med 2017. Samla for buss, båt og bane var det nærare 73 millionar påstigande i 2018. Totalt var 88 prosent av reisene i bergensområdet. Påstigande på buss utgjorde 57 millionar. Bybanen heldt fram med positiv utvikling og hadde om lag 14,9 millionar påstigingar, det vil seie om lag 20 prosent av kollektivreisene i fylket.

For fleire av båtsambanda i fylket var det vekst i talet på reisande. Samla auke var om lag fire prosent frå 2017 til 2018. Båtrutene hadde ca. 1,15 millionar reisande i fjor.

Tal påstigande buss, bane, båt*

	2016	2017	2018	Endring 2017-18
Bergens-området	49 210 000	61 563 000	64 527 000	+ 5 %
Hordaland total	56 380 000	69 871 000	72 960 000	+ 4 %

* Båtruta Klepppestø – Strandkaaien inngår i påstigingstal for bergensområdet. Tal påstigande for Hordaland er inklusiv båtrutene Sunnhordland, Nordhordland og Austevoll. Dette er båtruter med bruttokontraktar.

Driftsart	2017	2018	Endring 2017-18
Buss	56 168 000	56 950 000	+ 1 %
Bybanen	12 591 000	14 862 000	+ 18 %
Båt*	1 110 000	1 149 000	+ 3 %
Totalt	69 863 000	72 960 000	+ 4 %

* Inkluderer Kleppestø–Strandkaiaen, Sunnhordland–Austevoll–Bergen, lokalbåtrute Austevoll og Knarvik–Frekhaug–Bergen. Dette er båtruter med bruttokontraktar.

Økonomiske nøkkeltal kollektiv

I 2018 var dei totale brutto kostnadene for drift av kollektivtrafikken 2 643 millionar kroner. I høve rekneskapen for 2017 er det ein auke i brutto kostnader på 203,7 millionar kroner.

Kostnader for bussdrift var i 2018 på 1,64 milliardar kroner og utgjer 62 % av totalkostnadene. Summen inkluderer skuleskyss utført med rutegående buss.

Bybanedrifta hadde ein auke i kostnader på om lag 20 millionar kroner i forhold til fjoråret med ein totalkostnad på 243 millionar kroner. Endringa skuldast auka kostnader til drifta av Bybanen AS, infrastruktur- og driftskostnader knytt til ruteproduksjon. Båtrutene hadde ein kostnadsauke på 21 millionar kroner i forhold til 2017 med ein totalkostnad på 198 millionar kroner i 2018. Kostnadsauken skuldast auke i kontraktskostnader for dei største bruttokontraktane.

Ferjedrifta hadde ein vesentleg kostnadsauke med 113 millionar kroner i auke frå 2017. Dette skuldast overgang til bruttokontraktar med oppstart på to samband frå 01. januar 2018. Totale kostnader for ferje i 2018 var på 403 millionar kroner.

Kostnaden til individuelt tilrettelagt skuleskyss var 193 millionar kroner i 2018. Kostnaden har auka med nærare 19 millionar kroner i forhold til 2017. Kostnaden for skuleskyss varierer frå år til år avhengig av behov, men trenden har vist ein auke i kostnader dei seinare åra.

Utover fylkeskommunale løyvingar er finansieringskjeldene til kollektivdrifta billettinntekter og statlege belønningssmidlar. Dei samla inntektene i 2018 var 1 240 mill. kr, som er ein auke på omlag 127 millionar kroner i høve 2017.

Billettinntektene frå buss, inklusiv inntekter frå skuleskyss, frå bybane, båt og ferje var totalt på om lag 999 millionar kroner i 2018. Dette er ein auke på om lag 104 millionar kroner frå 2017. Den største auken kjem frå ferje der dei nye bruttosambanda har gjeve nærare 50 millionar kroner i billettinntekter. Buss og bybane hadde til saman ein auke i inntekter på 11,6 % i forhold til året før. Båt hadde ein vekst i inntektene på 2 % i forhold til 2017.

Av belønningssmidlar vart det i 2018 tildelt 155 millionar kroner til kollektivdrift. I tillegg vart 27 millionar kroner i belønningssmidlar overført frå året før. Midlane er nytta til vidareføring av tidlegare iverksette tiltak.

Fylkeskommunen sine netto utgifter med kollektivtrafikken var på 1 403 mill. kr i 2018, om lag 77 mill. kr meir enn året før og 17 mill. kr lågare enn budsjettet.

Auka kapasitet i kollektivnettet

Belønningssmidlar i 2018, tildelt gjennom Miljøløftet til styrking og drift av kollektivtransporten, gav ikkje rom for nye tiltak i bergensområdet. Budsjettvedtaket for 2018, om å auke ruteproduksjonen i områda Bergen, Vest, Nordhordland og Hardanger/Voss/Sunnhordland, er følgt opp med tiltak gjennom året og tidleg i 2019.

Etter innspel frå kommunane i vest, vart det frå våren 2018 innført ny ekspressbusslinje 23E Straume-Kokstad. Linja går gjennom Knappetunellen, og gjev eit raskt reisealternativ for pendlarar mellom Straume, Loddefjord og Ytrebygda. Føremålet med tiltaket er å redusere kø-problematikken til/ frå Sotra i rushtida. Det tar tid å etablere nye reisevanar, og linja har potensial for å tiltrekkje seg fleire reisande.

For Hardanger/Voss og Sunnhordland vil ein mellom anna rette tiltak mot fleire korrespondansar, utvide rutetilbod som i dag er avgrensa til delar av året til å gjelde heile året, pluss noko styrkt sommarproduksjon. Tiltak vert sette i verk i 2019.



Foto: Stanley Hauge

Tal påstigingar med Bybanen auka med 18 % i 2018.

Når det gjeld Nordhordland er det politisk vedtak om å nytte dei ekstra budsjettmidlane til eventuelle justeringar i samband med nytt bussanbod og innføring av regionstamlinje mellom Knarvik og Bergen hausten 2018. Evaluering av tilbodet frå oppstart er gjennomført. Enkelte justeringar i køyretider er allereie sette i verk, medan større endringar må baserast på data over noko lenger tidsrom. Styrking av tilbodet med nye avgangar vil verte gjennomførte i løpet av våren 2019.

Midlane knytte til Bergen vert nytta til å auke ruteproduksjonen på Bybanen. Tiltaka er retta mot tidspunkta det er høgast belegg, og vil innebere å utvide rushperioden på kvardagar, og i tillegg auka frekvens laurdag og søndag.

Trafikkplan for Bergen vart lagt fram og vedteken våren 2018. Planen har eit tiårig perspektiv og gjev retning for utvikling av kollektivnettet, og danner grunnlaget for rutetilbodet i komande nye bussanbod for kontraktssområda Bergen nord og Bergen sentrum. Tilpassingar i linjenettet inneber nye infrastrukturbehov, og trafikkplanen er eit viktig grunnlag for å prioritere og planleggje tiltak for t.d. endehaldplassar og sjåførtilfatar, knutepunktsfunksjonar og betre framkomst for bussane.

Nytt bussanbod Nordhordland

Frå 15. august 2018 starta ny kontrakt for bussdrift i Nordhordland. Det er Nettbuss AS som er ny operatør for området.

Største endring er omlegging av rutetilbodet mellom Knarvik og Bergen, med ny regionstamlinje 300. Regionstamlinja stoppar for på- og avstiging på alle haldeplassar linja betener, og går via Fløyfjellstunnelen til Bergen busstasjon. I rushtida er det lagt til nokre ekspressbussavgangar mellom Knarvik og Bergen busstasjon, som køyrer utan stopp mellom Flatøy og Bergen busstasjon. Føremålet med regionstamlinja er å nå fleire reisande med dei ressursane som allereie er i bruk, og å tilby eit attraktivt og raskt reisealternativ for fleire.



Kollektivtrafikken i bergensområdet hadde ein vekst på 5 % i 2018.

Betre informasjon til dei reisande

I 2018 vart både Arna terminal og delar av Åsane terminal oppgraderte. Åsane terminal fekk utplassert to interaktive informasjonspunkt, der dei reisande sjølv kan velje å syne relevant reiseinformasjon som avgangstider, linjekart, terminalkart og informasjon om sykkelparkering. Det vart også etablert eit digitalt informasjonspunkt i tilknytning til mobilitetspunktet i Møllendal. Som standard syner informasjonspunktet avgangstider for buss, men ein kan også finne informasjon om bysyklar, sykkelruter og bildeling som er tilgjengelege ved mobilitetspunktet. I arbeidet med å gjere det enklare å reise kollektivt, lanserte Skyss i 2018 ein forbetra versjon av Skyss reiseapp (mobilapplikasjon), for å finne rutetider og planleggje kollektivreise. Reiseappen har om lag 265 000 unike brukarar og kan vise til ein auke i unike brukarar på åtte prosent i 2018.

Sal og billettar

I 2018 selde Skyss totalt 12,5 millionar billettar, der om lag 93 % av desse var enkeltbillettar. Av samla omsetnad utgjer enkeltbillettar 50,5 %, medan periodebillettar utgjer 49,4 %. Salet av mobilbillettar aukar framleis kvar månad og i 2018 vart det totalt seld om lag 7,8 millionar mobilbillettar, ein auke frå 6,7 millionar i 2017. I desember 2018 var om lag 80 % av alle billettar selde på førehand. Sal om bord er nede i om lag 20 %, og nedgangen her er i tråd med målsetjingar i Kollektivstrategien for Hordaland.

Endring i prisar

Ved den årlege prisjusteringa 1. februar var det ingen auke for enkeltbillett 1-2 soner for reiser med buss, bane og båtruta Kleppstø-Strandkaien. For reiser lengre enn to soner auka prisen med 2,5 prosent. Rabatten på 17 % for enkeltbillett vaksen, ved bruk

av reise pengar eller mobilkonto som betalingsmiddel, vart fjerna i 2018. Som følge av dette vart også «10 klipp» fjerna som billetttype.

Periodebilletter for buss, bane og Askøybåten gjekk opp med 3,5 prosent for vaksen, honnør og student.

Når det gjeld båt, var takstauken om lag 2,5 prosent for alle billetttypar, med unntak av barn. Periodebilletter for barn og 30-dagars ungdomsbillett hadde ingen takstauke i 2018.

Ferjetakstane gjekk opp med 4,4 prosent som følge av justeringa av riksregulativet for ferjetakstar, og endring av meirverdiavgift som auka frå 10 til 12 prosent 1. januar 2018.

Forenkla takst- og sonestruktur

I tråd med vedtak i fylkestinget vart talet på takstsoner for buss og bybane i Hordaland redusert frå 470 til sju soner. Endringa tredde i kraft 1. august 2018. Målet med den nye sonestrukturen er å gjere det lettare å reise kollektivt i heile fylket og dermed få fleire kollektivreisande.

Det er ein pris innanfor kvar sone. Dersom ein kryssar sonegrensa vert billetten dyrare, men maksprisen for enkeltbilletter er fire soner og for periodebilletter tre soner. Enkeltbillett er gyldig i 90 minuttar innanfor ei sone, og gyldig i 30 minuttar ekstra for kvar sone ein kryssar.

Den nye takst- og sonestrukturen har også gjort det enklare å kjøpe billett. Mobilappen for billettkjøp er no tilgjengeleg for bussreiser i heile fylket. I bergensområdet er over 70 prosent av alle billetter kjøpt i appen og målsetjinga er at resten av fylket skal oppnå ein tilsvarende grad av sjølvbetjening.

Inntektssikring

«Inntektssikring og redusert sniking i kollektivtransporten» var eit prosjekt i 2018. Skyss får gjennomført ei rekke billett-kontrollar på buss, båt og bybane kvart år. Målet med desse kontrollane er å førebyggje snik, og slik bidra til å auke talet på betalende passasjerar. Samstundes har kontrollørane ei rolle i å førebyggje feilsal, rettleie dei reisande og bidra til ei trygg og hyggeleg reise for alle.

I tillegg til vanlege billett-kontrollar har Skyss i 2018 gjennomført teljekontrollar. Desse kontrollane har til føremål å telje kor mange av dei reisande som har og ikkje har gyldig billett, og vil framover verte brukt som mål for snikprosenten i Hordaland. Det vert ikkje skrive ut gebyr i teljekontrollar.

Resultata frå teljekontrollane i 2018 tydar at mellom ti og elleve prosent av dei reisande med Skyss manglar gyldig billett. I tala kan ein sjå til dels store variasjonar mellom ulike område i fylket.

Skyss gjennomførte i 2018 ei undersøking om haldningar og betalingsvilje, og resultata frå undersøkinga kan blant anna

tyde på at aksepten for å reise utan gyldig billett er vorten større. Det er likevel slik at dei aller fleste ynskjer å betale for seg og meiner det ikkje er aktuelt å reise utan gyldig billett.

Båtrutene i fylket

Skyss registrerte ein auke i reisetala på bybåtrutene Kleppstø-Strandkaaien og Knarvik-Frekhaug-Bergen under Sykkel-VM 2017. Dette kan forklare bakgrunnen for at tala for Nordhordlandsbåten for hausten 2018 viser ein relativt stor nedgang samanlikna med 2017. Totalt for 2018 viser tala ein svak nedgang med tre prosent. Påstigande på Askøybåten viser 593 000 som er ein vekst på fem prosent frå 2017.

Sunnhordlandsruta hadde 402 000 påstigande i 2018. Tala viser ein moderat vekst på tre prosent, mot sju prosent i føregående år. Passasjerveksten på lokalbåtruta på Austevoll heldt derimot fram, med totalt 21 000 påstigande




Foto: Morten Wanvik

Snøggbåten mellom Bergen og Nordhordland ved kai på Frekhaug.

tilsvarende 17 % auke. Hardangerfjordekspressen mellom Rosendal og Bergen hadde ein vekst på sju prosent i 2018, med totalt 45 000 påstigande. For Turistrute Hardanger viser passasjertala inga endring frå 2017.

I tråd med vedtaket knytt til Trafikkplan båt i 2017, er det arbeidd med ei utgreiing av mogleg båtsamband mellom Sotra og Bergen. Utgangspunkt for utgreiinga er dagens trafikale tilhøve og kva effektar eit båttilbod kan ha i tida fram mot nytt Sotrasamband. Kommunane har vore inviterte med i arbeidet, og ferdigstilt rapport vil verte lagt fram tidleg i 2019.

Arbeidet med å førebu nytt anbod med miljøsband for Kleppstø-Strandkaien båt er i gang. Det er arbeidd med avdekking av behov for tilrettelegging av infrastruktur på Kleppstø kai når det gjeld straumføring, arealbehov for ladeinfrastruktur, plassering og type kai.

Ferjesamband i fylket

Samla sett hadde fylkesvegferjene ein trafikkvekst på over to prosent i 2018, målt i tal på personbileiningar (pbe), der Austevoll-sambanda peiker seg positivt ut. Hardangersambanda viser ein viss nedgang. Dette må sjåast i lys av ekstraordinære forhold, med fleire vegstengingar — særleg på Rv 13 mellom Kinsarvik og Odda (Deildo-utbygginga). I sambandet Leirvåg-Sløvåg har det vore tydeleg trafikkvekst.

Når det gjeld el-bilar på ferjene er trenden den same som registrert tidlegare. Tala viser ein auke på 28 %, og delen el-bilar av totaltrafikken har stige frå fire til seks prosent.

Regulariteten for ferjedrifta i fylket er svært god, der snittet er på nærare 99,7 %. Det er særleg sambandet Krokeide-Hufthamar som viser positiv utvikling i regularitet samanlikna med 2017.



Foto: Bjar te Brask Eriksen

Elferja MF Møkstrafjord i sambandet Krokeide-Hufthamar.



Foto: Fjord 1

Fylkespolitikar Benthe Bondhus var gudmor og døypte den elektriske ferja «Horgefjord» på sambandet Krokeide-Hufthamar

Nye ferjekontraktar

Av dei nye ferjekontraktane som vart tildelte i 2016 og 2017, hadde sambanda Krokeide-Hufthamar og Husavik-Sandvikvåg start i 2018. Erfaringa frå starten viser at drifta av sambanda går som føreset. Alle dei tre ferjene er nybygde hybridferjer som kan operere både med diesel og elektrisk drift.

Dei nye ferje anboda vil føre til ein betydeleg reduksjon i miljøbelastninga frå ferjetransporten i fylket. Operatørane har samla sett forplikta seg til å redusere CO₂-utsleppet med over 90 %.

Dei nye ferjekontraktane gjev vesentleg auke i driftskostnader, dessutan investeringskostnader knytte til kaianlegg og ladeinfrastruktur. Kostnadsveksten for ferje vil vere utfordrande for økonomien til fylkeskommunen i åra framover

Lågare utslepp frå kollektivtrafikken

I oktober 2017 vart temaplan for låg- og nullutsleppsteknologi for bussane i Hordaland vedteken i fylkestinget. Temaplanen følgjer opp kollektivstrategien med eit tydeleg ambisjonsnivå for utsleppsreduksjonar basert på innføring av ny teknologi.

For å redusere klimapåverknaden frå busstrafikken vil ein erstatte det fossile drivstoffet med fornybart (biodrivstoff) eller elektrifisere drifta. Temaplanen viser mogelege tiltak som gjev til saman 65 % lågare klimapåverknad mellom 2016 og 2025, og minst 40 prosent lågare klimapåverknad innan 2020. Med tiltaka som ligg i temaplanen, vil busstrafikken i Bergen verte fossilfri innan 2020 og i resten av Hordaland innan 2025. Temaplanen føreset finansiering frå Byvekstavtalen og Enova.

I Nordhordland vart 100 prosent fornybart og berekraftsertifisert drivstoff på bussane teke i bruk frå starten av ny kontrakt hausten 2018.

Nye anbod for bussdrift i kontraktsonråda Bergen sentrum og Bergen nord vart lyste ut i desember 2018. I konkurransegrunnlaget er det stilt krav om elektrifisering av utvalde linjer i Bergen sentrum, i tillegg til forlenga trolleybuslinje til Laksevåg. Gjennom elektrifiseringstiltaka skal ein oppnå om lag 65 % reduksjon i CO₂-utslepp frå busstransporten. Gjennomføring av tiltaket har fått tilsegn om støtte frå Enova. Dei resterande bussane i Bergen sentrum skal driftast med biodiesel, og for Bergen nord med bruk av biogass.

Skuleskyss

Skuleskyss er ei lovpålagt oppgåve, og skuleskyssen er i stor grad dimensjonerande for kollektivtilbodet og bussmateriellet i mange av områda i fylket.

I 2018 fekk 17 017 elevar i grunnskular i Hordaland innvilga skuleskyss. Av desse hadde 2 050 elevar tilrettelagt skyss med drosje eller privat skyssløysing. I Hordaland nyttar elevane i vidaregåande skule som hovudregel 30-dagars ungdomsbillett til skuleskyssen. For dei som ikkje nyttar ungdomsbillett til skuleskyss, fekk 3 196 innvilga gratis skuleskyss i 2018. Av desse hadde 568 elevar tilrettelagt skyss med drosje eller privat skyssløysing.

Behovet for og kostnadane knytt til skuleskyss er påverka av ei rekkje forhold, mellom anna nedlegging/samanslåing av skular, lokalisering av ulike studieretningar for vidaregåande skular og tal elevar som har delt bustad. I tillegg vil betre samordning av skuleruter og start- og sluttider på skulane kunne gje innsparingar i transportutgiftene. I 2018 har Skyss arbeidd tett opp mot kommunane og skular for å betre samhandlinga knytt til organiseringa av skuleskyssen.

Infrastruktur

Utbygging av Bybanen

På byggjetrinn 3 til Flesland vart dei to attståande kontraktane gjeldande verkstadbygg og vognhall avslutta. Ved årsskiftet var det berre mindre postar i rekneskapen som enno ikkje var lukka.

For byggjetrinn 4 til Fyllingsdalen vart, med eitt unntak, alle førebuande entrepriser avslutta i 2018. I desember vart det signert kontrakt på tunnel gjennom Løvestakken, inkludert depot. Kontraktsummen var innafor førebels budsjett.

Totalt forbruk per 31.12.18 var på 1 160 mill. kr. Det er ingen teikn på overskridingar på Bybanen Utbygging si styringsramme i 2017-kroner, som er 7 101 mill. kr.

Forbruket i 2018 var på 780 mill. kr av eit totalbudsjett på 570 mill. kr. Overskridinga av årsbudsjettet på 210 mill. kr kroner skuldast generelt høgare aktivitet i form av førebuande entrepriser enn opphavleg budsjettet, i tillegg til større trong for prosjektering og kjøp av grunn enn det var budsjettet med for året.

Bergen kommune vedtok i mai 2018 start av reguleringsplanarbeid for Bybane mot Åsane, byggjetrinn 5. Reguleringsplanen omfattar også forlenging av Fløyfjellstunellen frå Sandviken til Eidsvåg og hovudsykkelrute mellom sentrum og Åsane.

Innfartsparkering

Hordaland fylkeskommune har i 2018 utarbeidd og vedteke Handlingsplan for innfartsparkering 2018-2029. Handlingsplanen er bygd på «Strategi for innfartsparkering fram mot 2030». Handlingsplanen inneheld tiltak og prioriteringar for å nå målsetjinga på 6000 innfartsparkeringsplassar innan 2030.

Det er spesielt fire område som er sette i fokus i handlingsplanen. Geografisk har det vore arbeidd med områda Åsane og Arna. I Åsane er talet på plassar ved terminalen auka med ca. 20. Det vert arbeidd med fleire innfartsparkeringsprosjekt for Åsane, mellom anna er den gamle kontrollstasjonen til Statens vegvesen i Vågsbotn frigjeven til innfartsparkering – med planlagd realisering i 2019.

I Indre Arna sentrum vert det arbeidd med ei løysing for innfartsparkering tett ved bussterminalen og jernbanestasjonen, i samarbeid med Bergen kommune og Bane NOR.

Det har i 2018 vore arbeidd med å identifisere og ruste opp innfartsparkeringsplassar i kommunane rundt Bergen. Dette arbeidet har resultert i fleire hundre nye parkeringsplassar av god standard. Arbeidet ligg difor framfor talet på prog-

nostiserte plassar med ein auke frå 3820 til 4123 plassar frå 2017 til 2018.

Innfartsparkeringsplassar som er vortne rusta opp (oppmerking, skilting, mindre utbetringar/utvida), i 2018 er:

- Tjeldstø terminal; Øygarden kommune
- Blomvåg terminal, Øygarden kommune
- Ravnanger terminal, Askøy kommune
- Strusshamnskiftet innfartsparkering ved Stongafjellstunellen, Askøy kommune. Utvida med 17 nye plassar, totalt 39 plassar.
- Vesetgjelet innfartsparkering ved Gjerstadvegen, Osterøy kommune. Utvida med 20 nye plassar til totalt 35.

Det har i tillegg vore arbeidd med omfattande kartlegging av nye innfartsparkeringsplassar i samråd med kommunane og på fleire stader i fylket er eigna område gjort tilgjengelege som innfartsparkeringsplassar i 2018.

Eit tiltak i handlingsplanen var å etablere ei betalingsløysing i tillegg til oblat på Birkelandskiftet terminal og Godviksvingane parkering, slik at reisande utan periodekort også kan parkere bilen. Dette er gjennomført. Andre innfartsparkeringar vert vurderte.

Det er etablert eit nytt sykkelparkeringshus i 2018. Huset er plassert like ved Straume terminal på Sotra. Belegget på sykkelparkeringane har ikkje vore tilfredsstillande og det



Foto: Morten Wanvik

Innfartsparkering i Knarvik, ved snøggåtkaien.

vart difor sett i gang ei marknadsføring av trygg sykkelparkering knytt til kollektivtrafikken i bergensområdet. Det er venta å ta noko tid før ein ser resultat av marknadsføringa.

ASP (Aktiv SignalPrioritering) for buss

Pilotprosjektet for ASP busstrafikk på Laksevåg mellom Gyldenpris og Nygård vart gjennomført i 2018 med positive resultat for framkomst og regularitet for busstrafikken. Systemet er basert på at sanntidssystemet i bussane kommuniserer med signalanlegget og får prioritet gjennom krysset. Det er etablert ASP i ytterlegare 15 kryss Bergen i løpet av 2018.

Trolleybussar med lading

Det vart i 2018 starta eit prosjekt basert på trolleybuss med lading undervegs, med ferdigstilling 2020. Ny elektrisk infrastruktur skal på plass frå Puddefjordsbroen til Lyngbø og om lag 15 nye elektriske bussar skal kjøpast inn. Bussane skal gå på batteridrift gjennom Bergen sentrum og ladast i eksisterande infrastruktur mellom Birkelundstoppen og Allehelgensgate, i tillegg til i ny infrastruktur mellom Puddefjordsbroen og Lyngbø.

Infrastruktur utanom Bergen

Det vert arbeidd med oppgradering og etablering av kollektivknutepunkt fleire stader; Storebø i Austevoll og Dale i Vaksdal er under planlegging, Fitjar sentrum og Smelteverkstomta i Odda er under arbeid.

Fylkesvegnettet

Fylkesvegnettet i Hordaland er på om lag 3000 km og med 210 km gang- og sykkelveg.

Fylkestinget vedtok i juni 2017 Regional transportplan Hordaland 2017–2029 og i desember Investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018. I desse vert investeringsprosjekt og drift- og vedlikehaldsprosjekt på fylkesvegnettet skisserte for komande planperiode. Investeringsprogrammet har særleg fokus på vedlikehald framfor nybygg.

Drift og vedlikehald

Det er eit stort vedlikehaldsetterslep på fylkesvegnettet i Hordaland. I 2016 vart dette kostnadsrekna til 7,3 milliardar kroner.

Til drift og vedlikehald vart det brukt totalt 663,8 mill. kr i 2018. Gjennom faste kontraktar med entreprenørane som har ansvar for å sjå til at vegnettet er operativt, vart det ut-

betalt 427,5 mill. kr. Til andre driftsoppgåver, til dømes lys og straum på vegnettet, vart det nytta 80,4 mill. kr. På vedlikehaldssida vart det nytta 17,4 mill. kr til vegoppmerking. 79,1 mill. kr vart nytta til legging av nytt dekke. Det vart nytta 21 mill. kr til vedlikehald av dei ca. 1000 bruene på fylkesvegnettet. Til anna vedlikehald som grøfter, drenering, kantar, murar, tunellar, skilt m.m. vart det nytta vel 38,4 mill. kr.

Investeringar

Det vart investert for 1 508,6 mill. kr i fylkesveggar i 2018 og 330 mill. kr til bybaneutbygging. Dei største vegprosjekta var Kvammapakken (24,6 mill. kr), Bømlopakken (62,1 mill. kr), Askøypakken (154,8 mill. kr), Nordhordlandspakken (28,9 mill. kr), Kollektivterminal Voss (18 mill.kr) og Stord Vestside (14,9 mill.kr).

I 2018 brukte ein for heile Hordaland 36,6 mill. kr til tiltak for auka trafikktryggleik. Til kollektivtiltak vart det nytta 143,2 mill. kr, til gang- og sykkelveg 138,4 mill. kr og til mindre utbetringar 30,6 mill.kr. Til opprusting og fornying utanom Bergen vart det nytta 190,7 mill. kr og til rassikring gjekk det med 46 mill. kr.

Det kan vera mindre avvik mellom beløpa i regnskapstala for Statens vegvesen som tala over byggjer på og rekneskaps-tala for HFK grunna periodiseringar og mindre prosjekt som Hordaland fylkeskommune utfører og finansierer utanom avtalen med Statens vegvesen.

Til punktutbetring og trygge skuleveggar (midlar som kommunane kan søkja om) vart det samla nytta 10,8 mill.kr (førte kostnader SVV). I tillegg kjem kostnader ført hos HFK, sjå avsnitt om Trafikksikring.

Drosje-, selskapsvogn- og handikapløyve

Ved utgangen av 2018 var det 914 aktive drosjeløyve i heile Hordaland. Av desse var 218 reservedrosjeløyve. Løyvetalet i Bergen køyreområde er 705 og løyvehavarane må velje å knyte seg til ein av dei seks drosjesentralane. Ein drosjesentral kan knyte til seg maksimalt 60 % av det totale løyvetalet i køyreområdet. Det vart levert inn 63 drosjeløyve i Hordaland i 2018, medan 53 drosjeløyve vart tildelte nye løyvehavarar.

Ved utgangen av 2018 var det 43 aktive selskapsvognløyve i Hordaland. Dette er ein auke på to løyve frå året før.

Det var 34 aktive løyve for transport for funksjonshemma, fordelt på fire ulike føretak, ein nedgang på ti løyve frå året før.



Foto: Morten Wanvik

I 2018 var det 705 drosjeløve i Bergen køyreområde.

Transportordninga for funksjonshemma

I Transportordninga for funksjonshemma var det 12 275 brukarar i 2018 og det vart utført 217 000 TT-turar med drosje, ein nedgang på 2,0 % i høve til 2017.

Godkjente TT-brukarar som er tilsette i VTA-stilling (varig tilrettelagt arbeid), kan søkja om arbeidskøyring. Ved utgangen av 2018 var det 182 brukarar som var med i denne ordninga. Dei som er med i ordninga, betalar ein mindre eigenandel.

Fylkeskommunen betalte ut 46,8 mill. kr til TT-ordninga i 2018, ein auke på 3,9 mill. kr frå 2017.

Folkehelseperspektivet

Folkehelse er via stadig større merksemd og samferdselsavdelinga følgjer opp nasjonale forventingar på fleire område. Transportsektoren er den største kjelda til utslepp, og tilrettelegging for berekraftige transportalternativ er viktige tiltak for å nå 0-vekstmålet. Som vegeigar har fylkeskommunen eit særskilt ansvar for dei som ferdast langs fylkesvegane,

og arbeidet med å redusere skadde og drepne i trafikken går kontinuerleg. Folkehelselova legg til grunn at alle kommunar skal utarbeide trafikksikringsplaner. Arbeidet med trafikksikre kommunar er tverrsektorielt, og fylkeskommunen er pålagt å ha eit særleg ansvar, og ei koordinerande rolle for trafikksikringsarbeidet i fylket.

Samferdselsavdelinga har følgjande indikatorar for å syne utviklinga i folkehelsearbeidet:

- Tal bilistar (tal frå bypakke Bergen viser ein nedgang på 1,4 % i passeringar samanlikna med 2017)
- Tal syklistar (tal frå Reisevaneundersøkinga er forseinka)
- Tal for gange (tal frå reisevaneundersøkinga er forseinka)
- 8 drepne og 44 hardt skadde i trafikken.
- Tal km gang- og sykkelveg på fylkesveg (i 2018 vart det bygd 8,5 km ny gang/sykkelveg)

Europeisk Mobilitetsveke 2018

Saman med Statens vegvesen, Miljøløftet og Bergen kommune markerte HFK mobilitetsveka som årleg finn stad frå 16. – 22. september. I løpet av veka var det ulike arrangement knytte til miljøvenlege reiser, til dømes gratis sykkel-service, filmvisning i Litteraturhuset og bilfri dag i Vaske-relven. Målet er å motivere til miljøvenlege reiser og vise korleis bylivet kan vere når vi lager meir plass til menneskjer og aktivitetar, og mindre plass til bilar.

Planar og avtalar

Belønningsmidlar og Miljøløftet

Hordaland fylkeskommune har saman med Bergen kommune for perioden 2015–2018 hatt ein fireårig avtale med Samferdselsdepartementet om tildelingar gjennom «Belønningsordninga for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområdene». Avtalen gjeld i hovudsak tiltak innafor Bergen kommune sine grenser og legg til grunn målet om nullvekst i personbiltrafikken.

2018 var siste året for Belønningsavtalen og ordninga inngår no i Miljøløftet – den nye samferdselssatsinga i Bergen som har avløyst Bergensprogrammet. Tildelingar gjennom Miljøløftet føresette at 200 mill. kr til kollektivtrafikk skulle overførast til Hordaland fylkeskommune gjennom Belønningsordninga, og nyttast til drift av kollektivtilbodet. Av tildelte midlar i 2018 var 155 mill. kr nytta til utvikling og styrking av kollektivtilbodet og 45 mill. kr til kjøp av bybanevogner.

Miljøløftet er namnet på partnerskapen byvekstavtale for Bergen. Byvekstavtalen vart inngått i juni 2017 mellom Staten v/Samferdselsdepartementet og Kommunal- og



Foto: Morten Wanvik

Trafikkbiletet vert mange gonger komplekst når bussar, personbilar, fotgjengarar og syklistar skal passere same området.

moderniseringsdepartementet, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Miljøløftet vert følgt opp gjennom eit fireårige handlingsprogram som vert rullert årleg. Miljøløftet er også gjennomføringsorganet for bompengoordninga bypakke Bergen. Bypakke Bergen vart vedteken i Stortinget i desember 2017.

Miljøløftet skal gje reinare luft, kortare bilkøar, mindre trafikkstøy og lågare klimautslepp. I satsinga inngår investeringar for 29 mrd. kr dei neste 20 åra, deriblant utbygging av bybane byggetrinn 4 til Fyllingsdalen og byggetrinn 5 til Åsane. Bete tilbod for buss, sykkel og gange og betre og tryggare vegar er også prioritert.

Reforhandling og utviding av avtaleområdet

Våren 2018 starta eit partnerskapsarbeid med statsetatane, fylkeskommunen og kommunane Bergen, Lindås, Askøy, Fjell og Os med tanke på å utvide avtaleområdet. Forhandlingsprosessane utover hausten 2018 har vore gode, men med krevjande problemstillingar knytte til arealbruk, forståing av nullvekstmålet og til staten sitt finansielle bidrag til tiltak i byområdet. Det vart ikkje semje om ein

felles byvekstavtale innan utgangen av 2018. Prosessen held fram inn i 2019.

Nullvekstmålet

Det overordna målet for Miljøløftet er nullvekstmålet: Veksten i persontransporten skal takast med kollektivtrafikk, sykling og gange.

Nullvekstmålet er knytt til samla køyretøykilometer innanfor avtaleområdet. I brev datert 31.10.18 presiserer Samferdsledepartementet at dei areal som utgjer dagens kommunar Øygarden, Sund, Radøy, Meland og Fusa ikkje skal omfattast av nullvekstmålet når avtaleområdet vert utvida frå 2020. I praksis betyr dette at dagens geografiske grenser til Bergen, Lindås, Os, Fjell og Askøy utgjer området som nullvekst vert målt innanfor.

For å leggje til rette for eit godt tenestetilbod og gunstige rammevilkår for næringslivet vert følgjande halde utanfor nullvekstmålet; gjennomgangstrafikk (reiser som har både start- og endepunkt utanfor avtaleområdet), transport knytt til offentleg og privat tenesteyting, varetransport og godstransport.

Sykkelbyavtalar og statleg tilskotsordning

Sykkelbyavtalar er ein viktig del av den nasjonale satsinga for auka bruk av sykkel. Avtalane er eit trepartssamarbeid mellom kommune, fylkeskommune og Statens vegvesen om sykkel som framkomstmiddel. Kommunane Stord og Bergen har hatt status som sykkelbyar i fem år, og 15. mars 2018 vart den tredje sykkelbyavtalen underteikna med Fjell kommune.

I statsbudsjettet for 2017 vart det sett av 76,4 mill. kr i tilskot til gang- sykkelveggar i kommunar og fylkeskommunar i 2018. Av desse fekk Hordaland fylkeskommune 5 mill. kr til oppfølging av sykkelvegprosjekt på Stord og i Bergen.

Trafikksikring

I Hordaland dominerer møte- og utforkøyringsulykker ulukkesbiletet saman med ulukker med mjuke trafikantar. Mørketala er store for sykkel- og fotgjengarulukker, då eineulukker ikkje vert tekne med i statistikken. Trafikksikkerheitsarbeidet i Noreg er forankra i nullvisjonen. Nasjonalt måltal er maksimalt 500 drepne og hardt skadde i år 2024 og 350 i 2030. Etappemåla er brotne ned på fylkesnivå (sjå figur under).




Fig. 1: Målkurve for Hordaland syner utviklinga i drepne og hardt skadde i vegtrafikkulukker (samla og fordelte på vegtype), og måltal for åra framover.

Styrking av trafikksikringsarbeidet i kommunane er eit satsingsområde i Hordaland fylkeskommune. I dette inngår mellom anna godkjenningssordninga Trafikksikker kommune, der Trygg Trafikk er ein sentral samarbeidspartnar. I 2018 vart Sund og Kvinnherad høvesvis femte og sjette godkjente kommune i fylket, medan Kvam herad starta arbeidet mot godkjenning.

Trygg skuleveg og punktutbetring

Etter ei ekstraløyving i budsjettvedtaket for 2018 vart det oppretta ei tilskotsordning for Trygg skuleveg og punktutbetring, med ei ramme på 20,77 mill. kr. Til ordninga kom det inn 29 søknader frå 17 kommunar med samla søknadssum på 65 mill. kr. Det vart gjeve tilsegn om tilskot til ti tiltak i heile fylket. Største løyvinga gjekk til gang- og sykkelveg langs Hegglandsdalsvegen i Os kommune. Dei fleste tiltaka vert ferdigstilte over to år.

I juninget 2018 vart det gjeve ei ekstraløyving til trafikksikring på 10 mill. kr, der to gode tiltak som ikkje nådde heilt opp i tilskotsordninga, fekk midlar.




Foto: Morten Wanvik

Trafikksikring og trygge skuleveggar er utfordrande å få til mange stader langs fylkesvegane.

Bompengar

Samla for alle bompengeprojekta i Hordaland i 2018 vart det kravd inn 1,178 mrd. kr. Det er ein auke frå 2017 på 3,9 %. Inntektsveksten har vore størst, både relativt og absolutt, i Bypakke Bergen med 7,2 %. Takstane vart endra og miljø-differensierte i Bypakke Bergen frå 1. juni 2018. Jondals-tunnelen og Hardangerbrua har hatt størst vekst i trafikken med høvesvis 6,0 % og 5,9 %.

Bompengeringen i Bergen (Bypakke Bergen) registrerte 670 268 færre passeringar i 2018, ein nedgang på 1,4 % frå

2017. Elbilpasseringane i bomringen i Bergen i desember 2018 var 20,6 % mot 15,0 % i desember 2017. For heile 2018 var elbilandelen i bomringen i Bergen 18,0 % mot 13,6 % i 2017.

Halsnøysambandet har størst del elbilar i 2018 med 31,5 % mot 26,6 % i 2017. Deretter følgjer Askøypakken med 23,3 % i 2018 mot 17,9 % i 2017.

Prosjekt	Bompengar i heile tusen kr.*			Køyretøypasseringar **		
	2017	2018	Endring i %	2017	2018	Endring i %
Askøypakken	95 085	90 911	- 4,4 %	8 084 642	8 149 825	0,8 %
Austevollsbrua	19 728	20 404	3,4 %	330 496	337 082	2,0 %
Bypakke Bergen	656 449	703 888	7,2 %	48 384 125	47 713 857	- 1,4 %
Bømløpakken***	60 083	58 248	- 3,1 %	1 421 978	1 464 888	3,0 %
Stordalstunnelen	25 659	23 854	- 7,0 %	667 448	681 833	2,2 %
Halsnøysambandet	22 345	21 562	- 3,5 %	383 504	380 667	- 0,7 %
Hardangerbrua	103 366	105 921	2,5 %	701 270	742 703	5,9 %
Jondalstunnelen	17 668	17 693	0,1 %	210 091	222 657	6,0 %
Kvammapakken	31 816	32 509	2,2 %	994 973	1 003 009	0,8 %
Vossapakko	95 414	96 441	1,1 %	2 741 342	2 793 747	1,9 %
Årsnes	6 201	6 070	- 2,1 %	244 002	257 711	5,6 %
Sum	1 133 812	1 177 501	3,9 %	64 300 882	63 840 214	- 0,7 %

Kjelde: Ferde AS

* Passeringsinntekter, med atterhald om at det kan koma endringar etter revisjonen.

** På ferjene (Krokeide- Hufthamar (Austevollsbrua)), Årsnes – Gjermundshamn (Årsnes) og Langevåg- Buavåg (Bømløpakken) er ikkje elbilar ein del av bompengestatistikken. På bomstasjonane på land vert elbilar talde med som fritakspasseringar.

*** I tala for Bømløpakken er også bompengeinntekter og tal køyretøy for Langevåg – Buavåg inkludert.

Styringsdokument – regionale planar og temaplanar

Planansvar samferdselsavdelinga

Regionale planar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regional transportplan	2017	FT	Kvart 4. år
Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029	2016	FT	
Investeringsprogram for fylkesvegane	2017	FUV	Årleg
Temaplan for låg og nullutsleppsbusar i Hordaland	2017	FUV	
Kollektivstrategi for Hordaland	2014	FT	
Strategi for innfartsparkering	2016	MISA	
2017–2020 Rammeplan for avkøyrslar med strekningsvis vurdering av haldning til byggjegranser for riks- og fylkesveg i Region vest	2018	MISA	Kvart 4. år



Nyasfaltert fylkesveg. I 2018 vart det lagt nytt vegdekke for 79,1 mill. kr.



Foto: Bjarte Brask Eriksen

Fv. 212 Askøy. Vegopning ved fylkesordførar Anne Gine Hestetun.

Fylkesvegopningar 2018

- 6. april:** Buamyrr – Grimstveit, fv. 6 i Sveio
Opna av Jon Askeland, utvalsleiar miljø- og samferdselsutvalet
- 11. april:** Felles vegopning for 5 vegprosjekt i Bømlo
Fv. 542 Røyksund bru, fv. 541 Hestaneset – Tjong, fv. 541 Tjong Løvegapet, fv. 23 Svortland sør og fv. 19 Rolvsnes
Opna av Jon Askeland, utvalsleiar miljø- og samferdselsutvalet
- 15. juni:** Lundsneset, fv. 48 i Kvinnherad
Opna av Synnøve Solbakken, medlem i miljø- og samferdselsutvalet
- 28. september:** Gang- og sykkelveg i Norheimsund, fv. 7, Kvam herad
Opna av Benthe Bondhus, medlem i fylkesutvalet
- 1. oktober:** Arna terminal, Bergen kommune
Opna av fylkesordførar Anne Gine Hestetun
- 19. oktober:** Lindebrekka – Slettebrekka, fv. 212 i Askøy kommune
Opna av fylkesordførar Anne Gine Hestetun
- 20. oktober:** Gjenopning av Kong Oscarsgate i Bergen, gateoppusting, utforming til delt gaterom med einvegsskøyring og nedsett fart.
Opna av byråd for byutvikling Anna Elisa Tryti
- 21. oktober:** Opning av gang-sykkelveg Bjørgevegen, fv 557, Bergen kommune
Opna av byråd for byutvikling Anna Elisa Tryti
- 14. desember:** Nonnekloppen gang og sykkelbru, Bergen kommune
Opna av byråd for byutvikling Anna Elisa Tryti



Foto: Morten Wanvik

Opplæring



Opplæring – måloppnåing 2018

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul ■ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Overordna mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultat 2018/status
1. Opplæringsavdelinga skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov.	Tilby vaksne med rett til vgs framtidsretta vidaregåande opplæringstilbod.	80 % av deltakarane i vaksenopp-læring gjennomfører.	80 % av deltakarane i vaksenopp-læring gjennomførte skuleåret 2017/18.
	2. Opplæringsavdelinga skal utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv.	Sikre at utdanningstilboda samsvorar med behova i næringslivet.	50 % av elevane vel yrkesfag.
	Gjennomføre tiltak i SBP som sikrar tenleg organisering.	Redusere overkapasitet elevplassar iht. vedtak i skulebruksplanen.	Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen vert koordinerte gjennom prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen». Prosjektet skal bidra til at HFK følgjer opp og koordinerer dei ulike tiltaka i skulebruksplanen fram mot 2030.
3. Opplæringsavdelinga skal bidra til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.	Vi skal styrkje skulane sin implementeringskompetanse ved å profesjonalisere arbeidet med å gjere opplæringa relevant og yrkesretta.	Del elevar som fullfører vgs. (består vgs.) på normert tid: Yrkesfag: 38,5 %	Fullført på normert tid yrkesfag: 37,5 %. (2012-kullet)
	Vi skal arbeide systemtisk for å sikre eit trygt og helsefremjande skulemiljø.	Del elevar som fullfører vgs. (består vgs.) på normert tid: Studieføreb.: 76,0 %	Fullført på normert tid studieføreb.: 76,6 %. (2012-kullet)

Overordna mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultat 2018/status
3. fortset		Del elevar som fullfører vgs . (består vgs) 5 år etter oppstart Yrkesfag: 59 %	Fullført fem år etter oppstart yrkesfag: 58,4 %. (2012-kullet)
		Del elevar som fullfører vgs (består vgs.) 5 år etter oppstart: Studieføreb.fag: 87 %	Fullført fem år etter oppstart studieførebuaande: 87,2 %. (2012-kullet)
		Del elevar som sluttar i vgs: Yrkesfag 7 %	Del elevar som sluttar i vgs. skuleåret 2017/18, yrkesfag: 7,1 %.
		Del elevar som sluttar i vgs.: Studieføreb.fag 4 %	Del elevar som sluttar i vgs. skuleåret 2017/18, Studieførebuaande: 3,2 %.
		Elevar utan vurderingsgrunnlag (IV). IV i minst eitt fag: Yrkesfag: 4,5%	IV i minst eitt fag, skuleåret 2017/18, yrkesfag: 3,1 %
		Elevar utan vurderingsgrunnlag (IV). IV i minst eitt fag: Studieførebuaande fag: 2,5 %	IV i minst eitt fag, skuleåret 2017/18, studieførebuaande: 2,5 %
		Av dei IV i berre eitt fag: Yrkesfag: 1.5 %	IV i berre eitt, fag skuleåret 2017/18, Yrkesfag: 1,5 %
		Av dei IV i berre eitt fag: Studieføreb.fag: 1 %	IV i berre eitt fag, skuleåret 2017/18, studieførebuaande: 1,0 %
		Halde fråværstala låge: (median verdiar): Yrkesfag 3 dagar, 6 timar	Fråvær yrkesfag, skuleåret 2017/18: 3 dagar, 7 timar.
	Halde fråværstala låge: (median verdiar) Studieføreb.fag: 3 dagar, 9 timar	Fråvær studieførebuaande fag skuleåret 2017/18: 3 dagar, 10 timar.	

Driftsutgifter opplæring

REKNESKAP OPPLÆRING (Heile tusen)	Rekn bto 2017	Rekn bto 2018	Avvik netto budsj. 2018
Vidaregåande skule	2 333 704	2 269 009	-22 958
Fagskule	107 894	119 979	273
Fagopplæring	405 741	433 193	-6 320
Vaksenopplæring	58 646	58 157	10 660
OT/PPT	43 377	46 323	-76
Andre postar	201 636	215 088	21 182
Sum brutto driftsutgifter	3 150 998	3 141 749	2 761

Opplæringssektoren hadde budsjettoverskot på knapt 3 mill. kr etter at det var sett av 23 mill. kr på fond for bruk seinare år. På nokre område var det meirforbruk i høve til budsjettet, men dette vart kompensert av innsparingar på andre område.

Samla brukte opplæringssektoren ni millionar kroner mindre i 2018 enn året før. Budsjetttramma for dei vidaregåande skulane var redusert med 50 mill. kr frå 2017 til 2018. 23 mill. kr av denne reduksjonen heng saman med at IKT-tenester til dei vidaregåande skulane frå 1.1.2018 vart overført frå skulane til økonomi- og organisasjonsavdelinga ved IT-seksjonen.

Rekneskaperen for 2018 viser at opplæringssektoren har greidd godt å tilpassa seg dei reduserte rammene.

Målretta satsing på opplæring

Målretta satsing på skular og kunnskap har gjeve resultat i Hordaland. Fleire fullfører vidaregåande utdanning og med betre resultat enn før. Det siste skuleåret har 83,5 % av elevane fullført og bestått opplæringa med betre karakterar, og det er færre som sluttar. Størst er auken innan påbygg til studiekompetanse og yrkesfag. Det viser «Kvalitetsmeldinga for vidaregåande opplæring i Hordaland 2017/18».

Tala viser samstundes at ikkje alle lukkast i opplæringa, og fylkeskommunen må difor halde fram med målretta tiltak for å sikre at fleire fullfører og har eit godt læringsmiljø under opplæringa. I dette arbeidet er det fleire viktige pilarar. Den eine er korleis vi kan førebyggje at elevar sluttar, og den andre er korleis vi kan tilbakeføre dei elevane som trass alle forsøk har slutta i vidaregåande opplæring. Nokre ungdommar søker seg ikkje til vidaregåande opplæring eller jobb, og står i fare for å falle utanfor. Også denne gruppa er fylkeskommunen sitt ansvar. Eit fjerde moment er å sikre at vaksne òg får sjansen til å fullføre vidaregåande utdanning og fagskule, og dermed styrkje sjansen til varig tilknytning til arbeidslivet.

Auka fullføring er ikkje viktig berre for den einskilde, men og for å tilføre naudsynt kompetanse til lokalt næringsliv

og regional utvikling. Regional planlegging og rett dimensjonering av skule og opplæring er viktige verktøy her. Like viktig er samarbeid med lokale aktørar for å kartleggje kva kompetanse som trengst og sikre læreplassar innan yrkesopplæring. I 2018 sikra 3052 hordalendingar seg fagbrev eller sveinebrev.

Regional plan for kompetanse og arbeidskraft vart politisk godkjent hausten 2017. I denne planen er dimensjonering av fag- og yrkesopplæring eit sentralt tema. Planen gjer det klart at det skal takast omsyn til læreplassar og næringslivet sine behov for kompetanse når ein planlegg tilbodet dei ulike skulane skal ha.

Fleire fullfører vidaregåande opplæring

Fleire elevar fullførte og bestod vidaregåande opplæring skuleåret 2017/18 enn førre år. Dei tre siste åra viser ein jamn auke frå høvesvis 81,0 %, 81,9 % til 83,5 %. Ei grovinn- deling viser at det er størst auke i påbygg til studiekompetanse og for dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Karakterresultata i fylket viser ein svak og jamn auke dei tre siste åra innanfor alle dei tre utdanningsretningane. Også her er det påbygg som kan vise til størst auke i karakterutviklinga frå 3,39 i 2015/16 til 3,62 i 2017/18.

	Fullført og bestått			Karakterresultat		
	2015/16	2016/17	2017/18	2015/16	2016/17	2017/18
Studieførebuande	84,3 %	86,6 %	86,7 %	4,09	4,16	4,18
Påbygg	65,2 %	65,6 %	70,0 %	3,39	3,49	3,62
Yrkesfag	80,0 %	79,1 %	82,0 %	3,75	3,81	3,89
Samla	81,0 %	81,9 %	83,5 %	3,90	3,97	4,02



Foto: Morten Wanvik

Illustrasjonsfoto: Yrkesfagleg utdanning har vorte meir etterspurd dei siste åra.

Høgare yrkesfagleg utdanning

Fagskolen i Hordaland hadde 1168 studentar i utdanning hausten 2018 fordelt på seks studiestader i fylket. Fagskulen har eit breitt teknisk og maritimt fagtilbod. I 2018 fekk skulen utvida portefølje med helsefagskule-utdanningar. Fagskolen i Hordaland er den største fylkeskommunale fagskulen i landet, og vil vere ein stor pådrivar for lokal, regional og nasjonal kompetanseheving i åra framover. Gjennom regionale planar og prosjekt som til dømes RIGHT-prosjektet arbeider fylkeskommunen no målretta og strategisk med fagskuleutdanning som ein regional utviklingsaktør. Dette er også i tråd med ny statleg tilskotsordning for fagskuleutdanning som vart sett i verk i 2018 og den komande kompetansereforma. Den nye tilskotsordninga gjev fylkeskommunane eit utvida ansvar for å kartleggje og ivareta regionalt kompetansebehov, like eins å gje tilskot til både privat og offentleg fagskuleutdanning.

Fagskulestudentane har no rettar på lik line med studentar frå universitets- og høgskulesektoren. Det vedtok Stortinget gjennom ny «Lov om høgere yrkesfaglig utdanning». Mellom endringane er at fagskulestudentar får uttelling for utdanning med studiepoeng, fagskular har rett til å vere medlem i ein studentsamskipnad og innføring av nye krav til samansetjing av styret. Fylkestinget har difor oppnemnd nytt styre som arbeider med strategi for å vidareutvikle skulen mellom anna med nye satsingar innan marine fagområde og digitalisering.

Opplæring i bedrift

2018 har vorte markert som yrkesfaga sitt år av Regjeringa og i Hordaland vart det teikna 2300 nye kontraktar. Dette er ein auke frå 2017 på om lag 50 kontraktar.

I alt 3052 hordalendingar tok fagbrev eller sveinebrev i 2018, litt færre enn året før (3175). Nedgang i talet på fagbrev/sveinebrev er delvis knytt opp til nedgang i oljenæringa, mellom anna ser vi at det var færre fagbrev i sveisefaget (+ 22), logistikkfaget (+ 30), industrimekanikarfaget (+ 30) og industrirørleggjarfaget (+ 19). Nedgang finn vi dessutan i rørleggjarfaget (+ 14), tømrarfaget (+ 24) og kokkfaget (+ 22).

Fleire ut i lære

Ungdom som får lærekontrakt, fullfører i stor grad opplæringa. Det viser nasjonale og lokale tal. I Hordaland vert det jobba systematisk for å skaffe fleire lærebedrifter og auke talet på lære plassar. Prosjektet «Auka gjennomføring – fleire ut i lære» har som mål å styrkje skulane sitt arbeid med å sikre at fleire elevar skal få lære plass. Systematisk arbeid på skulane og auka samarbeid med arbeidslivet i regionen er ein viktig del av arbeidet. Prosjektet har fem koordinatorar knytte til seks yrkesfaglege skular. Tal frå prosjektskulane viser auka formidling av lærlingar ved dei seks skulane i 2018 samanlikna med førre året.

Nasjonale tal viser at inntil 70 % av elevane får læreplass via yrkesfagleg fordjuping, som er det største programfaget. I prosjektet vert det jobba med å få god struktur på dette faget. Eit læreplassrekneskap er utvikla for å følge systemet rundt eleven i det fireårige løpet og sikre at skulen mellom anna har oversikt over om eleven har fått læreplass. Det er dessutan viktig å styrkje elevane sin kompetanse om speleregler i arbeidslivet, sosial dugleik og korleis ein skal gå fram for å få læreplass.

Sentrale styresmakter har invitert fylkeskommunane til aktiv deltaking i «Aksjon læreplassjeger». Hordaland har meldt seg som eitt av fem pilotfylke og ønskjer å satse på fag innan Teknikk og industriell produksjon, Elektrofag og IKT. Årsaka er at vi innan desse områda har lang erfaring med at elevar ikkje får seg læreplass etter ferdig skulegang. Målet er mellom anna å etablere samarbeid med fleire bedrifter som kan ta imot elevar og lærlingar.

Behov for fagarbeidarar i fleire bransjar

Ei av dei største utfordringane i vidaregåande opplæring er å få fleire til å fullføre med fag- eller sveinebrev. For det første er det ikkje alltid samanheng mellom det elevane søkjer og arbeidslivet sitt behov. Det er bransjar og yrke som ikkje får tilstrekkeleg med kompetent arbeidskraft, medan andre fag er populære med stor konkurranse om lærlingplassar. Fag- og yrkesopplæringa byggjer på tett samarbeid mellom partane i arbeidslivet, fylkeskommunen og lærlingen.

Elektrikarfaget vart i 2018 det største faget med 240 teikna lærekontraktar, ein auke på nesten 10 % frå 2017. Dei siste tre åra er talet på skuleplassar redusert med 90 i Hordaland. Likevel står mange att utan læreplass i elektrofaga. Bransjen melder no om oppgang for dei to neste åra. Oljebransjen og bygg- og anleggsbransjen på si side får ikkje dekt sine behov for lærlingar og fagutdanna arbeidskraft. Innan helsearbeidarfaget aukar talet på lærekontraktar. I 2018 vart det teikna 222 kontraktar, ein liten auke med 8 kontraktar frå 2017. Fleire kommunar i Hordaland jobbar godt innan helsefag. Bergen kommune auka inntak av lærlingar med 10 % i 2018, og i 2019 innfører kommunen læreplassgaranti for søkjarar.

Læringsmiljø

At elevar og lærlingar kjenner seg som del av eit inkluderande fellesskap, er avgjerande for både personleg utvikling og læring. Elevundersøkinga og lærlingundersøkinga som elevar og lærlingar kvart år svarar på, gjev viktig informasjon om trivsel i skule og i lærebedrift.

Trivsel i lærebedrifter

For lærlingane gjeld arbeidsmiljølova, og fylkeskommunen jobbar med å sjå til at bedriftene har oppfølging av arbeidsmiljøet som ein del av internkontrollsystemet sitt. Målet er stadig forbetring av læringsmiljøet og at flest mogeleg fullfører opplæring i bedrift. I 2018 svarte tre firedelar av



Foto: Morten Wanvik

Illustrasjonsfoto: 85 % av lærlingane trivst på arbeidsplassen.

lærlingane med læretid over 11 månader på lærlingundersøkinga. Svarprosenten er høgare enn landsgjennomsnittet på 62 %. I løpet av to år har i alt 3800 lærlingar gjeve sitt verdifulle bidrag om opplæring i bedrift som gjev fylkeskommunen grunnlag til å jobbe med kvalitet og arbeidsmiljø i lærebedriftene.

85 % av lærlingane svarte at dei trivst på arbeidsplassen i 2018, og heile 94 % svarte at dei er motiverte til å lære i bedrifta dei er i. Svarta tyder også på at dei fleste lærlingane får god oppfølging; 87 % svarar at dei får hjelp og støtte i arbeidet dersom dei treng det og 76 % er nøgde med opplæringa dei har fått på arbeidsplassen.

Mobbeombodet, elev- og lærlingombodet og fagopplæringskontoret har samarbeidd om å utarbeide Handlingsplan mot trakassering/mobbing av lærlingar og lærekontraktar. Bakgrunnen for planen er siste års lærlingundersøkingar, som viser at ein del lærlingar/lærekontraktar opplever trakassering og mobbing. Opplæringsavdelinga skal følgje opp at krava i arbeidsmiljølova vert oppfylte. I 2018 svarte 3,7 % av lærlingane at dei er vortne mobba på arbeidsplassen dei siste månadene. Dette er ein nedgang på 0,7 prosentpoeng frå 2017, då 4,4 % rapporterte det same. Tala indikerer at utviklinga går rett veg.



Foto: Morten Wanvik

Illustrasjonsfoto: Undersøking viste at over 86 % av elevane trivst godt eller svært godt på skulen.

Trivsel på skulane

Hausten 2018 svarte 86,7 % av elevane at dei trivst godt eller særst godt på skulen, og 82,2 % svarte at alle, eller dei fleste lærerane behandlar dei med respekt. Samstundes er det enkelte som i mindre grad opplever trivsel på skulen.

I snitt seier 4,1 % av elevane at dei på ein eller annan måte vert mobba på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare. Tilsvarende tal førre året var 4,5 % og undersøkinga indikerer at det er ein reduksjon i mobbetala. Variasjonen i mobbetala er større mellom utdanningsprogram enn mellom skular. Det er eit lovfesta krav at skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Dette følgjer av opplæringslova kapittel 9A. Skulen har difor plikt til å setje inn tiltak så lenge eleven opplever at han eller ho ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Godt skulemiljø og mobbing er viktige tema som vert følgde opp gjennom kvalitetsoppfølginga ved skulane.

Folkehelse – helsefremjande tiltak i skulen

Å investere i oppvekst og utdanning er å investere i god helse. Opplæringslova pålegg skulen å fremje helsa til barn og unge. Alle elevar har rett til eit fysisk og psykososialt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Eit godt læringsmiljø kan føre både til gode prestasjonar i skulen, og

til god sosial kompetanse, som igjen verkar positivt på helsa. Motiverte elevar påverkar læringsmiljøet på ein positiv måte.

Ein helsefremjande skule er kjenneteikna av at ingen vert mobba, at elevane er ein del av ein fellesskap med jamnaldrande og at dei meistrar skulearbeidet. (Folkehelseinstituttet 2011).

Fylkeskommunen jobbar målretta med folkehelse og helsefremjande tiltak i vidaregåande opplæring. I 2019 får alle elevar i vidaregåande skule tilbod om gratis meningokk-vaksine. Tilbodet gjeld både private og offentlege skular. Fylkestinget løyvde 4,2 millionar kroner til vaksineprogrammet i 2019.

Skulefrukost

Ein sunn frukost før skulen byrjar er helsefremjande og tilbodet vart utvida til å gjelde alle vidaregåande skular i 2018. Skulefrukosten er sosial og inkluderande, og skal på sikt bidra til å utjamne sosiale forskjellar i helsa til elevane. Mange skular melder tilbake om positive resultat med ordninga i form av betre skulemiljø, ikkje minst fordi elevane ofte er saman på tvers av klassetrinn og utdanningsprogram. Undersøkingar viser at majoriteten av elevane er svært nøgde med ordninga, og elevråda gjev positiv tilbakemelding. Skulane har lagt ned mykje arbeid med skulefrukosten, og lærarar melder om at elevane er rolegare og meir fokuserte når dei har ete frukost. Fylkestinget løyvde 6,5 millionar kroner til tiltaket i 2018.

Pedagogisk psykologisk teneste

I alt 1074 elevar og lærlingar frå heile fylket vart tilviste til Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) i 2018. Årsakene var mellom anna behov for utgreiing av lese- og skrivevanskar, matematikkvanskar og utgreiing av konsentrasjonsvanskar og evner. I tillegg har PPT skrivne ulike uttalar for elevar og lærlingar om behov for tilrettelegging og skrive sakkunnige fråsegner der lova krev det. Det er og fleire som tek kontakt for rådgjeving. Fylkeskommunen har dessutan ansvar for opplæring til barn i sosiale og medisinske institusjonar og tok imot 35 saker i løpet av 2018, ei nedgang frå 62 saker førre år.

I 2018 jobba PPT målretta for å styrkje kompetansen om psykisk helse gjennom prosjekt og utviklingsarbeid i samarbeid med skulane og andre samarbeidspartnarar. Kurspakka Møte med minoritetsspråklige / fleirspråklege elevar i vidaregåande skular vart utvikla i samarbeid med Statped. Målet er å auke kompetansen om psykisk helse hos den einskilde lærar.

Psykologar ut på skulane

Psykologteamet i Hordaland var i full drift i 2018. Målet er å styrkje arbeidet med den psykiske helsa til elevane og er eit ledd i den målretta satsinga på helsefremjande tiltak og systemarbeidet på alle skular i fylket. Teamet skal hjelpe skulane med å fremje kunnskap om psykisk helse og trivsel i organisasjonen og gje støtte i arbeidet med å betre det psykososiale miljøet for å hindre skulefråvær. Tenesta er eit lågterskeltilbod for elevane og hjelper skulane i enkeltsaker. Psykologane har tett samarbeid med kommunane gjennom skulehelsetenesta. Frå januar 2019 skal arbeidet førast vidare som eit varig tiltak.

Ungdom utan jobb eller opplæring

Totalt søkte 18 325 elevar plass i den offentlege vidaregåande skulen i Hordaland i 2018. Samstundes er det kvart år ungdom som ikkje søker utdanning, og som heller ikkje er i jobb. Fylkeskommunen har ansvar for denne gruppa, og

jobbar systematisk for å kartleggje ungdommane og sikre at dei får gode tilbod om rettleiing, opplæring eller aktivitet.

I november 2018 var det 1 250 ungdomar som stod utan jobb eller opplæring. 363 av ungdommane fekk oppfølging og rettleiing, 382 av ungdomane var i aktivitet, medan 270 vart avklara i høve til annan aktivitet. Skulane er gode samarbeidspartnarar i dette arbeidet, til dømes Studiesenteret på Årstad vgs. og 47 av ungdommane tok fag der. gjennom dette samarbeidet. I november 2018 var 200 ungdomar framleis i ukjent aktivitet. Fylkeskommunen gjennomfører eit systematisk arbeid for å kontakte denne gruppa via brev, SMS og telefon. Fylkeskommunen hadde diverre ikkje oppnådd kontakt med desse ungdommane ved utgangen av 2018.



Foto: Morten Wanvik

Illustrasjonsfoto: Praktiske oppgaver og arbeid er motiverende for mange elevar som er teoritrytte.

Ungdom som står utan jobb og utdanning:	Februar 2018		Juni 2018		November 2018	
Målgruppekode – statusgruppekode - statuskode	Heile landet	Hordaland	Heile landet	Hordaland	Heile landet	Hordaland
I målgruppa	15 316	1 858	16 931	1 999	12 060	1 215
Ukjent aktivitet	1 528	233	1 165	121	2 836	200
Under oppfølging	3 738	465	4 077	515	3 202	363
I aktivitet	6 379	772	7 439	879	3 433	382
Avklart	3 671	388	4 250	484	2 589	270

Tabellen viser oversikt over ungdom som ikkje har søkt vidaregåande opplæring. Tal for heile landet og Hordaland. Tala for Hordaland viser kor mange som er kontakta av opplæringstenesta i Hordaland fylkeskommune. (Kjelde: Statistikkportalen 2019 – 01.14.)



Foto: Karl Ystanes

Hardangerproduksjonsskule i Ulvik tok inn dei første elevane i november 2018.

Hardanger produksjonsskule

Hordaland fylkeskommune har produksjonsskule med to avdelingar, Hyssingen og Hardanger. I november 2018 vart Hyssingen produksjonsskule evaluert og det vart vedteke at Hyssingen skule gå inn i fast drift.

Hardanger produksjonsskule starta haust 2018 med inntak av ungdommar i november. 11 ungdommar starta på slutten av 2018 på skulen som førebels har to verkstader, «Mekanisk verkstad» og «Natur og miljø». I løpet av våren er det planlagt to verkstader til, «Digital verkstad» og ein «Kreativ verkstad». I tillegg fungerer gardsbruket som ein avlastningsverkstad for dei andre faste verkstadene. Skulen kan ta imot inntil 40 ungdommar frå heile Hordaland og Sogn og fjordane når alle tilboda på plass.

Ungdommane arbeider heile dagar i verkstadane med praktisk arbeid, både oppdrag for skulen og for eksterne kundar. Målet er å få ungdommane til å oppleve meistring og arbeidslyst, og gjennom det finne vegen attende til enten

skule eller ut i lære eller ordinært arbeidsliv. Ungdommane får bu på skulen, og internattlivet skal bidra til gode rutinar i høve til mat og søvn, slik at dei klarer å fungere i arbeidslivet eller på skulen.

Ein framtidsretta skule- og tilbodsstruktur

Fylkeskommunen har som hovudmål å vere ein pådrivar for regional utvikling. Eit overordna mål innan opplæring er å utvikle og sikre mål som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering som svarar på behova i arbeids- og næringsliv. Ein viktig strategi er å byggje ein framtidsretta skule og tilbodsstruktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet for omstilling.

Skulebruksplanen

Det viktigaste verktøyet i arbeidet med skule- og tilbodsstrukturen i Hordaland er skulebruksplanen. Planen legg dei langsiktige føringane for korleis det vidaregåande opplæringstilbodet skal innrettast framover, og den representerer difor Hordaland fylkeskommune si prioritering av større investeringar i skulebygg heilt fram til 2030. Det overordna målet for skulebruksplanen er å gje eit berekraftig tilbod som er tilpassa til elevane sin bustad og til arbeidslivet sitt behov for kompetanse.

Gjennomføringa av vedtaka i skulebruksplanen vert koordinerte gjennom prosjektet «Varige og gode verknader av skulebruksplanen».

Oppfølging av vedtak i 2018:

- Voss gymnas. Nybygget til Voss gymnas vart teke i bruk til skulestart i 2017. Rehabiliteringa av det gamle skulebygget vart noko forseinka, men til skulestart hausten 2018 var det gamle jugendbygget frå 1919 totalrenovert. Det betyr at heile skulen no er ny og moderne.
- Nye Åsane vgs. Byggjearbeidet for Nye Åsane vgs starta opp i juni 2018, der U. Pihl vgs. tidlegare låg. Bygget får eit samla areal på ca. 26 700 kvadratmeter fordelt på fire etasjar, inkludert kulturhus på om lag 4 050 kvm. Fylkeskommunen skal også ha ein tannklinikk på om lag 500 kvm. i bygget.
- U. Pihl vgs vart riven straks etter skuleslutt juni 2018. Skuletilbodet ved U. Pihl vil verta delt mellom Tertnes vidaregåande skule og Nye Åsane vidaregåande skule i den permanente løysinga frå 2020. Frå sommaren 2018 til sommaren 2020 vil i hovudsak dette skuletilbodet vere etablert på Tertnes vgs.
- Arna vgs. Heile Arna vgs. er rehabilitert. Delar av opplæringstilbodet er flytta ut frå Garnesstølen, og skulen er no samlokalisert. Offisiell opning var 25. januar 2019.

- Bergen Katedralskole. Den eldste delen av skulen er totalrehabilitert, og nybygg for klasserom og bibliotek er ført opp. Skulen har fått ny hovudinngang frå Kong Oscars gate. Det har elles vore gjennomført lettare rehabilitering av andre delar av skulen. Nyopning var 18. september 2018.
- Sandsli vgs. Ved Sandsli vgs er fellesareal, kantine og bibliotek ferdig rehabiliterte. I tillegg er alle kjøkken rehabiliterte for å tilpasse samlokalisering av Restaurant- og matfagtilbodet i Hordaland fylkeskommune. Ferdigstilling av arbeidet; februar 2019.
- Tertnes vgs. Tertnes vgs har fått ny idrettshall, turnhall og ulike treningsrom tilpassa toppidrettstilbodet ved skulen. I tillegg er det bygd nye realfagslaboratorium og auditorium, og kantine og bibliotek er bygd om. Delar av den eldste bygningsmassen er også rehabilitert. Nyopning av skulen var i august 2018.
- Odda vgs. Hausten 2018 var siste byggjefase ved skulen ferdig. Yrkesfagbygget er totalrehabilitert, og inkluderer personalrom, administrasjon, klasserom og verkstad for yrkesfag. I tillegg er gymsal og garderobar rehabiliterte. Nyopning var 18. desember 2018.

- Askøy vgs. Rom og funksjonsprogram vart vedteke i juni 2018 og byggjestart er planlagt til juli 2020. Askøy kommune held parallelt på med ein områdeplan for Myrane.

Som ein del av oppfølginga av skulebruksplanen, er det sett ned to prosjekt i Sunnhordland og Nordhordland. Føremålet er å styrkje samhandlinga med arbeids- og næringslivet. Talet på elevar og bedriftene sine behov for kompetanse er viktige element i prosjekta.

Pilotprosjekt i Sunnhordland

Skule og næringsliv skal saman utvikle ein pilotmodell for yrkesfagleg opplæring i Sunnhordland. Ein sentral aktivitet i prosjektet er å sikre elevane relevant praksis i trygge omgjevnader og utnytte andre praksisarenaer i tillegg til verkstad på skulen. Tilgang til spesialmaskinar og arealkrevjande utstyr vil vere avgjerande for kva del av opplæringa som skjer på dei ulike arenaene. Prosjektet er forankra i fylkestingsvedtak frå desember 2016.

Nordhordlandsprosjektet

Eit prosjekt som skal utvikle og prøve ut nye undervisningsformer er i gang i Nordhordland. Meininga er å gjennomføre



Foto: Morten Wanvik

Arna vidaregåande skule vart rehabilitert i 2018.

meir av den praktiske undervisninga ute i verksemdene. Samarbeidsprosjektet skal i dialog med næringslivet bidra til å få fram kunnskapsgrunnlag i høve til behov for nyinvesteringar ved å sjå på praksisopplæring og bruk av verkstadsareal i skule og bedrift. Samarbeidsavtalar og vurdering for læring har vore sentrale tema i dialog med bedrifta, men og korleis fordelinga av praksis skal vere mellom skule og bedrift.

I tillegg er det sett ned eit eige prosjekt som skal få fram kunnskapsgrunnlag om behov for fagtilbod, dimensjonering og behov for kompetanse og arbeidskraft i Nordhordland i framtida. Prosjektet er eit samarbeid mellom næringslivet i regionen, Regionrådet i Nordhordland og Universitetet i Bergen. Fylkeskommunen har løyvd midlar til prosjektet som skal bidra til å styrkje samarbeidsrelasjonar mellom næringsliv, offentleg sektor og skulane i regionen.

Lokalt samarbeid i vaksenopplæringa

Fem senter for vaksenopplæring er etablerte som del av skulebruksplanen. To av sentra ligg i Bergen, dei siste tre på Sotra, Stord og Voss. Sentera har tett samarbeid med kommunar, arbeidsgjevarar og andre partar for å sikre eit relevant og godt tilbod om vidaregåande opplæring til vaksne brukarar. Tilbodet gjev den einskilde vaksne høve til å fullføre vidaregåande utdanning og stå betre i arbeidsmarknaden, og sikrar samstundes at lokalt næringsliv får faglært kompetanse. I 2018 innførte Regjeringa ei ny lovgjeving, «Fagbrev på jobb», for at fleire ufaglærte skal få høve til å ta fagbrev. Ordninga er venta å tre i kraft i løpet av våren 2019.

Styringsdokument – regionale planar og temaplanar

Planansvar opplæringsavdelinga

Regionale planar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2017	FT	Kan verte revidert i nye Vestland fylkeskommune
Temaplanar			
Skulebruksplan 2017-2030, skule- og tilbodsstruktur for framtida	2016	FT	Kan verte revidert i nye Vestland fylkeskommune
Styringsdokument for pedagogisk utviklingsarbeid i vidaregåande skule 2016-2018	2016	FUV	Vert vidareført fram til nye Vestland fylkeskommune

Styringsdokument for pedagogisk utviklingsarbeid i vidaregåande skule 2016-2018 vert rullert fram til etablering av Vestland fylkeskommune.

Skulebruksplanen: Eksisterande SBP vert ikkje direkte revidert. Delprosjekt 1.5 i førebuinga av fylkessamanslåinga vil tilrå tidspunkt for gjennomgang av skulestruktur i Vestland fylkeskommune.



Foto: Melanie Bergeron, Austvoll folkebibliotek

Kultur og idrett

Kultur og idrett – måloppnåing 2018

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul ■ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Overordna mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultat 2018/status
1. Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom brei samfunnsdialog leggje grunnlag for kultur som premiss for utviklinga av alle samfunnsområde.	Setje i verk handlingsprogram (Regional kulturplan) og rapportere.	Gjennomført årleg rutine for planlegging og rapportering.	Gjennomført
	Gjennomgå verkemiddel og oppgåveproduksjon.	Identifisere alle aktuelle verkemiddel og oppgaver med behov for endring.	Gjennomført
	Arrangere kultur- og idrettskonferanse.	I samråd med kulturliv og kommunar i Hordaland.	Kontinuerleg
	Dialogmøte.	Årlege dialogmøte etablerte for heile kultur- og idrettssektoren.	Kontinuerleg
	Kontroll og rapportering.	Budsjett og rapporteringsmøte med tilskotsmottakarar – interne rutinar.	Kontinuerleg
2. Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom fagleg og økonomisk medverknad støtte opp under eit sterkt profesjonelt og frivillig kulturliv i Hordaland.	Avklare lokale, regionale og nasjonale interesser, ansvar, oppgaver og verkemiddel.	Etablere strukturert og open prosess for avklaring av regionale interesser.	I prosess, må sjåast i samheng med regionreforma.
	Etablere effektive digitale løysingar på alle tilskotsordningar.	Forbetra informasjon og funksjonalitet.	I prosess
		Gjennomgang av sakshandsamingsrutinar.	I prosess
	Streng økonomisk prioritering, detaljert budsjettering og rapportering i verksemda.	Målretta budsjettering i høve langsiktig økonomisk utvikling i HFK.	Kontinuerleg
	Effektivisere administrasjon.	Vidareføre effektivisering av verksemda. Etablere måltal.	Kontinuerleg
Etablere rettleiingsordning og kurs i skriving av politiske saker.	Igangsetting (m økonomi- og organisasjonsavdelinga).	Ikkje starta	
3. Kultur- og idrettsavdelinga skal vere ein samfunnsutviklar og arbeide for å sikre eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv med tilgang og deltaking for alle.	Publisere Kulturstatistikk for Hordaland.	Utvikle metode i samråd med kommunane og kultur- og idrettsaktørane.	I prosess
	Auke bruk av digitale kommunikasjonsverktøy.	Etablere tiltak og måltal.	I prosess
	Tiltak for enkel, lett tilgjengeleg og god nettkommunikasjon.	Redusert tal på møte og reiser (etablert måltal).	I prosess
	Meir effektiv oppgåveløysing myndesutøving via digital kommunikasjon.	Redusert sakshandsamingstid.	I prosess
	Auke merksemd på god forvaltningsskikk.	Etablert kurs/sertifikatordning.	I prosess

Driftsutgifter kultur og idrett

REKNESKAP KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA (Heile tusen)	Rekn bto 2017	Rekn bto 2018	Avvik netto budsj. 2018
Bibliotek	11 280	11 741	-237
Kulturminnevern	57 814	60 610	-3 136
Museum	49 642	53 801	9
Friluftsliv	15 376	16 767	0
Idrett	112 480	186 132	-117
Kunstformidling	73 192	72 884	68
Andre kulturføremål	56 488	60 144	-153
Administrasjon	6 802	6 804	4 158
Sum brutto driftsutgifter	383 074	468 883	592

Resultatet for kultur og idrett for 2018 var eit mindre overskot på 0,59 mill. kr. Storparten av idrettsmidlane gjeld utbetaling av tilskot til idretts- og friluftslivanlegg. Utbetaling av slike midlar var over 73 mill. kr meir enn i 2017. Årsaka var at mange tildelingar frå tidlegare år kom til utbetaling i 2018. Den store nettoinnsparinga for administrasjon skriv seg frå at midlar til tariffoppgjer, pensjonspremie m.m. for alle tilsette ved kultur- og idrettsavdelinga er budsjetterte på denne posten. Midlane vert nytta på tilsette innan alle driftsområda.

Kulturminnevern

Arkeologiske funn og skjøtsel

I løpet av året er det gjort arkeologiske registreringar i 32 større saker, ni mindre private tiltak og ei sak der publikum leverte inn førhistorisk materiale. Det vart gjort funn av automatisk freda kulturminne i ni av dei førstnemnde sakene og fem funn i dei private tiltaka, inkludert saka med innlevert funn.

Til saman var det 22 automatisk freda lokalitetar i dei arkeologiske registreringane. Fire funn frå steinalder, eitt frå bronsealder, 14 frå jernalder, to frå mellomalder og eitt som ikkje er nærare tidfesta enn frå før reformasjonen. Dei fleste lokalitetane er spor etter busetnad, åkerbruk og jernvinne, men det vart òg funne ei gravrøys. I tid spenner funna over ein periode på meir enn 5000 år.

Det kom også inn metalldetektorfunn i 2018. Mest oppsiktsvekkande var ei ringspenne og ei treflika spenne frå vikingtid, som vart funne på Tysnes.

Det vart tildelt midlar via statsbudsjettet til tre prosjekt i Hordaland, i kommunane Austrheim, Sund og Granvin. Fleire eldre prosjekt er ferdigstilte, mellom anna ei rekkje

skilt til Fosnstraumen i Radøy kommune og hovudskilt for kulturløypa Fosnstraumen i Austrheim og Radøy. I 2018 vart løypa offisielt opna. Det vart utarbeidd skilt til Hæreidsmoen i Eidfjord kommune, til Skaganeset i Sund kommune, til kulturminne i Sveio kommune og utforming av skilt for mellomaldertuft i Stord kommune. Den opprusta stien i Hystadmarkjo i Stord vart opna, og ein deltok på vedlikehaldsskjøtsel saman med skuleborn. For å sikre kulturminne i eit mykje nytta friområde i Øygarden er det utarbeidd og montert eit skilt for å informere. Hordaland fylkeskommune hjelper også til med å utforme skilt for lokale lag og organisasjonar om kulturminne.

I tillegg til midlar tildelte gjennom statsbudsjettet, har Hordaland fylkeskommune vedteke stønad på 200 000 kr av egne midlar til lyssetjing av bergkunst i Kvam kommune i samarbeid med Statens Vegvesen, Universitetsmuseet i Bergen, Kvam kommune og grunneigar.

Hospiteringsordninga vart vidareført i 2018. Sju masterstudantar i arkeologi deltok gjennom feltsesongen i eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Universitetet i Bergen.

Kulturminnekompetanse i kommunane

Prosjektet handlar om å utvikle lokal kulturminnekompetanse, og fylkeskommunen samarbeider med kommunane



Foto: Ole Vegard Skauge

Hordaland fylkeskommune sikra at Lønningen lystgård ikkje gjekk tapt. Den gamle lyststaden står no på Milde, og Universitetet i Bergen er ny eigar.

og Riksantikvaren. Målet er mellom anna å styrkje innbyggjarane sin eigarskap til kulturminna. 19 av 33 kommunar har alt vedteke ein kulturminneplan, medan dei andre kommunane er i gang med planarbeidet.

Ny tilskotsordning til verna kulturminne

For å samordne offentleg tilskotsforvaltning og følgje opp prosjektet Kulturminne i kommunane, har fylkeskommunen endra den regionale tilskotsordninga. Den store skilnaden er at kommunane no i større grad vurderer og prioriterer tilskot. Eigarar av kulturminne søkjer gjennom kommunen, kommunen gjer prioriteringar og søkjer fylkeskommunen. Så langt midlane strekk til, vil ein gje tilskot i same storleik som kommunane set av, eller som dei skaffar gjennom privat finansiering. Ordninga skal styrkje bevaringsregulering som verkemiddel og stimulere for fritak frå skatt for eigedom med historisk verdi. 2 mill. kr vart løyvd i tilskot til 15 kommunar for å setje i stand verneverdige bygg og bygningsmiljø.

Bygningsvern og istandsetjing

Hordaland fylkeskommune ved fylkeskonservatoren er forvaltingsmynde for over 160 freda anlegg med rundt 550 bygningar. Riksantikvaren har i 2018 fatta fredningsvedtak i to saker førebudde av Hordaland fylkeskommune: Kong Oscars gate 70 og tobakksbutikken Reimers & Søn, begge i Bergen. Fylkeskommunen gjorde vedtak om mellombels freding av Botnahytta i Samnanger kommune.

I 2018 var det fordelt 16,53 mill. kr i statlege og fylkeskommunale tilskot til 36 freda kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i privat eige.

Prosjekt Bryggen er eit langsiktig program, som omfattar både kulturlaga og bygningane. Fylkeskommunen forvaltar mesteparten av statsmidlane til prosjektet. 15 mill. kr vart fordelte til istandsetjing, sikring, fellesoppgåver, forprosjekt og forundersøking. Istandsetjinga er ført vidare i frontbygningane i Svengården og Bredsgården, og bygning 2a i Bredsgården vart ferdig i overgangen til 2019.

Fartøyvern

25 verna fartøy fekk tilskot til sikring og istandsetjing, og ni verna fartøy fekk tilskot til forvaltning og drift. Større freda eller verneverdige fartøy kan søkje om midlar til å dekkje utgifter som er føresetnad for/konsekvens av at fartøya er i drift. I alt vart det fordelt 1,68 mill. kr til sikring og istandsetjing av verna fartøy og 1 mill. kr til forvaltning og drift.

Museum og verdiskaping

Hordaland sin museumspolitik er knytt opp mot dei 10 konsoliderte musea. I tillegg til det ordinære driftstilskotet er tilskotsordninga «Museumsløft» eit viktig verkemiddel i Hordaland fylkeskommune sin museumspolitik. Vel 4,5 mill. kr vart fordelte til 10 prosjekt; to innan bygningsvern, to innan forvaltning av samlingar, fem til formidling og eitt til å utarbeide museumsstrategi for alle kommunane i Sunnhordland. Mellom anna gjekk nærare 1,3 mill. kr til Hardanger og

Voss museum for å etablere arena for læring innan klassisk restaurering og bygningshandverk, i lag med Fagskolen i Hordaland. Norsk institutt for kulturminneforskning si evaluering av ordninga med bygningsvernkonseptar ved musea vart ferdigstilt. Prosjektet «Kystpilegrimsleia fase 1» vart avslutta i juni med opningsmarkering på Moster, ved Halsnøy kloster og i Bergen.

Kunstformidling

Kunst i offentlege rom

Hordaland fylkeskommune har dei siste ti åra satsa på kunst i offentleg rom/kunstnarleg utsmykking. For nye skular og ved større ombyggingar skal 1,2 % av totalentreprisen setjast av til kunst. Kunstkomiteen for ny vidaregåande skule og kulturhus i Åsane har representantar både frå Bergen kommune og fylkeskommunen, og dei har i 2018 arbeidd med kunstplan og konkurransar for å finne kunstprosjekt til skulen.

Bybanekunst har gjennom fleire år vore viktig for traseen Bergen sentrum – Fyllingsdalen, og kunstnarleg konsulent og kunstutval har arbeidd nært med dei som planlegg bana. Det første kunstprosjektet her er Jan Freuchen sitt prosjekt ved stoppestaden Kristianborg.

Fylkesmusikarane

Reidun Horvei, folkesong/kveding, og Frank Henrik Rolland, hardingfele, er fylkesmusikarar i Hordaland. Føremålet med fylkesmusikarordninga er å vidareføre folkemusikktradisjonane i fylket, synleggjere og auke interessa for folkemusikk og gjere han tilgjengeleg for folk flest.

I 2018 vart framsyninga Migrasjon framført i over 20 kommunar i fylket. Ho vart også vist i USA. Konsertturnéen Vinternatt hadde meir enn 10 framsyningar i Noreg og USA.



Foto: Lena Eikeland Kutschera.

«Migrasjon» i Emigrantkyrkja, Vestnorsk utvandringssenter på Radøy.

Den kulturelle skolesekken

Kulturtanken tildelte Hordaland fylkeskommune om lag 18,9 mill. kr av spelemidler til Den kulturelle skolesekken for skuleåret 2018-2019. Av dette var om lag 3,8 mill. kr knytte til skulekonsertar våren 2018. 10,9 mill. kr skulle nyttast til alle uttrykk til grunnskulen skuleåret 2018-2019, og tilsvarende om lag 4,2 mill. kr til vidaregåande skule. I tillegg fekk Hordaland fylkeskommune rundt 0,6 mill. kr til skulekonsertar i samband med overføring av gjennomføringsansvar frå Kulturtanken.

Av midlane til grunnskulen for skuleåret 2018/2019 vart rundt 4,4 mill. kr fordelte vidare til kommunane, utanom Bergen som fekk midlar direkte frå Kulturtanken. Resten av midlane til grunnskulen, om lag 6,5 mill. kr, nytta Hordaland fylkeskommune til 49 produksjonar. Midlane til vidaregåande skule gjekk til 14 produksjonar. I tillegg var det to produksjonar på bokbåten Epos. Totalt var om lag 170 utøvarar engasjerte.

I september arrangerte Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Bergen kommune og Kulturtanken ein nasjonal konferansen med elevmedverknad som overskrift. Kulturminister Trine Skei Grande opna konferansen, som var lagt til Amalie Skram vidaregåande skole.

UKM – Ung Kultur Møtest

Hordaland fylkeskommune har ansvar for UKM regionalt. I april vart festivalen arrangert i Kulturhuset Husnes i Kvinnherad med AKKS Bergen som produsent. Deltakarane fekk tilbod om verkstader innan kategoriane dans, musikk, unge arrangørar, scenemeistring, media, litteratur og kunst. Ein verkstad for unge arrangørar vart gjennomført ei helg i mars.

På lokalplan engasjerte UKM meir enn 800 unge rundt om i heile fylket. På UKM-festivalen i Hordaland deltok 246 ungdommar fordelte på 117 innslag. Under UKM-landsfestivalen i Trondheim i juni deltok om lag 550 ungdommar, og 28 av desse representerte Hordaland.

Fylkesbiblioteket

Program for modellbibliotek – utvikling av moderne folkebibliotek

Eitt av innsatsområda i regional kulturplan er at innbyggjarane i Hordaland skal ha tilgang til moderne og attraktive bibliotek. Fylkeskommunen har sidan 2014 vore med på å utvikle folkebiblioteka som arenaer gjennom modellbibliotekprosjektet, som no omfattar 16 bibliotek. I tillegg til økonomiske tilskot får biblioteka bidrag til interiørarkitekt og anna praktisk hjelp. Statistikk for bibliotek i programmet viser ein tydeleg auke i bruken, etter at dei har fått oppdatere lokale og aktualiserte samlingar. 11 av biblioteka er meiopne, slik at brukarane kan kome inn utanom bemanna opningstid. I 2018 vart Voss, Sveio og Masfjorden med i prosjektet, medan Austevoll og Fusa opna dørene til nye og moderniserte bibliotek.

Folkebiblioteka møter publikum på nettet

Fylkeskommunen ved fylkesbiblioteket arbeider med utvikling av nettstader til 18 kommunale bibliotek i Hordaland. Ein støtte på 300 000 kr frå Nasjonalbiblioteket vert nytta til å utvikle innhald på biblioteknettstadene i prosjektet «Kjelda». Målet er å gje brukarane gode offentlege nettkjelder og vise eit breiare bilde av kva biblioteket kan tilby.

Biblioteka i kommunane, utanom Bergen, er saman med dei vidaregåande skulane i Hordaland med i eit konsortium for



Foto: UKM Media Hordaland.



Ung Kultur Møtest-festivalen (UKM) i Hordaland.



14 kommunar i Hordaland har hatt klimaturné med foredrag og debatt i biblioteka.

digitale ressursar, som vert administrert av fylkeskommunen. Det vart lånt ut om lag 26 652 e-bøker i 2018, noko som er ein auke på 8 %. Alle folkebiblioteka i Hordaland har eit felles abonnement på den digitale avis- og tidsskriftstenesta PressReader. Bruken auka frå 57 000 lesne artiklar i 2017 til 64 000.

Kompetanseutvikling

Fylkesbiblioteket arrangerte åleine, eller i samarbeid med andre, 18 kurs eller konferansar med til saman 542 deltakarar.

Bibliotek som integreringsarena

Hordaland fylkeskommune er saman med Bergen Offentlige Bibliotek og Det Felles Innvandrarråd i Hordaland tildelt 1 mill. kr frå Gjensidigestiftinga til prosjektet «Rom for møte» i 2017–18. I dette året vart det delt ut 178 000 kr til prosjekt i åtte kommunar.

Bokbåten «Epos»

Bokbåten hadde 42 driftsdagar og 50 stoppestader delte på 22 kommunar. Utlånet gjekk opp frå vel 9400 til nærare 9800 utlån. Besøket auka att, frå 4485 til 4704. I samarbeid med Den kulturelle skolesekken og med støtte frå Folkeakademiet Hordaland var det barneprogram på dei fleste stoppa. I tillegg hadde båten vaksenprogram fem stader. Bokbåten tok del i litteraturfestivalen Falturiltu i Leirvik.

Turneverksemd

Fylkeskommunen organiserer turnear til biblioteka for å hjelpe dei til å vere uavhengige møteplassar og arenaer for offentlig samtale og debatt. Ordninga omfatta 75 tilskipingar med til saman 3440 tilhøyrarar ved folkebibliotek i Hordaland.

Fylkesarkivet

Fylkeskommunen har ansvar for dokumentsenter/moderne arkiv, depot og lokal- og regionalhistorisk arbeid. Hordaland fylkeskommune har hatt forvaltingsrevisjon på arkiv og offentlegheit. Dette er eit viktig tema for fylkeskommunen, og dokumentsenteret har arrangert oppfriskingskurs vår og haust i sak/arkiv for dei tilsette. Arkivverket sitt tilsyn viste behov for betre planar for elektronisk langtidslagring av dokument. Arkivplanen er det overordna dokumentet for alt arbeid, og informasjonsmøte om arkivplanen vert arrangert vår og haust.

Prosjektet «Utrulling av ePhorte til dei vidaregåande skulane» skal avløyse papir på skulane, slik at dei vert heilelektroniske i saks- og arkivhandsaming.

Ei viktig oppgåve er å handsame førespurnader om dokument i offentlig journal og eldre arkivmateriale. Dokumentsenteret journalfører alle arkivverdige dokument, publiserer den offentlege journalen og handsamar spørsmål om innsyn og generell publikumshandtering. I 2018 har Hordaland fylkeskommune handsama 634 krav om innsyn via offentlig journal og registrert i underkant av 200 000 journalpostar i ePhorte sak/arkiv. Publikum og tilsette etterspør persondokumentasjon og lokalhistoriske emne, med vekt på avleverte arkiv frå opplæringsavdelinga, OT/PPT, barnevernsinstitusjonar og lønnsavdelinga.

Ansvar for depot inneber å rettleie, ta imot, lagre og sikre eldre dokumentasjon frå sentraladministrasjon og institusjonar i fylkeskommunen, med ansvar for felles retningslinjer for avlevering av arkivmateriale. Skulane har vore prioriterte når det gjeld rettleiing, ordning og registrering av arkiv. Arbeidet med å ordne tannjournalar har også vore prioritert, og ein har ordna om lag 100 hyllemeter. Det har vore ei stor auke om innsyn i tannjournalar og skulearkiv. Alle arkiva vert registrerte i ASTA og publiserte i Arkivportalen, som er ei nasjonal søkjeteneste.

Privatarkiv

Hordaland fylkeskommune har ansvar for rettleiing og nokre tilskot til sogelag, historielag og lokalhistorisk arbeid. Fylkesarkivet er koordinator for privatarkivarbeid i Hordaland, og ein har hatt ei samling for privatarkivnettverket. Ein har rettleia museum når det gjeld privatarkiv og følgd opp deira arbeid med digitalisering. Eit samarbeidsprosjekt med Vossa Jazz om å ordne arkiva vart avslutta. Eit prosjekt med å ordne arkivet etter arkitektfirmaet Tvilde & Mossige AS på Voss, og eit samarbeidsprosjekt med Museum Vest: «Takk for handelen! Og på gjensyn...Bevaring av arkiv frå norsk handelsnæring», har vore prioriterte, saman med ordning av arkiva etter Norsk Handelsstands Forbund (1889-1990). Ressursar har også gått til digitalisering og registrering av foto i FotoStation for publisering i Fotoweb.

Idrett og friluftsliv

Idrettscampus Bergen

Fylkestinget vedtok vidare satsing på Idrettscampus Bergen — eit samarbeid mellom åtte store organisasjonar med mål å styrkje arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og folkehelse. Mange delprosjekt er sette i verk knytte til dei ti innsatsområda. Mellom anna er det tilrettelagt for mange arenaer for kompetansebygging og deling, utvikla ein modell for å auke gjennomføring i kroppsøvfingsfaget i vidaregåande skule, betre tilbod om deltaking i fysisk aktivitet til barn og ungdom med særskilde behov og heilskapleg oppfølging av toppidrettsutøvarar.

Idrettscampus Bergen har gjennom Helse Bergen og prosjektet Knutepunkt sett i gang eit delprosjekt og ein pilot i Os vgs. Modellen har som mål å få fleire elevar i vidaregåande skule til å fullføre, gjennom tett oppfølging og tilpassing av kroppsøvfingsfaget. Hordaland fylkeskommune ønskjer å dra nytte av nettverk, tidlegare samarbeid og jobbe vidare etter Idrettscampus Bergen sin visjon: «Styrke i samspel». Modellen skal overførast til tre-fire nye vidaregåande skular, i tillegg til at Os vgs. går inn i fase to.

Arrangementskompetanse er eit anna delprosjekt. Aktørane representerer mellom anna idrett, kultur og reiseliv. I 2018 har ein arbeidd med å utvikle ein regional og nasjonal arrangementsstrategi og det har vore arrangert ein «Styrke i samspel»-konferanse.

Årleg dialogkonferanse idrett og friluftsliv

Den årlege dialogkonferansen vart gjennomført i Os med om lag 50 deltakarar, som fekk fagleg påfyll, synfaringar og inspirasjon. På agendaen var mellom anna utfordringane rundt kunstgras/gummigranulat og informasjon om satsing på e-sport i Fusa sin nye fleirbrukshall.

Vestkystparken

Vestkystparken er ein regional partnerskap for strategisk, praktisk og økonomisk samarbeid om viktige friluftsområde langs kysten i Rogaland og Hordaland. Det vert lagt vekt på utfordringar knytte til maritim forsøpling. I perioden 2018–2021 har Hordaland fylkeskommune leiarskapet og sekretariatsansvaret for Vestkystparken.



Fotograf: Tove Lise Møssestad

Landsturneringa i handball og fotball som vart arrangert i Bergen 7.-9. september.

Anlegg

Til lokale kulturbygg var det søkt om spelemidler for 18,6 mill. kr, med 2,9 mill. kr til fordeling. Til kulturbygg med regionale funksjonar vart det søkt spelemidler for 46,2 mill. kr og gjeve tilskot på 1,3 mill. kr. Til Sentralbadet var det gjeve tilskot på 5 mill. kr og til Grieghallen var det gjeve tilskot på kr 3,3 mill. kr av fylkeskommunale midlar.

Fylkeskommunen fordelte 135 mill. kr av spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Det var godkjente søknader frå 31 kommunar i Hordaland med ein samla godkjent søknadssum på 504 mill. kr. Fylkeskommunalt investerings-tilskot til idrettsanlegg vart gjeve til Straume idrettspark – Sotra Turnhall 1 mill. kr og Os idrettspark Kuventræ dobbel fleirbrukshall 1 mill. kr.



Fotograf: Bjørg Larsen

Straume idrettspark – fotballhall.

Økonomisk støtte til kunst- og kulturliv

Hordaland fylkeskommune gjev både drifts- og prosjekt-baserte tilskot til kulturlivet. I 2018 vart det løyvd nært 60 mill. kr til om lag 80 fylkesfemnande organisasjonar og institusjonar med regional verdi.

Stønadsordningane er viktige reiskapar for å oppfylle mål i den regional kulturplanen «PREMISS: kultur». Eit viktig grep i kulturplanen er å skilje mellom amatørkulturfeltet og det profesjonelle kunst- og kulturfeltet, og å løfte det profesjonelle kunstfeltet er ei av satsingane.

Prosjekttilskota til kunst- og kulturtiltak er delte inn i tre ordningar med til saman 3,3 mill. kr til fordeling: «Prosjekttilskot: kunst og kultur – profesjonell», «Prosjekttilskot: kultur - amatør» og «Større kulturprosjekt». Av 282 søknader fekk 137 positive tilsegner. Samla søknadssum i dei tre ordningane var om lag 13 mill. kr.

Kulturelt utviklingsprogram

Stønadsordninga «Kulturelt utviklingsprogram (KUP)» gjer det mogleg for kulturlivet å realisere større satsingar og prøve ut nye vegar i ein prosjektperiode frå eitt til tre år.

Prosjekta skal oppfylle vedtekte satsingar, mellom anna i regional kulturplan. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordelte 6,6 mill. kr gjennom KUP til i alt 20 prosjekt, med både frivillige og profesjonelle. Det var fagleg og kunstnarleg breidde, og dei fleste sjangrar/felt innan kulturlivet var representerte. Løyvingane hadde relevans i fleire programområda i KUP og kunne slik oppfylle viktige satsingar i regional kulturplan. Den største løyvinga i 2018 på 1,4 mill. kr gjekk til etablering av filmveksthus i regi av Vestnorsk filmsenter.

Folkehelseperspektivet

Kunnskapsgrunnlag – folkehelseundersøkinga

I folkehelseundersøkinga svarte 67 % at tilgang til natur og friluftsområde er det viktigaste for å trivast i sitt nærmiljø. Godt over 90 % meiner dei har god tilgang til dette. Hordaland fylkeskommune har vore ei drivkraft i det nasjonale turskiltprosjektet, og det vert jobba målretta regionalt for å leggje til rette for friluftsliv for alle. Det gjeld alt frå sikring, kartlegging og verdisetting av friluftsområde, til aktivitets-tilskot til friluftslivsaktivitet for menneske med funksjonsnedsetjingar.

Vi nyttar eksisterande kunnskapsgrunnlag i arbeid med anleggspolitikk og anna utvikling på området. Levekårsundersøkingar, folkehelsprofilar og kultur- og idrettsindeks viser kva område det kan vere trong for fleire lågterskiltilbod til barn og unge, eller fleire anlegg for eigenorganisert aktivitet.

Folkehelsekonferansen

I oktober var Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Idrettscampus Bergen medarrangør for den nasjonale folkehelsekonferansen. Det var rekorddeltaking med 400 deltakarar og attendemeldingane på evalueringa var særst gode. Den eine dagen var det tema fysisk aktivitet med veldig god oppslutning. Vi utfordra også med nye metodar (m.a. pecha kucha) og eit pre-arrangement med debatt på Litteraturhuset (tema: generasjon utdatert). Begge desse tiltaka vert vidareførte på neste års konferanse i Oslo.

Fråfall i vidaregåande skule

Idrettscampus Bergen har gjennom Helse Bergen og prosjektet Knutepunkt sett i gang eit delprosjekt og ein pilot ved Os vgs. Modellen har som mål å få fleire elevar i vidaregåande skule til å fullføre, gjennom tett oppfølging og tilpassing av kroppsvøingsfaget. Modellen skal overførast til tre-fire nye vidaregåande skular, i tillegg til at Os vgs. går inn i fase to.

Landsturneringa

Landsturneringen er Norges Fotballforbund (NFF) og Norges Håndballforbund (NHF) si landsdekkande fotball- og handballturnering for spelarar med funksjonsnedsetjing. Arrangør i Bergen var NFF Hordaland og NHF Region Vest, i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Hordaland fylkeskommune har bidrege med økonomi og administrasjon, i tillegg til samarbeidet med Hyssingen produksjonsskule. Arrangementet hadde over 2000 deltakarar.

Biblioteket

Fylkeskommunen (fylkesbiblioteket) bidreg med hjelp til turnear i folkebiblioteka med aktuelle tema. I haust vart det arrangert ein Psykisk helse-serie med opne informasjonskvelder på bibliotek i Hordaland. Psykisk helse-programma er kome i stand i eit samarbeid mellom Mental Helse, Helse Bergen og Hordaland fylkeskommune.

Stor breidde i tilboda

Hordaland fylkeskommune arbeider for at alle skal kunne oppleve kvalitativt god kunst og kultur eller engasjere seg i eigenaktivitet. Slik er god folkehelse sett i samanheng med heile sektoren: friviljug aktivitet innan idrett og friluftsliv, kultur for og med born, unge, vaksne og eldre, profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar og profesjonelle kunst og kulturinstitusjonar.

Styringsdokument – regionale planar og temaplanar

Temaplanar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025	2014	KIRU	2019




Foto: Morten Wanvik

Tannhelse

Tannhelse – måloppnåing 2018

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul ■ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Overordna mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultat 2018/status
1. Tannhelsetenesta skal sikre likeverdige tilbod til alle innbyggjarar i Hordaland.	I 2018 startar arbeidet med å samordna drifta av tannhelsetenesta i Sogn & Fjordane og Hordaland.	Betre måltal for tannhelsa på nøkkelårskull (3-, 5-, 12-, 15- og 18-åringar). Sjå eigen tabell for nærare informasjon.	Betring for alle indeksar på nøkkelårskulla 3-, 5-, 12-, 15- og 18-åringar.
	Organisering Faglege og administrative rutinar og samordning av drift.	Betre måltal for dekningsgrad i dei lovpålagte gruppene (tal personar som tar imot tilbodet). Sjå eigen tabell for nærare informasjon.	Betring i dekningsgrad i nokre tannhelsedistrikt
	Revidere samarbeidsavtalar med alle kommunar i Hordaland.		
2. Tannhelsetenesta skal sikre gode fagmiljø på moderne tannklinikkar.	Gjennomføre den vedtekne klinikkstrukturplanen.	Starte arbeidet med ny tannklinik i Indre Arna.	Bygging av nye Arna tannklinik er starta.
	Utarbeide ein opplærings- og kompetanseplan for tannhelsetenesta.	Opplæring/kurs for tilsette blir i større grad haldne av eigne spesialistar.	Tilsette på TkVest/Hordaland held månadlege fagdagar for tilsette i tannhelsetenesta.
3. Tannhelsetenesta skal gje eit godt spesialisttilbod og vere pådrivar for forskning i tannhelsetenesta.	Arbeide for å få tilsett oral kirurg.	Rekruttere og stabilisere spesialistbemanning.	To oral kirurgar under utdanning er tilsett i høvesvis 10 %- og 90 %-stilling.
	Utarbeide forskingsstrategi for TkVest/Hordaland.	Ei doktorgradsavhandling kvart år	Ein stipendiat disputerte for doktorgrad i april 2018.
4. Tannhelsetenesta skal ha fokus på førebyggjande arbeid og på den måten bidra til betre folkehelse.	Tannhelsetenesta skal bli «gode på tal» - dvs. utveksle tannhelsedata på grunnkrets til alle kommunar/bydelar.	Signere reviderte samarbeidsavtalar med alle kommunar i Hordaland.	Reviderte samarbeidsavtalar med Bergen kommune er ferdig utarbeidde, men enno ikkje signerte.

Driftsutgifter tannhelse

REKNESKAP TANNHELSE (heile tusen)	Rekn bto 2017	Rekn bto 2018	Avvik netto budsj. 2018
Tannhelseavdelinga	27 185	25 701	2 052
Sentrum tannhelsedistrikt	83 811	85 430	-1 422
Nord tannhelsedistrikt	58 259	59 900	-401
Vest tannhelsedistrikt	65 866	63 340	-887
Sør tannhelsedistrikt	32 059	33 341	737
Aust tannhelsedistrikt	26 620	25 604	271
TkVest	52 514	58 200	-1 843
Sum brutto driftsutgifter	346 314	351 516	-1 493

Tannhelsetenesta hadde eit underskot på knapt 1,5 mill. kr i 2018. I 2017 var underskotet 2,5 mill. kr og i 2016 hadde tannhelsetenesta 12 mill. kr i underskot. TkVest med meirforbruk på 1,84 mill. kr og Sentrum tannhelsedistrikt med meirforbruk på 1,42 mill. kr hadde dei største underskota. Nord og Vest tannhelsedistrikt hadde også mindre underskot, medan Sør og Aust tannhelsedistrikt begge kom ut med plusstal. Administrasjon m.m. av tannhelseavdelinga hadde vel 2 mill. kr i mindre forbruk enn budsjettert.

Utviklingstrekk

Den orale helsa til hordalendingen vert stadig betre, spesielt mellom barn og unge. Hausten 2018 kom den nye nasjonale faglege retningslina for tannhelsetenester til barn og unge (0-20 år). Retningslina medfører auke i bruk av ressursar, spesielt med omsyn til kontroll av indikatorårskull (3-, 5-, 12-, 15- og 18-åringar). Samstundes er behandlingsbehovet større hos dei eldre og sjuke, av di dei lever lengre med eigne tenner. Førebyggjande arbeid må vektleggjast meir mot dei eldste aldersgruppene i tett samarbeid med den kommunale helse- og omsorgstenesta. Tannhelsetenesta er vorten tillagt eit større ansvar for grupper i befolkninga som har orale helseutfordringar grunna tortur, overgrep og odontofobi (TOO).

Folkehelsearbeid

Folkehelsearbeidet i tannhelsetenesta handlar om å bidra til god oral helse, gjennom god førebygging og helsefremjing for alle som bur i Hordaland. I 2018 vart det sett av 2 903 timar til folkehelsearbeid i dei ulike tannhelsedistrikta:

Tannhelse-distrikt	Tannlegar	Tannpleiarar	Tannhelse-sekretærar	Sum timar
Vest	122	389	24	535
Nord	122	699	6	827
Sør	64	349	21	434
Aust	19	275	4	298
Sentrum	169	615	26	809
Totalt	495	2 326	81	2 903

Tabell: Timar brukt til folkehelsearbeid, per 31.12.2018, Hordaland (OPUS)

Folkehelsetiltak

For å sikre at vi prioriterer førebyggjande tiltak, vert det laga lokale folkehelseplanar ved alle tannklinikane. Tiltak i planen vert evaluerte kvart år og i 2018 har det har vore jobba særleg med å gjere folkehelsearbeidet meir kunnskapsbasert, til dømes gjennom aktiv bruk av tannhelsestatistikk.



Foto: www.frukt.no

Opplysningskontoret for frukt og grønt - frukt.no.




Foto: Morten Wanvik

Askøy tannklinikk.

Eitt gjennomgåande tiltak i heile tannhelsetenesta i 2018, var «Stopttober». Det er ein nasjonal folkehelsekampanje i oktober månad, der målet er å motivere røykjarar og snusarar til å gjere eit slutforsøk. Tannhelsetenesta gjennomførte kampanjen på alle tannklinikkane og fokus i år var retta mot barn og unge (13 til 19 år).

Samarbeidsavtalar med kommunane

Eit særleg fokus i folkehelsearbeidet i 2018 har vore å revidere og fornye samarbeidsavtalane med kommunane. Avtalane er eit verkty i samarbeidet med dei kommunale tenestene for å nå dei som treng våre tenester mest. Fire av seks avtalar er reviderte – dei resterande avtalane skal reviderast i 2019.

«Null hull»

Fokus på førebygging i tannhelsetenesta har bidrege til betre tannhelse hos barn og unge. I eit 15-års perspektiv er delen personar med tenner heilt utan hol i endring i alle indikatorårskulla:

	3 år	5 år	12 år	15 år	18 år
2003	87,8 %	62,1 %	32,1 %	20,1 %	13,7 %
2017	94,8 %	84,1 %	56,9 %	37,4 %	22,4 %
2018	94,4 %	84,2 %	58,6 %	39,0 %	24,4 %

Tabell: Del utan karies; «null hull» (DMFT = 0), Hordaland (OPUS)

SiC-indeks

Sosial ulikskap i helse er ei folkehelseutfordring. Ein indikator tannhelsetenesta følgjer med på, er gjennomsnittleg DMFT (Decayed-, Missing-, Filled-, Tooth) på den tredelen av ei gruppe med mest karies (SiC-indeks). Over tid registrerer vi ei positiv endring og i 2018 har i gjennomsnitt ein 12-åring i den dårligaste gruppa 2,6 tenner med karies eller fylling. I 2015 var tilsvarande tal 3,0 og så 2,8 i 2017 og 2018.

Prioriterte pasientar

Talet på pasientar i dei prioriterte gruppene aukar og stadig fleire av dei eldre og sjuke har fleire eigne tenner og større

behandlingsbehov. Frå 2013 til 2018 har det vore ei auke i tal prioriterte pasientar i Hordaland på 6,8 %.

Tannhelsedistrikt	Totalt tal prioriterte pasientar					
	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Vest	34 283	35 169	35 003	34 404	34 866	35 202
Nord	25 325	26 653	27 021	26 620	26 995	26 453
Sør	15 736	15 764	15 945	15 668	17 314	15 972
Aust	10 507	10 266	10 839	10 503	10 635	10 488
Sentrum	43 662	44 644	43 653	46 752	49 843	50 265
Totalt	129 513	132 496	132 461	133 947	139 653	138 380

Tabell: Tal prioriterte pasientar, 2013 – 2018, Hordaland (OPUS)

Tilbod til dei med særlege behov

Det er i 2018 oppretta tre nye team som gjev eit spesialtilpassa tilbod til pasientar som har vore utsette for tortur eller overgrep, eller har diagnosen odontofobi (sterk angst for tannbehandling). Det er i 2018 seks slike tverrfaglege behandlarteam i Hordaland: på Stord tannklinikk, Frekhaug tannklinikk, Voss tannklinikk, Askøy tannklinikk, Straume tannklinikk og Årstad tannklinikk. Til desse tverrfaglege behandlarteam er det knytt psykologressursar.

Senter for odontofobi (SFO) gjev også tilbod til desse pasientane. SFO er lokalisert på kompetansesenteret TkVest/Hordaland (TkV/H). På SFO er det tilsett 3 x 100 % psykolog, og desse psykologane ambulerer til dei seks tverrfaglege behandlarteam i Hordaland og til eit tilsvarande team i Sogndal. Dette tannhelsetilbodet er statleg finansiert og vender seg mot vaksne pasientar. Barn med same diagnosar vert behandla med fylkeskommunale midlar.

Tenesta på Stord ferdigbehandla 22 personar i 2018, og har 20 på venteliste. Voss tannklinikk hadde i 2018 inntak av 13 tilviste vaksne pasientar. Klinikken på Frekhaug hadde inntak av 22 vaksne tilviste pasientar.

På SFO vart det tilvist 176 pasientar noko som er ein markant oppgang frå 2017 då det vart tilvist 64 pasientar. I løpet av 2018 var 106 pasientar under behandling ved SFO, og 31 pasientar var til behandling ved eit av dei nyopprettete teama.

Ventetida for pasientar med særlege behov er ca. eitt år på SFO, medan ventetid i distriktet er monaleg kortare. Det vert etablert eit mottaksapparat på den lokale tannklinikken når pasientane vert tilbakeførte til vanleg tannbehandling.

Bekymringsmeldingar

Samarbeidsavtalane med barnevernet har som mål å fange opp barn og foreldre som treng hjelp frå barnevernet. Det vart sendt til saman 82 meldingar til barnevernet; 15 bekymringsmeldingar om omsorgssvikt og 67 brev om pasientar som ikkje møter til time. Det vart sendt 81 informasjonsbrev til føresette i 2018.

Samarbeid med Statens barnehus

Tannlegar frå tannhelsetenesta i Hordaland har arbeidd på Barnehuset i Bergen ein dag i veka i 2018 for å utføra klinisk rettsodontologiske undersøkingar. Frem til august 2018 var det pedodontistar (spesialister i barnetannpleie) frå TkV/H som hadde denne oppgåva. F.o.m. august 2018 overtok tannlege fra Senter for odontofobi stillinga. I etterkant av undersøkingane blir det skrive ei klinisk rettsodontologisk erklæring, som vert send til påtalemakta.

Dei fleste undersøkingane er pålagde av påtalemakta og gjeld melde forhold, men det har også vore utført undersøkingar etter ønske fra barnevernet med samtykke frå forel-



Foto: Morten Wanvik

TkVest/Hordaland yter spesialisttenester til Hordaland og Sogn og Fjordane.

dre eller etter ønske frå foreldre. I 2018 vart det utført 62 undersøkingar ved barnehuset i Bergen: 32 grunna mistanke om vald, 13 grunna mistanke om seksuelle overgrep, ni grunna mistanke om både vald og overgrep og åtte av andre årsaker.

Barnehuset fekk hausten 2018 eit eige, enkelt innreia tannlegekontor med tannlegestol.

Narkosebehandling

Tannhelsetenesta i Hordaland behandla 299 personar i narkose i 2018, som er 34 fleire enn i 2017. Tilbodet om tannbehandling i narkose er lokalisert på Haukeland universitetssjukehus (HUS), på Solheimsviken tannklinikk og på Stord sjukehus. Totalt tal ferdigbehandla i narkose ved HUS og Solheimsviken tannklinikk i 2018 var 246. Dette var 17 fleire enn i 2017. På Stord sjukehus er det behandla 53 personar i 2018, mot tidlegare rundt 40 pasientar i året.

Solheimsviken tannklinikk gjev eit poliklinisk narkosetilbod til pasientar over fire år som generelt er friske, medan HUS tek imot pasientar som ut i frå helsetilstand må behandlast i sjukehusavdeling. Alle pasientar får individuell vurdering ved tildeling av time. Ventetid vil difor variere i samsvar med behandlingbehov, men kan vere opp til seks månader. Tilbodet

ved Solheimsviken tannklinikk gjev stor fleksibilitet m.o.t. å ta inn dei det hastar med. TOO-pasientar (tortur, overgrep og odontofobi) har teke ein god del av narkosekapasiteten i 2018 og etterspurnaden for denne gruppa er aukande. Dei er i tillegg ofte tidkrevjande, har stort behandlingbehov og må gjerne ha fleire seansar med narkose. Ingen vanleg betalande pasientar (gr. F) får av kapasitetsomsyn førebels tilbod om tannbehandling i narkose i tannhelsetenesta i Hordaland.

Tannlegevakta i Bergen

Tannhelsetenesta i Hordaland driv tannlegevakta i Bergen. Tannlegevakta er open kvar dag heile året, og er akutttilbod til pasientar i Bergen og kommunane rundt Bergen. Tal konsultasjonar på Tannlegevakta i 2018: 3 672 (3 692 i 2017), av desse var 1 228 prioriterte pasientar og 2 444 betalande (2017:1 215/2 477). Dette følgjer ein trend over ein del år, tal prioriterte pasientar aukar noko, medan betalande pasientar vert færre.

Samarbeid med Sogn og Fjordane

Tannhelsetenesta i dei to fylka hadde fem delprosjekt om samanslåingsprosessen i 2018. Delprosjekta omhandla desse tema: Organisering, IKT, økonomi og rekneskap, faglege

rutinar og løns- og arbeidsvilkår. Rapport frå alle delprosjekta vart levert til styringsgruppa 5. desember 2018.

Arbeidet med felles innkjøpsavtalar mellom tannhelsetenestene i dei to fylka held fram, nye avtalar vert inngått i fellesskap.

Teknisk avdeling i tannhelsetenesta i Hordaland reparerer dentalteknisk utstyr som vert tilsendt frå tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane.

Arkivering

Alle gamle papirjournalar frå alle dei fylkeskommunale tannklinikane i Hordaland er samla inn frå klinikane og arkivert i fylkesarkivet. Arkivet har brukt mykje ressursar på dette arbeidet, betalt over tannhelsebudsjettet. Arkivet får mange spørsmål frå innbyggjarar i fylket som ber om utskrift av gamle journalar, spesielt relatert til tidlegare tannskader.

Miljøtiltak

Tannhelsetenesta har tre elsyklar, to på Årstad tannklinikk og ein på Stord tannklinikk. Syklane vert brukte i samband med arbeid utanfor klinikken.

Klinikkstrukturplan

Øygarden tannklinikk er under bygging, og vert innflyttingsklar i februar 2019. Arbeid med prosjektering og bygging av Arna tannklinikk, Nesttun tannklinikk, Åsane tannklinikk og Nordhordland tannklinikk er i gang. Arna tannklinikk og Nesttun tannklinikk vert ferdige i 2019. Tannhelsetenesta i Hordaland hadde totalt 42 klinikkar ved utgangen av 2018.

TkVest/ Hordaland

TkVest/Hordaland har 65 tilsette. Det var i 2018 ca. 2 000 tilvisingar til spesialistklinikken. Tilvisingane kjem i hovudsak frå offentlege tannklinikkar, men og frå private tannlegar, UiB og spesialisthelsetenesta. Det er utstrakt tverrfaglig samarbeid om tilviste pasientar.

Leppe-/kjeve-/gane-teamet gjev eit spesialisttilbod til alle barn og unge som bur på Vestlandet, Trøndelag og i Nord-Noreg og som er fødte med leppe-, kjeve-, ganespalte. I 2018 var det 35 tilvisingar.

TkVest/Hordaland gjev tilbod om spesialisttenester til Hordaland og Sogn og Fjordane. TkVest/Hordaland og Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane har avtale om kjøp av spesialisttenester, kurs og opplæring. I 2018 er 63 pasientar frå Sogn og Fjordane tilviste til spesialistbehandling på TkVest/Hordaland.

Forsking

I løpet av 2018 har TkVest/Hordaland publisert 12 artikkelar i nasjonale og internasjonale tidsskrift. Forskingsleiarer deltok i utval som skal følgje opp forskings- og innovasjonsstrategien for tannhelsefeltet som vart publisert hausten 2017. Hausten 2018 arrangerte forskingsleiar, saman med dei andre forskingsleiarane ved dei regionale kompetansesentra, eit forskingsmøte over to dagar på Gardermoen for alle tilsette på forskingsavdelingane. Det vart og avvikla ein fagdag med fokus på forskning ved TkVest/Hordaland. Forskingsavdelinga har i 2018 hatt 11 forskarar, ein forskingsassistent, tre stipendiatar og to postdoktorar tilsett.

Rekruttering

Tannhelsetenesta tilbyr tenester av høg kvalitet og difor er det viktig å ha godt kvalifisert personell. Dette er til tider utfordrande, særleg utanfor bynære klinikkar. Rekrutteringa er lettare der fagmiljøa er større.

Styringsdokument – regionale planar og temaplanar

Temaplanar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta 2016–2030	2016	FT	VFK*

* Klinikkstrukturplanen må etter 01.01.2020 gåast gjennom og eventuelt verte samordna med tilsvarande plan i Sogn og Fjordane i den nye Vestland fylkeskommune (VFK).



Foto: Morten Wanvik

Økonomi og organisasjon



Økonomi og organisasjon – måloppnåing 2018

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul ■ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Overordna mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultat 2018/status
1. Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal vere ein aktiv samarbeidspartnar for fagavdelingane i Hordaland fylkeskommune ved å fremje internt samarbeid, søke heilskapelege løysingar og levere kunnskapsbaserte tenester basert på profesjonell og effektiv drift.	Arbeid med regionreforma Klargjere rolle/ansvar hos stabane Etablere samarbeidsavtaler med alle fagavdelingane	Alle seksjonar skal skåre over 4 i brukarundersøking	Skåre 4 oppnådd for alle seksjonar utanom ein.
2. Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal sikre at Hordaland fylkeskommune har ein sunn og berekraftig økonomi basert på tenlege styringsverktøy og god økonomiforståing i heile organisasjonen	Vidareutvikle budsjettprosess, bl.a. spesifisere hovudpostar, betre periodisering mv Implementere BI-modul i økonomisystemet Utarbeide økonomikurs for leiarar	Minst 80% av alle leiarar skal ha gjennomført økonomikurs	Eit økonomikurs gjennomført i 2018
3. Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for å rekruttere, utvikle og ta vare på den kompetansen som Hordaland fylkeskommune til ei kvar tid treng for å kunne utføre sitt samfunnsoppdrag.	Implementere ny HR-strategi med tilhøyrande aktivitetar Styrke grunnopplæringa i HMS for leiarar	Auke del tilsette med svært høg jobbtrivsel til minst 33% Auke del nærvær blant tilsette til minst 95%	Status 39 % Staus 96,4 %

Overordna mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultat 2018/status
4. Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal være ein pådrivar for å utvikle og modernisere Hordaland fylkeskommune gjennom effektive og framtidsetta fellessystem og arbeidsprosessar med særleg merksemd på kontinuerleg forbetring og gevinstrealisering.	Implementere ny IT-strategi med tilhøyrande aktivitetar Effektivisere innkjøpsprosessar/fakturahandsaming	Realisere minst 2,5 mill. kr i gevinst nytt økonomisystem (akkumulert)	Gjennomført
5. Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for og sikre bruk av effektive avtalar med profesjonelle leverandørar av varer og tenester på alle verksemdområda i Hordaland fylkeskommune.	Implementere ny innkjøpspolitikk med tilhøyrande aktivitetar Auke bruken av rammeavtalene i organisasjonen	Auke bruken av eHandel til minst 50% for varekjøp Auke del kjøp innanfor rammeavtale til minst 90%	Status 48 % Status 88 %
6. Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal medverke til å styrke omdømet til Hordaland fylkeskommune og arbeide for god intern og ekstern informasjonsflyt gjennom målretta og verdibasert kommunikasjon.	Vidareutvikle internt kommunikasjonsarbeid Styrke tilrettelegging for lokale og brukarorienterte forteljingar i relevante kanalar Vidareutvikle innhald/funksjonalitet på www.hordaland.no		Gjennomført

Driftsutgifter økonomi og organisasjon

REKNESKAP REGIONAL (heile tusen)	Rekn bto 2017	Rekn bto 2018	Avvik netto budsj. 2018
Stab	3 677	8 055	233
HR-seksjonen	52 779	55 557	4 430
IT-seksjonen	60 341	98 318	-3 791
Kommunikasjonsseksjonen	11 597	9 286	1 647
Fylkessekretariat	6 695	7 919	-593
Budsjettseksjonen	4 884	4 545	366
Fylkeskassen	11 854	11 663	160
Innkjøpsseksjonen	12 041	12 881	281
Sum brutto driftsutgifter	163 868	208 224	2 733

Det økonomiske resultatet for økonomi- og organisasjonsavdelinga i 2018 vart eit overskot på 2,7 mill. kr. IT-seksjonen kom ut med 3,79 mill. kr i meirforbruk og også fylkessekretariatet hadde ei mindre budsjettoverskriding. Dette vart motverka av innsparing ved fleire av dei andre seksjonane. Størst innsparing hadde HR-seksjonen med 4,4 mill. kr og kommunikasjonsseksjonen med 1,6 mill. kr. Endringa for Stab frå 2017 til 2018 skuldast at omboda vert budjetterte her frå 2018.

Effektiviseringa av drifta heldt fram

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har i 2018 vidareført arbeidet med utvikling og effektivisering av Hordaland fylkeskommune. Nye og framtidsette fellessystem er sette i drift og utviklinga av eforvaltning heldt fram.

Økonomisystem og økonomirapportering

Nytt økonomisystem vart sett i drift frå 2017 og nye bruksområde er tekne i bruk i 2018. Rapporteringsmodulen kom i bruk frå andre halvår og er eit viktig hjelpemiddel i leiarane sitt rapporterings- og økonomistyringsarbeid.

Fylkesrådmannen har hatt kvartalsvis budsjettgjennomgang med avdelingsdirektørane. Økonomisystemet og den nye rapporteringsmodulen har betra kvaliteten på oppfølginga av

budsjettet gjennom året. Dette viser att i rekneskapsresultatet der dei fleste avdelingane hadde godt samsvar mellom budsjett og rekneskap. For å følgje opp målsetjinga om å sikre fylkeskommunen ein sunn og berekraftig økonomi, ser fylkesrådmannen på arbeidet med økonomirapportering som særleg viktig.

Heiltidskultur og omstilling

Fylkeskommunen har målsetjing om å utvikle heiltidskultur i organisasjonen der reduksjon av ufriviljug deltid er første delmål. Ei partssamansett arbeidsgruppe har arbeidd med ulike tiltak og i 2019 vil administrasjonsutvalet få oversyn over utviklinga. Tiltak for å fremje heiltidskultur vil vere viktige å ta med inn i den nye fylkeskommunen.

Omstillingsarbeidet som oppfølging av skulebruksplanen har halde fram i 2018. I opplæringssektoren vil det heile tida pågå eit omstillingsarbeid som følgje av endringar i elevsammansetjing og tilbudsstruktur. Dette krev ressursar lokalt på dei vidaregåande skulane og sentralt på opplæringsavdelinga og i HR-seksjonen. Arbeidet med regionreforma krev også ressursar til omstillingsarbeid og -tiltak. Denne delen av omstillingsarbeidet såg ein starten på i 2018 og det vil halde fram i aukande grad dei komande åra før og etter Vestland fylkeskommune er etablert.

Fylkeskommunen har fokus på å auke stillingsprosenten for tilsette som arbeider deltid, men har ønske om større stillingsprosent. Det er utarbeidd retningslinjer for heitidskultur i samsvar med krava i hovudtariffavtalen, og ulike tiltak for å få ned talet på ufrivillig deltid har vore skisserte. Talet på deltidstilsette har gått jamt ned dei siste åra og var pr. desember 2018 på 1167 tilsette som utgjør 26,8 % av arbeidsstyrken.

Fylkestinget gjorde i samband med budsjettbehandlinga for 2019 vedtak om at «heile stillingar skal vera hovudregelen» og har bede om at arbeidet med å auke talet på heile stillingar skal intensiverast.

Språkarbeid

I juni 2018 stadfesta fylkestinget at administrasjonsmålet i Hordaland fylkeskommune er nynorsk slik det er innarbeidd i reglement og retningslinjer. Fylkestinget oppheva løyvet Skysst har hatt til å kunna nytta bokmål for lokale kollektivtilbod (som Bybanen i Bergen) i kommunar som har bokmål som administrasjonsmål eller er nøytrale.

Fylkestinget vedtok at alle dei fylkeskommunale vidaregåande skulane primært skal administrere og marknadsføre seg på nynorsk. All stillingsutlysing, marknadsføring og nettsider skal vera på nynorsk. Det er opna for at det i interne rundskriv og på enkelte nettsider kan nyttast nynorsk og bokmål parallelt.

For administrasjonen og alle einingar i fylkeskommunen gjeld dei same retningslinjene som for dei vidaregåande skulane.

I tråd med målbruksplanen, som vart vedteken i 2017, vart det arbeidd for at Hordaland fylkeskommune skal bruke eit godt og klart språk som er lett å forstå for brukarane av tenestene våre. Språkkurs og skrivekurs for tilsette er tiltak fylkeskommunen nyttar for å betre språket i saksdokument, brev, meldingar, på nettsider m.m. På tampen av fjoråret fekk vi 40 000 kr i tilskot frå KS til arbeidet med Klart Språk. Desse midlane vart nytta til «Klart Språk-kurs» tidleg i 2019.

HR-strategi

Arbeidet med HR-strategi vart vidareført i 2018. Strategien vart kopla opp mot samanslåingsprosessen med Sogn og Fjordane fylkeskommune og prosjektarbeidet som vart starta i 2018. Dei sentrale satsingsområda vart utvida til sju punkt:

- Organisasjonskulturen
- Leiarskap og medarbeidarskap
- Kompetanse
- Rekruttering
- Endringsdyktigheit
- Arbeidsmiljøet/HMS
- Felles HR- og arbeidsgjevarpolitikk

Arbeidet med å meile ut ein ny felles HR-strategi og arbeidsgjevarpolitikk for nye Vestland fylkeskommune vil halde fra i 2019

Likeverd

Likeverdsplanen som vart vedteken av fylkestinget i juni 2017 har vore følgt opp i 2018, m.a. ved at ein har hatt møte med representantar for dei gruppene som tok del i utarbeiding av planen. Som arbeidsgjevar søker fylkeskommunen å ta vare på likeverdet gjennom å leggje likestilling og inkludering til grunn ved all rekruttering og personaloppfølging. Medarbeidarundersøkinga i 2018 hadde eigne spørsmål om uønskt seksuell merksemd og seksuell trakassering. 0,8/0,7 prosent av arbeidstakarane svarte ja på desse spørsmåla. Temaet vart drøfta med alle leiarar ved gjennomgang av resultatet frå undersøkinga. For å synleggjere likeverdsarbeidet har ein hausten 2018 profilert måla i likeverdsplanen i påloggingsbiletet på alle PC-skjermar i fylkeskommunen. Arbeidet med å fremje likeverd i organisasjonen vart vidareført i 2019, m.a. i form av ei fellesskulering av leiarar og tillitsvalde knytt til ny rutine for handsaming av mobbing, trakassering og utilbørleg åtferd.

Likestilling

Kjønnsbalansen er relativt god på dei fleste nivå når det gjeld leiarstillingar. Ved utgangen av 2018 var det 20 mannlige og 15 kvinnelige rektorar og i stilling som assisterande rektor var det 16 menn og 15 kvinner. Vidare er to av dei tre regionsleiarane i opplæringssektoren kvinner. I tannhelse-tenesta er det 1 mann og 6 kvinner i leiargruppa. Dei fem overtannlegane er kvinner og 18 av dei 20 klinikksefane er kvinner. Blant seksjonsleiarane i fylkesadministrasjonen er det 8 menn og 13 kvinner. Det er berre i fylkesrådmannen si

leiargruppe at kvinnene er i klårt mindretal med 1 kvinne og 7 menn.

I samband med regionreforma vil ein tilrå at også nye Vestland fylkeskommune sluttar seg til EUs charter for likestilling i lokalsamfunna.

Ved etablering av Vestland fylkeskommune frå 2020, vil ein ha fokus på likestillingsarbeidet i den nye organisasjonen. Det same gjeld å fremje mangfald for etnisitet og seksuell orientering.

LHBT-sertifisering

I arbeidet med sertifisering av Hordaland fylkeskommune som LHBT-verksemd (lesbiske, homofile, bifile og transpersonar) har til no ca. 330 rektorar, tilsette og elevar ved 14 skular gjennomført LHBT-kurs, i samarbeid med foreininga FRI og «Rosa kompetanse». Det vert viktig å kome eit steg vidare i 2019, og samstundes førebu ei felles satsing i Vestland fylkeskommune.

Leiarutvikling

I 2018 har det vore redusert aktivitet innan intern leiaropp-læring og -utvikling i Hordaland fylkeskommune. Det vart ikkje sett i gang nye kull i HFK-leiarskulen (for nyare leiarar) og leiarutviklingsprogrammet for erfarne leiarar. Årsaka er redusert kapasitet på grunn av førebuing til regionreform og fylkessamanslåing. Ein gjennomførte derimot det første programmet for mentoring i perioden oktober 2017 – september 2018. Mentorprogrammet omfatta opplæring av i alt ni mentorar og ni adeptar. Programmet vart evaluert og fekk svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

I november 2018 vart det arrangert ei heildagssamling med tjueto leiararar over temaet økonomistyring, rekneskap og innkjøp. Denne samlinga var eit kompetansehevande tiltak for å styrkje økonomikunnskap og bruken av ulike økonomi-system i fylkeskommunen.

Introduksjon av nye tilsette

Det vart gjennomført éi introduksjonssamling for nye tilsette medarbeidarar i september 2018 med 65 deltakar. Slike samlingar har ein hatt 1-2 gonger årleg sidan 2014.

Samlingane opnar med innlegg frå fylkesordførar og fylkesrådmann og inneheld elles informasjon om Hordaland fylkeskommune og viktige tema innan HR, HMS, kompetanse og verdigrunnlaget. Føremålet for samlingane er informasjon, motivasjon og felles kulturbygging.

Mangfald

Ved utgangen av 2018 var det 363 tilsette med innvandrarbakgrunn i Hordaland fylkeskommune. Dette utgjør 8,4 % av alle tilsette i fylkeskommunen. Dei fordeler seg med 173 (175) tilsette i opplæringssektoren, 69 (54) i tannhelsetenesta og 121 (101) i fylkesadministrasjonen, Skyss, Bybanen Utbygging og eigeidom (drift/reinhald). Tala i parentes gjeld 2017.

Talet på tilsette med innvandrarbakgrunn har auka frå 330 tilsette i 2017 til 363 tilsette i 2018. Fordelinga etter landbakgrunn viser at det er 200 (185) tilsette frå EU/EØS-området, USA m.fl. og 163 (145) tilsette utanom dette området («ikkje-vestlege land»). Sistnemnde gruppe utgjør 3,8 % av den totale arbeidsstyrke. For tannhelsetenesta og eigeidomsavdelinga er fleirtalet av dei med innvandrarbakgrunn frå «ikkje-vestlege» land.

Lønsoppgjjer

Den økonomiske ramma for lønsoppgjret i 2018 var på 2,8 % (0,4 % høgare enn i 2017). Det vart oppnådd semje med alle dei 26 arbeidstakarorganisasjonane med forhandlingsrett. Fylkesrådmannen vil framheve det gode samarbeidet ein har med organisasjonane i dette arbeidet. Organisasjonane viser ansvarleg haldning både når det gjeld å setje fram lønskrav og i forhandlingane.

Tilsette

Ved utgangen av 2018 var det 4349 tilsette i Hordaland fylkeskommune, 44 færre enn året før. I opplæringssektoren var det 3053 tilsette, ein reduksjon på 115 frå året før. Over halvparten av denne nedgangen (61) skriv seg frå at IKT-konsulentane ved skulane vart overførte frå opplæringssektoren til IT-seksjonen i økonomi- og organisasjonsavdelinga. I fylkesadministrasjonen er talet tilsette praktisk talt det same som dei to føregåande åra.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over utviklinga dei siste fem åra:

Tal på tilsette i HFK*	2015	2016	2017	2018
Totalt fylkeskommunen	4 507	4 421	4 393	4 349
Kvinner	2 603	2 580	2 566	2 570
Menn	1 904	1 841	1 827	1 779
Sektorvis fordeling				
Fylkesadm./andre**	606	630	597	595
Kvinner	346	342	334	337
Menn	260	288	263	258
Opplæring***	3 445	3 151	3 168	3 053
Kvinner	1 909	1 718	1 732	1 715
Menn	1 536	1 433	1 436	1 338
Eigedomsdrift og reinhald****	66	244	238	232
Kvinner	1	163	149	144
Menn	65	81	89	88
IT konsulentar på vgs*****				61
Kvinner				3
Menn				58
Tannhelse	390	396	390	408
Kvinner	347	357	351	371
Menn	43	39	39	37

Tal i frå HRA pr. 31.12.18 - henta ut den 17. januar 2019

* inkl. heiltidspolitikarar

** inkl. Skyss,Bybanen Utbygging, Eigedomsavdelinga utan seksjon drift, Øk- og orgavd., IT-avd. lokasjonsdrift, adm. opplæring og heiltidspolitikarar

*** gjeld alle skular

**** gjeld Eigedomsavdelinga - seksjon for drift

***** gjeld Øk og orgavd - IT seksjon Lokasjonsdrift - tilsette lokalisert ute på vgs

Årsverk	2015	2016	2017	2018
Totalt fylkeskommunen	4 073	3 987	3 984	3 976
Kvinner	2 312	2 281	2 293	2 320
Menn	1 760	1 706	1 691	1 656
Sektorvis fordeling				
Fylkesadm./andre**	573	590	587	605
Kvinner	330	322	329	344
Menn	243	268	257	261
Opplæring***	3088	2824	2841	2750
Kvinner	1681	1507	1528	1527
Menn	1408	1318	1313	1223
Eigedomsdrift og reinhald****	72	225	216	213
Kvinner	1	140	131	128
Menn	71	85	85	85
IT konsulentar i vgs.*****				60
Kvinner				3
Menn				57
Tannhelse	340	348	340	349
Kvinner	301	312	305	318
Menn	39	36	36	31

Tilsette i deltidsstillingar	2015	2016	2017	2018
Totalt i fylkeskommunen	1 333	1 286	1 213	1 167
Kvinner i deltidsstillingar	942	911	867	824
Kvinner i deltidsstillingar (% av alle kvinner i fylkeskommunen)	36,2 %	35,3 %	33,8 %	32,1 %
Menn i deltidsstillingar	391	375	346	343
Menn i deltidsstillingar (% av alle menn i fylkeskommunen)	20,5 %	20,4 %	18,9 %	19,3 %

Likestillingsbarometer per 31.12.2018	Kvinner	Menn	Totalt
Opplæring			
Rektorar	15	20	35
Ass. rektorar	15	16	31
Tannhelsetenesta			
Fylkestannlegen si leiargruppe inkl overtannlegane	6	1	7
Klinikkleiarar	18	2	20
Fylkesadministrasjonen			
Fylkesdirektørar og fylkesrådmann	1	7	8
Stabs-/seksjonsleiarar*	13	8	21
Skyss og Bybanen utbygging	9	11	20

* Eksklusiv tannhelseavdelinga

Tilsette i leiarde stillingar	2015	2016	2017	2018
Kvinner	151 (47,6%)	131 (46,1%)	130 (45,8%)	133 (47,7%)
Menn	166 (52,4%)	153 (53,9%)	154 (54,2%)	146 (52,3%)
Prosentfordeling tilsette etter kjønn				
Kvinner	57,8 %	58,4 %	58,4 %	59,1 %
Menn	42,2 %	41,6 %	41,6 %	40,9 %

Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i 2018 var på 5,50 prosent, ein liten reduksjon frå 2017 då sjukefråværet var på 5,69 prosent. Fråværet gjekk litt opp for kvinner og ned for menn. For menn var fråværet på 3,5 %.

Tannhelsetenesta har framleis eit noko høgt fråvær (auka frå 8,67 % til 9,00 %), medan opplæringssektoren hadde det lågaste på fleire år (ned frå 5,15 % til 4,80 %). I fylkesadministrasjonen og andre auka fråværet, frå 6,26 % i 2017 til 6,46 % i 2018.

Eigenmeldt fråvær gjekk litt opp, frå 0,93 % til 1,01 %.

Legemeldt sjukefråvær gjekk ned frå 4,84 % i 2017 til 4,57 % i 2018. Av det legemeldte sjukefråværet over 16 dagar var det ein nedgang frå 4,06 % i 2017 til 3,74 % i 2018. Legemeldt fråvær inntil 16 dagar viser ein liten auke frå 0,78 % til 0,83 % for same tidsrom.

Arbeidsmiljø og HMS

Kursing i Helse, Miljø og Sikkerheit (HMS) og arbeidsmiljø heldt fram i 2018, med kurs over tre dagar både vår og haust. Til saman 83 leiarar, AMU-medlemmar og verneombod deltok på kursa.

Det systematiske HMS-arbeidet med bruk av kvalitetsportal, avvikssystem og intern bedriftshelseteneste heldt fram i same spor som tidlegare. Samstundes starta ein i 2018 opp arbeidet med fornying og forbedring saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, slik at ein kan vere best mogleg rusta til å starte Vestland fylkeskommune med gode system på HMS-området.


Lærlingar

Fylkeskommunen nådde hausten 2018 målet om å ha 50 pågåande lærekontraktar. Det er ein auke på seks lærlingar frå 2017, og ein milepæl i arbeidet med å styrkje fylkeskommunen sitt omdømme som ein aktiv samfunnsaktør. Ei viktig årsak til at målet vart nådd er sentralisering av inntak og oppfølging av lærlingar og instruktørar, noko som vart gjort mogleg i 2016 ved at det vart sett av ressursar i HR-seksjonen til ei koordinatorrolle for lærlingar i HFK.


Varslingsrutinar

Rutine for varsling i HFK vart revidert to gonger i 2018. I februar kom ein justering med omsyn til anonym varsling og varsling frå innleigde arbeidstakarar, og med omsyn til betre oppfølging av varslaren. I september kom ein ny revisjon, dels pga. nye paragrafar i arbeidsmiljølova, dels for å omtale varslingskanalen «Mitt Varsel» som ein no ønskjer vert nytta i størst mogleg grad.

Sjukefråvær i HFK 2015- 2018, samla og kjønnsfordelt



Eigenmeldt/legemeldt sjukefråvær



Utvikling sjukefråvær pr sektor






Foto: Morten Wanvik

Illustrasjonsfoto: Samarbeid i møte er viktig når innkjøpsutlysingar, val av leverandørar og it-leveransar skal gjennomførast.

Beredskapsarbeid

Ein har i 2018 starta arbeidet med å revidere dei administrative og operative beredskapsplanane for HFK. Det er teke høgd for at ein kan nytte planverket inn i Vestland fylkeskommune. Vidare er det starta ei identifisering av kva konsekvensar den nye sikkerheitslova, gjeldande frå 01.01.2019, får for fylkeskommunen.

IT-området

IT-strategien for Hordaland fylkeskommune for åra 2018-2020 vart utarbeidd i 2017. Fylkestinget vedtok den nye strategien i møtet sitt i mars 2018.

I løpet av året vart det innan IT-området arbeidd i tråd med handlingsplanen i strategien. Eit viktig område var reorganisering av IT-funksjonen. Frå 1.1.2018 vart IKT-konsulentane ved dei vidaregåande skulane overførte til IT-seksjonen. Ei anna viktig oppgåve var arbeid med tenestekatalog for å tydeleggjere kva tenester og tenestenivå IT-seksjonen skal levere på.

Både prosessar og verktøy knytte til prosjekt- og porteføljestyring kom på plass i løpet av året. Det vart etablert nytt datasenter, drive fram av at fylkeshuset skal rivast i 2020. Fylkeskommunen har gjennom denne etableringa fått nyare og meir moderne infrastruktur. Vi er dermed betre rusta for stabil drift og ikkje minst til framtidige digitaliseringsinitiativ og regionsamanslåinga.

Datautstyret vårt er løfta over på ny arbeidsflate (Windows 10), som er ein føresetnad både for god IT-tryggleik og grunnlag for regionsamanslåinga. IT-seksjonen har arbeidd mykje med både kartlegging og planlegging av IKT-infrastruktur, IKT-system og -tenester inn mot regionsamanslåinga.

Innkjøp

Ny Innkjøpspolitikk vart vedteken av fylkestinget i 2017 og gjeld all innkjøpsaktivitet i Hordaland fylkeskommune. Eit viktig satsingsområde i 2018 har vore å operasjonalisere innkjøpsprinsippa slik dei går fram av innkjøpspolitikken. Særleg merksemd har det vore på tiltak relaterte til miljø- og samfunnsansvar. Rutinar, malar og andre innkjøpsdokument

innanfor desse områda er oppdaterte i samsvar med innkjøpspolitikken.

Innkjøpsseksjonen har i 2018 etablert leverandør- og kontraktoppfølgingsplan for å følge opp leverandørane og deira forplikningar med eit strategisk og kommersielt fokus. Relatert til regionsreforma er det i løpet av året etablert felles innkjøpsplan med SFFK, og innkjøpsmiljøa i begge fylkeskommunane har felles møte kvar veke for å oppdatere innkjøpsplan og planlegge oppstart av nye felles innkjøp. Det er brukt mykje tid på juridiske vurderingar rundt forlenging og utviding av kontraktar, og tekniske vurderingar for felles drift og bruk av innkjøpssystema.

Kommunikasjon

Det har også i år vore ein høg produksjon av nyheitssaker i hovudkanalen vår hordaland.no. Det vart i alt publisert 240 saker som alle speglar verksemda vår, enten gjennom saker knytte til dei politiske møta, resultat av tidlegare fatta vedtak eller andre aktuelle saker frå fylkeskommunen.

Facebook er plattformen som vert nytta for andre typar nyhende frå fylkeskommunen enn på hordaland.no. Dersom vi lenker til saker på hordaland.no får sakene eigne inngangar for å rette seg mot utvalde målgrupper. Det er ca. 3 500 følgjarar på facebook, med ein vesentleg auke i engasjement i innlegga.

Vi har teke i bruk nettannonsar der det er føremålstenleg.

Arbeidet knytt til kommunikasjon i prosjekt Vestland vart meir ressurskrevjande i 2018. Kommunikasjon har mellom anna etablert ein ny mellombels grafisk profil for Vestland.

I lag med informasjonstenesta i Sogn og Fjordane har vi etablert og drifta den felles mellombelse nettstaden vlfk.no. Det er prosjektet sin nettstad der innbyggjarar, politikarar og media mellom anna kan finne politiske saker, dokument og nyheiter om Vestland fylke.

Kommunikasjon har designa og gjennomført ein kampanje for nytt fylkesvåpen for Vestland i samarbeid med kulturavdelingane i dei to fylka. Målet var å skape eit innbyggjar-engasjement og få merksemd om ei viktig sak knytt til ny felles identitet for innbyggjarane i Vestland. Det kom inn 667 forslag der 18 gjekk vidare til ei online stemmegjevning, der til slutt folkefavoritten vart valt. Kulturavdelinga heldt hand om juryen og fagkomiteen sitt arbeid i prosessen. Avdelinga skal og slutføre arbeidet som skal gje Vestland det nye fylkesvåpenet.

Kommunikasjon i begge fylka har delteke på kurs i Klart språk og skal arbeide vidare med det i den nye organisasjonen.

Fylkessekretariatet

Fylkessekretariatet, som var ein del av kommunikasjonsseksjonen i økonomi- og organisasjonsavdelinga, vart frå hausten 2018 ei eiga eining direkte under fylkesrådmannen.

Fylkessekretariatet utfører ei rekkje oppgåver for fylkestinget, fylkesutvalet og 11 politiske utval og råd i Hordaland fylkeskommune. Arbeidet omfattar m.a. møteinnkallingar, utsending av saksdokument, tilrettelegging av møte, føring av møteprotokollar, oppfølging etter møte, saksbehandling, saksoppfølging, arbeid med val, juridiske oppgåver, sekretariatsoppgåver for fylkesrådmann og fylkesordførar. Reiseopp-gjer og økonomisk godtgjersle til politikarar og dei politiske partia har sekretariatet også ansvar for.

I samband med regionreforma har fylkessekretariatet fått ansvar for tilsvarende oppgåver for møta i fellesnemnda, arbeidsutvalet i fellesnemnda, det partsamansette utvalet og tilsetjingsutvalet. Desse oppgåvene har ført til ein vesentleg auke i arbeidsmengda og sekretariatet er mellombels styrkt med ei merkantil stilling. Deltaking i utgreiingsarbeid i samband med fylkessamanslåinga har kravd særleg merksemd og ressursar, og det same har førebuingar fram mot fylkestingsvalet 2019. Mengda av juridiske oppgåver, som til dømes habilitetsvurderingar, har vore aukande.

Elev- og lærlingombodet

I januar 2017 fekk Hordaland fylkeskommune sitt første elev- og lærlingombod etter vedtak i fylkestinget. Elev- og lærlingombodet skal arbeide på eit fritt og sjølvstendig



Foto: Atle Kold Hansen

Elev- og lærlingombod Sigrid Isdal.

grunnlag, og bidra til å styrkje fylkeskommunen sitt arbeid med å sikre at elevar og lærlingar får rettane sine ivaretekne. Ombodet er først og fremst eit lågterskeltilbod for elevar og lærlingar. Førespurnadene er ofte knytte til spørsmål om rettar og plikter, eller diverse utfordringar i den vidaregåande opplæringa. Ombodet skal samarbeide med alle partar i vidaregåande opplæring for at elevar og lærlingar får oppfylt retten til medverknad.

Frå 2018 vart stillinga som elev- og lærlingombod organisatorisk flytta frå opplæringsavdelinga, seksjon skule, til å bli plassert under fylkesdirektør økonomi og organisasjon. I juni 2018 vedtok fylkestinget også mandat for elev- og lærlingombodet. Ombodet skal årleg rapportere til fylkestinget.

Elev- og lærlingombodet har frå starten i 2017 samarbeidd tett med mobbeombodet i Hordaland. Andre viktige samarbeidspartnarar er fagopplæringskontoret, opplæringskontor, rektorar, elevorganisasjonen, fagforeningar, og samarbeid med andre elev-, lærling-, og mobbeombod i Noreg.

Elev- og lærlingombodet i Hordaland har hatt ein auke i førespurnader frå både elevar og lærlingar i 2018. Omlag 71 % av førespurnadene gjeld lærlingar og læretid. Førespurnadene er varierte og er knytte til rettar og plikter i høve til opplæringslova, arbeidsmiljølova og korleis ein skal gå fram i høve til ulike utfordringar som dukkar opp. Førespurnader som handlar om heving av lærekontrakt går ofte att.

Oversikt over føresurnader til elev- og lærlingombodet

År	Elevar	Lærlingar	Grunnskule *	Totalt
2017	28	75	0	103
2018	46	127	4	177

*(ikkje innanfor ombodet sitt mandat)

På bakgrunn av førespurnadene legg ombodet fram anbefalingar i årsrapporten til fylkestinget. Anbefalingane er forslag til forbetringar innan vidaregåande opplæring i Hordaland.

Elev- og lærlingombodet har brukt mykje tid på informasjonsarbeid i 2018. Ombodet møter elevane og lærlingane der dei er, eksempelvis på samlingar for nye lærlingar i opplæringskontor, på yrkesfagdagar ute på skulane, eller i møte med elevråda på dei ulike vidaregåande skulane. Nettsida på www.hordaland.no/elev-og-larlingombod er oppdatert og utvida, og ombodet har også starta å bruke Snapchat frå hausten 2018.

Mobbeombodet

Mobbeombodet i Hordaland har vore eit tilbod for elevar, lærlingar og føresette sidan august 2015. Frå august 2018 fekk mobbeombodet nytt mandat i tråd med nasjonale



Foto: Atle Kold Hansen

Mobbeombod Mari-Kristine Morberg

føringar om mobbeombodsordning. Fylkeskommunen sitt mobbeombod er no ombod for alle barnehagebarn og elevar i skule i Hordaland. Ombodet er først og fremst ei støtte og rettleiar for barn, elevar og føresette i saker om psykososialt miljø.

Førespurnader til ombodet auka frå 55 i 2017 til 142 i 2018. Den store auken kjem frå utvidinga av ansvarsområdet til også å gjelde grunnskulen. 80 førespurnader i fjor kom frå grunnskulen.

Ombodet gjev informasjon og opplæring til barn, elevar og føresette og jobbar for å skape dialog og oppfølging i mobbesaker. Dette skjer i samarbeid med barn og unge, pluss aktørar som arbeider med barn og ungdom på ulike nivå. Ombodet er òg ein informasjonsressurs og rettleiar for tilsette i barnehage og skule.

Mobbeombodet er på Snapchat (Mobbeombodet i Hordaland) og Facebook under www.facebook.com/mobbeombodet og arbeider aktivt for å spreie informasjon og kunnskap om barn og unge sine rettar til eit trygt og godt miljø, like eins førebygging og handtering av mobbing og krenkingar også i samfunnet.

Dei fleste sakene til mobbeombodet vert melde via telefon, men nokre kjem også på e-post, Facebook og Snapchat. I grunnskulen er det i hovudsak foreldre som tek kontakt, førespurnadane frå vidaregåande skular er det mest tilsette som tek opp.

Førespurnader melde til mobbeombodet:

År	Vidaregåande skule	Lær-lingar	Grunn-skule	Barne-hage	Andre	Totalt
2015 (frå 01.08.)	6	1	6	*	1	14
2016	25	2	6	*	4	37
2017	38	5	11	*	1	55
2018	38	2	80	3	19	142

*) Barnehage vart tidlegare ført som «andre»

Arbeid med personvern

Personvernlovgevinga set rammene for fylkeskommunane sitt arbeid og prioriteringar for personvernarbeidet. Personvernombodet i Hordaland fylkeskommune dekkjer også den lovpålagte ombodsfunksjonen for Sogn og Fjordane fylkeskommune, men slik at fylkeskommunen sjølv tek ansvar for at eit tilstrekkeleg system for personvern og informasjonstryggleik kjem på plass lokalt.

Kvar avdeling i Hordaland fylkeskommune har peikt ut lokale personvernkoordinatorar, som representerer fagavdelingane med å tilpasse det nye regelverket og koordinere aktuelle aktivitetar i sine einingar.

I samarbeid med opplæringsavdelinga har ein i løpet av hausten 2018 hatt fire samlingar, for å samle skulane til ei felles opplæring. Målet er at opplæringsavdelinga saman med personvernombodet, skal utarbeide ein felles protokoll som skulane skal vedlikehalde sjølv etter kvart. Innan hausten 2019 er målet å ha ei relativt god oversikt over behandlingsprotokollane for skule, tannhelse og HR.

Leverandørsida

For å sikre databehandlaravtalar med leverandørsida, vart det hausten 2018 teke utgangspunkt i IT si leverandørliste (omkring 80 leverandørar). Rådgjevingsfirmaet Karabin deltok i arbeidet med å kommunisere med leverandørane om desse avtalane. Det ligg føre ein mal for databehandlaravtale som skal brukast ved behov for slike avtalar.

Summert opp kan det leggjast til grunn at HFK ikkje har tilstrekkeleg oversikt over databehandlarsida overfor leveran-

dørane – det bør likevel vere ei målsetting at dei viktigaste systema våre som behandlar personopplysningar er vurdert for dette.

Personvernerklæringar og rutinar

Det er lovpålagt å gje informasjon til dei registrerte om korleis personopplysningane vert handsama. Behovet for personvernerklæringar vil gå frem av behandlingsprotokollane når avdelingane har gjort ferdig desse.

Brot på personopplysningssikkerheit/avvik

Frå regelverket vart sett i verk 20. juli 2018, har det vore meldt inn 23 saker i systemet for avvikshandtering. To saker er melde inn via Altinn til Datatilsynet hausten 2018. Datatilsynet har avslutta sakene med oppmoding om at verksemda følgjer desse opp internt.

Annan aktivitet hausten 2018

Personvernombodet gav kontrollutvalet status for arbeidet med personvernlovgevinga i september 2018. Det har i haust vore jobba mykje med Tannhelse sine samarbeidsavtalar med kommunane i fylket. Desse gjeld samarbeid knytt til pasientgrupper etter tannhelsetjenesteloven § 1-3. Dette gjeld behandling av personopplysningar, slik at revisjonen av desse avtalane er vurdert i lys av personvernspørsmål.

Arbeidet med personvernlovgevinga er krevjande då regelverket er nytt, det er få rettskjelder og praksis. Regelverket i seg sjølv gjev ikkje klare rammer eller tydelege vilkår for ulike rettslege problemstillingar. Dette er utfordrande då mykje av dei rettslege vurderingane må gjerast i lys av eigen praksis, policy og dokumentasjon og kontaktar på tvers og nettverksarbeid er heilt naudsynt.

Styringsdokument – regionale planar og temaplanar

Temaplanar	Vedtaksår	Utval	Revisjon
Likeverdsplan	2017	FT	2021

Temaplanen for likeverd i Hordaland fylkeskommune er følgd opp gjennom medlemskapen i det europeiske chartret for likestilling og gjennom vidareføring av arbeidet med inkludering av kjønns- og seksualitetsmangfald på arbeidsplassen, mellom anna gjennom arbeid med sertifisering som LHBT-verksemd (lesbiske, homofile, bifile og transpersonar). Dette arbeidet vil også gå føre seg i 2019.



Foto: Morten Wanvik

Eigedom



Eigedom – måloppnåing 2018

Fargekodar: Grøn ■ for gjennomført, gul ■ for i prosess, raud ■ for ikkje starta.

Overordna mål	Tiltak	Resultatmål 2018	Resultat 2018/status
1. Eigdomsavdelinga skal utøve profesjonell forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling som sikrar at heile eigedomsmassen fyller lovpålagte krav, politiske vedtak og brukarbehov.	Årlege brukarundersøkingar.	Etablere basistal for brukartilfredsheit.	Det vart våren 2018 gjennomført brukarundersøking for eigdomsavdelinga. Karakterar i området 3,7-4,4 (skala 1-5).
2. Eigdomsavdelinga skal sikre forsvarleg og strukturert forvaltning av eigedomar som fylkeskommunen nyttar.	Etablere verktøy som sikrar ei samla oversikt over bygningsmassen.	Etablering av system og verktøy.	FDV systemet Plania er valt og etablert som system.
3. Eigdomsavdelinga skal utøve forsvarleg og verdibasert drift og vedlikehald av eigedomsmassen.	Måle driftskostnader pr. m ² .	Etablere grunnlag for nøkkeltal/måltal.	Overordna driftskostnader pr. m ² etablert. Vil bli ytterligere brote ned på område.
	Kartleggje tilstandsgrad på bygningsmassen.	Gjennomføre resterande kartlegging av bygningsmassen og etablere eit samla mål for bygnings-tilstanden.	Tilstanden for bygningsmassen er TG 1,2 i 2018, mot TG 1,4 i 2012. Målet/visjonen er tilstand på TG 1,0. (TG 1 = God tilstand, ingen behov for utbetring).
4. Eigdomsavdelinga skal utøve ei offensiv og målretta utvikling av eigedomsmassen som på sikt gjev ein miljøvennleg og kostnadseffektiv bygningsmasse, tilpassa dei tenestene Hordaland fylkeskommune skal yte.	Vere offensiv med omsyn på å fremje miljøvennlege energiløysingar: BREEAM klassifisera nybygg.	Redusere totalt forbruk med 2,2 % målt mot 2017.	Totalforbruket i 2018 er redusert med om lag 5 % (temperaturjustert).
	Sikre at dei fylkeskommunale bygga blir meir optimale med omsyn til areal gjennom: Måle areal pr. kontorarbeidsplass. Måle areal pr. elev.	Etablere system for nøkkeltal/måltal.	Alle større nybygg blir BREEAM-klassifisert – hovudsakleg som BREEAM Excellent.

Drift av 600 000 m²

Eigdomsavdelinga forvaltar og driftar 600 000 m² fordelt på over 300 bygningar. Av dette er meir enn 90 % eigne bygningar. Drifta omfattar også reinhald av om lag 80 % av bygningsmassen. Om lag 240 tilsette sikrar at bygningane til Hordaland fylkeskommune er varme, reine og at dei elles er tenlege for brukarane.

Dei største prosjekta som vart fullførte var ombygginga av Arna vidaregåande skule, ombygging, rehabilitering og nybygg på Bergen katedralskole, nybygg på Tertnes vidaregåande skule, og totalrehabilitering av det gamle hovudbygget ved Voss gymnas og av yrkesfagbygget ved Odda vidaregåande skule.

Vedlikehald og ombygging

Det vert kvart år gjennomført ei stor mengde små og større vedlikehalds- og ombyggingsprosjekt. I 2018 vart det gjennomført 116 vedlikehaldsprosjekt og eit stort tal mindre reparasjonar og oppgåver knytte til vedlikehald.

Forvaltning

Eigdomsavdelinga utøver bygningsforvaltning gjennom leige, utleige, kjøp og sal av bygningar. I 2018 vart mellom anna sal av Lønborg vidaregåande skole, Etne vidaregåande skule, avd. Skakke, og den tidlegare husflidskulen på Garnes fullført. Ein hadde og overtaking til ny eigar for bygg i Norheim-sund og Ibsens gate 118 i Bergen. For Lønborg vgs. er det

Driftsutgifter eigedom

REKNESKAP EIGEDOM (heile tusen)	Rekn bto 2017	Rekn bto 2018	Avvik netto budsj. 2018
Sentral eigedomsforvalting	26 250	28 655	46
Administrasjonsbygg	11 613	10 599	1 532
Byggdrift skular	181 742	202 013	-1 012
Byggdrift samferdsel/kollektiv	20 212	20 786	807
Byggdrift andre sektorar	1 873	2 253	-467
Leige/utleige av bygg	91 336	100 208	-144
Anna verksemd	3 006	2 687	2 127
Sum brutto driftsutgifter	336 031	367 202	2 890

Det økonomiske resultatet for eigedomsavdelinga i 2018 vart eit overskot på 2,89 mill. kr. Drift av skulebygningane, som i alt hadde eit forbruk på 202 mill. kr, kom ut med 1,0 mill. kr i meirforbruk. Det var knapt 0,5 mill. kr i meirforbruk til drift av andre bygningar. Innsparingar hadde byggdrift av samferdsel/kollektiv med 0,8 mill. kr og administrasjonsbygg med 1,5 mill. kr. Saman med 2,1 mill. kr i innsparingar på anna verksemd vart det totalt overskot for avdelinga.

inngått avtale om tilbakeleige fram til ny skule i Åsane er klar.

For tidlegare Garnes vgs. er det inngått avtale om sal av eigedom 1.1.2019. For eigedomen Fløksand i Meland kommune er det politisk godkjent ein opsjonsavtale med sikte på framtidig sal.

I 2018 vart det og inngått fleire store leigekontraktar. I Arna og på Nesttun får tannhelse nye lokale. Her vart leigekontrakt inngått i 2018, men lokala skal byggjast om før innflytting.

Digitalisering

Seksjon for system og utvikling har i 2018 hatt stort fokus på digitalisering av arbeidsmåtar og bygningsinformasjon

knytte til dei fylkeskommunale byggjeprojekta. Det er utarbeidd nye kravspesifikasjonar for digital samhandling, systematisk ferdigstilling og BIM. Ambisjonsnivået for digitale byggjeplassar og digital forvalting av bygga våre er vorte heva betrakteleg. Prosjekta Nytt fylkeshus og Askøy vidaregåande skule er dei første der desse kravspesifikasjonane ligg til grunn.

Nytt fylkeshus

I 2018 vart det vedteke at heile fylkeshuset, inkludert betongen, skal rivast og byggjast opp på nytt. Me har fått løyve til å byggje to tårn, der det høgaste tårnet er på same høgde som i dag, og det andre tårnet vert 10 meter lågare.

Reguleringsplanen gjev rom for å byggje inntil 27.000 m² bruksareal. Ein del av dette skal leigast ut.



Foto: Morten Wanvik

Ombygging, rehabilitering og nybygg på Bergen katedralskole.

Miljømål for prosjektet er BREEAM Excellent, som er det høgaste som er mogleg å oppnå slik føresetnadene er for prosjektet.

Prosjektet er ein pris- og designkonkurranse der fem tilbydarar er inviterte til å vere med i konkurransen etter ein prekvalifiseringsrunde. Totalkostnad for prosjektet er budsjettert til 941 mill. kr inkl. mva.

Det nye fylkeshuset skal ha eit aktivitetsbasert kontorkonsept med frie plassar i definerte soner. Dette gjeld både fylkeskommunen sine areal og dei areala som skal leigast ut. Løysinga skal vere fleksibel slik at me kan gjere endringar raskt og billeg dersom det er behov for dette.

Overordna mål for prosjektet er:

- Fleksibilitet
- Betre arbeidsmiljø og helseeffektar
- Auka samhandling og samarbeid internt

HFK flytter mellombels til Statoil sine gamle kontor på Sandsli i byggjeperioden. Riving startar i februar 2020, og nytt bygg skal vere klart for innflytting i årsskiftet 2022/2023.

Askøy vidaregåande skule

Eit anna stort prosjekt som vart starta i 2018 er Askøy vgs. Skulen skal utvidast frå 560 til 960 elevar i 2030. Det skal i den samanheng byggjast eit nybygg for yrkesfag på 10 000 m² og eksisterande teoribygg skal rehabiliterast. Det skal òg etablerast eit nytt kulturbygg og areal for vaksenopplæring for Askøy kommune.

Skulen inngår i ei pågåande område-regulering for Myrane på Askøy og skal utførast som ein pris- og designkonkurranse. Forventa byggjestart er sommaren 2020 og endeleg ferdigstilling av prosjektet er sett til skulestart 2023. Prosjektet har ein prislapp på 470 mill. kr, og kontrakttildelinga og samspelsfasen startar våren 2019.



Foto: Morten Wanvik

Yrkesfagbygget ved Odda vidaregåande skule.



Foto: Morten Wanvik

Arna vidaregåande skule har gjennomgått ei omfattande ombygging.



Foto: Constructa Entreprenør AS

Byggjearbeidet på nye Åsane vidaregåande skule er godt i gang.

Nye Åsane vidaregåande skule og kulturhus

Byggjearbeidet har kome godt i gang i Åsane. Etter ei lita forseinking vart det start på byggeplassen 09.05.2018. Årsaka til forseinkinga var forlenga byggjesaksbehandling. Arbeidet heldt fram på byggeplassen heile sommarferien. Prosjektet er i rute og er planlagt ferdig som opphavelag sett til 01.07.2020. Både skuledelen og kulturdelen av skulen skal vere klare til bruk hausten 2020.

Folkehelseperspektivet

Det har i 2018 blitt arbeidd mykje for å sikre universell utforming av store delar av den eksisterande fylkeskommunale bygningsmassen. Kartlegginga av status på eksisterande bygg vart fullført i 2018 og det vert no arbeidd etter denne kartlegginga. To skular står att i 2019. Etter tiltaka er fullførde vil bygga bli gjennomgatte på nytt. Det vert i dag stilt krav om at alle nybygg skal vere universelt utforma.

Skular har sjølv høve til å stille ledige lokale til disposisjon for korttidsutleige, medan eigedomsavdelinga har ansvar for langtidsutleige. Det er ikkje ønskeleg at idrettshallar står tomme utanom skuletida, og på dei nyare skulane i Bergen der det er eigne idrettsanlegg vert hallane no lånte ut til kommunen.




Foto: Nils Jøran Myking

På Tertnes vidaregåande skule er det reist eit nybygg.

Regionale planar og temaplanar

Plan	Mål	Strategiar	Status
Skulebruksplan	Gode læringsmiljø	Oppgradering av eksisterande bygg med tekniske anlegg	Eigedomsavdelinga har gjennomført oppgraderingar av tekniske anlegg på fleire bygg, mellom anna på Slåtthaug vidaregåande skole og Sotra vidaregåande skule, avdeling Bildøy.
		Nybygg og avhending av eldre bygg og bygg som ikkje er helseverngodkjente	I 2018 vart fleire nybygg-, rehabilitering- og ombyggingsprosjekt gjennomført. Skulane Tertnes vgs., Bergen katedralskole, Odda vgs., Arna vgs. og Voss gymnas er ferdigstilte i 2018.
		Etablering av nye skular og tannklinikkar i tilknytning til lokale knutepunkt	Sal av fleire eigedomar er fullført, mellom anna av Etne vgs. avd. Skakke, tidlegare husflidskulen på Garnes og tidlegare Lønborg vgs.
			På Nesttun og i Arna vert det etablert nye tannklinikkar, tett på kollektive knutepunkt.
Klimaplan	Ei klima- og miljøvenleg utvikling	Redusera og helst fasa ut bruken av fossilt brennstoff	Kraftig nedgang i bruken av fossilt brennstoff på skulane, godt på veg mot utfasing.
		Styrkje ressursbruken knytt til drift av tekniske anlegg og installasjonar med mål om redusert energibruk	Det har blitt tilsett to nye resursar som skal bidra ytterligare til optimalisering av bygningsdrifta.
		Ha eit nybyggprosjekt med sterkt fokus på miljøperspektiv ved etablering og bygging (BREEAM-modell og måling)	Alle større nybygg blir BREEAM-klassifiserte, då hovudsakleg som BREEAM Excellent. I 2018 starta mellom anna prosjektet for nytt fylkeshus og Askøy vgs der me har dette miljømålet.
		Inngå avtale om samarbeid med private om prosjekt for reduserte energikostnader (EPC-kontrakt eller liknande)	EPC-kontrakten har det blitt utsett, men me har styrkt driftssida vår med to nye resursar som vil bidra til å løysa arbeidet me ynskjer å gjennomføre med kontrakten.
Tannklinikk strukturplan		Etablering av nye klinikkar i tilknytning til lokale knutepunkt	Arbeidet har starta med å etablere to nye tannklinikkar på Nesttun og i Arna som vil vere tett på lokale, kollektive knutepunkt.
Folkehelse	Eit inkluderande samfunn	Krav om universell utforming av nye bygg	Det vert stilt krav om at alle nybygg skal vere universelt utforma på ein tenleg måte for brukarane. Av eldre skular som skal bevarast, står utbetring av to bygg att.
Temaplan for likeverd	Eit inkluderande samfunn	Vurdere bruk av ledig tid i fylkeskommunale bygg	Det har blitt gjort ein del tiltak for å sikre at ledige lokale vert brukte, blant anna med utleige av idrettsareal til Bergen kommune. Det vert arbeidd vidare med å ytterlegare få tatt i bruk lokale som står ledige. I nye bygg, som på Nye Åsane vgs., skal lokala nyttast til lokale kulturaktivitetar utanom skuletida.
Regional planstrategi	Utvikle meir attraktive og funksjonelle regionale senter		
	Eit inkluderande samfunn		



Politisk organisering



Politisk organisering

Fylkeskommunen sine administrative oppgåver er politisk styrte. Det betyr at Hordaland fylkeskommune gjennomfører den politikken som vert vedteken av dei folkevalde politikarane i fylkestinget, fylkesutvalet og andre politiske utval. Fylkestinget med 57 medlemmer er det øvste styringsorganet.

Fylkesordføraren er politisk leiar av fylkestinget. Fylkesutvalet førebur saker for og kjem med innstillingar til fylkestinget.

Den politiske hovudstrukturen omfattar tre faste utval og kontrollutvalet. Dei faste utvala er:

- utval for kultur, idrett og regional utvikling
- utval for miljø og samferdsel
- utval for opplæring og helse

Kontrollutvalet rapporterer direkte til fylkestinget.

Fylkeskommunen har også ei rekkje andre politiske råd og utval, som administrasjonsutvalet, fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdommens fylkesting, mfl.

Partifordeling

I valperioden 2015-2019 er ni politiske parti representerte i fylkestinget.

Ved valet i 2015 fekk Arbeiderpartiet 20 representantar, Høgre 12, Framstegspartiet sju, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet fire kvar, og Miljøpartiet De Grønne, Sosialistisk Venstreparti og Venstre tre representantar kvar. Rødt fekk ein representant.

I 2018 melde Tom Sverre Tomren overgang frå Miljøpartiet De Grønne til Kristeleg folkeparti. Etter dette har KrF fem representantar og Miljøpartiet De Grønne to.

Utsiftingar

I løpet av 2018 vart det ein del utsiftingar av representantar i fylkestinget.

Gunn Berit Lunde Aarvik, som representerte Arbeiderpartiet, døydde 9.6.2018. Ragnhild Hoff Eilertsen kom inn som ny medlem i fylkestinget. Gro Berge vart ny medlem i utval for kultur, idrett og regional utvikling.

Kjetil Hestad, Arbeiderpartiet, fekk i mars 2018 fritak for verva som medlem i fylkestinget og i utval for opplæring og helse for resten av perioden 2015-19. Torgeir Toppe kom inn i hans stad i begge verva.


Mari K. Kjellesvik, Arbeiderpartiet, fekk i oktober fritak frå verva som medlem i fylkesutvalet for resten av perioden 2015-19. Synnøve Solbakken vart ny medlem i fylkesutvalet, og i hennar stad som medlem i utval for miljø og samferdsel kom Kari Foseid Aakre inn.

Terje Søviknes, Framstegspartiet, vart olje- og energiminister 20. desember

2016 og hadde permisjon frå fylkestinget i den tida han var statsråd. Han kom tilbake til fylkestinget og fylkesutvalet då han gjekk av som statsråd 31. august 2018. Roald Stenseide som kom inn i fylkesutvalet då Søviknes fekk permisjon, held fram som fylkesutvalsmedlem. Sigbjørn Framnes som kom inn i fylkesutvalet då Silje Hjemdal i 2017 vart stortingsrepresentant, gjekk ut av utvalet. Framnes gjekk deretter inn som medlem i utval for opplæring og helse.

Solbjørg Marjala, Raudt, fekk fritak for resten av perioden 2015-19 for vervet som varamedlem i fylkestinget, og medlem i utval for opplæring og helse, valnemnd og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF). Jeanette Syversen kom inn som medlem i utval for opplæring og helse, Terje Kolbotn i valnemnda og Ingeborg Hordvik i RMNF.

I løpet av 2018 kom det ei lang rekkje søknader om fritak og permisjon for varamedlemer til fylkestinget. Med to unnatak vart desse søknadene innvilga.



Regionreforma 2018



Foto: Sogn og fjordane fylkeskommune

Fellesnemnda samla i Leikanger for å førebu samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane til eitt fylke.

Om regionreforma

Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar vart signert av fylkesordførar Jenny Følling og fylkesvaraordførar i Hordaland, Pål Kårbø, 17. januar 2017. Dei to fylkestinga slutta seg deretter til den framforhandla løysinga i februar 2017, med enkelte presiseringar og atterhald.

8. juni 2017 vedtok Stortinget regionreforma, som skal dele landet inn i 11 heller enn 19 fylke frå og med 1. januar 2020. Vedtaket innebar at Oslo, Rogaland, Møre og Romsdal og Nordland held fram som egne fylke. Sør- og Nord-Trøndelag vart slått saman til eitt fylke 1. januar 2018.

Ekspertutvalet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sette ned eit eige ekspertutval sommaren 2017 etter ønskje frå Stortinget, i samanheng med handsaminga av regjeringa sitt forslag til regionreform. Utvalet sitt mandat var å vurdere overføring av ytterlegere ansvar, oppgåver og mynde som støttar opp under fylkeskommunane si rolle som samfunnsutviklar. Ekspertutvalet leverte rapporten sin til kommunalministeren 1. februar 2018.

Namnet vert Vestland

Regjeringa gjorde i statsråd 6. april 2018 tilråding om Vestland som namn på det nye fylket. Stortinget gjorde den 7. juni 2018 endringar i inndelingslova, der namnet vart endeleg slege fast.

Politisk organisering i Vestland fylkeskommune

Fellesnemnda vedtok i møte 22. juni, følgjande struktur for faste hovudutval, der det nye fylkestinget sine 65 medlemmar, med unntak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar og kontrollutvalet sine medlemmer, kan fordelast på desse utvala:

- a) Hovudutval for samferdsle og mobilitet
- b) Hovudutval for opplæring og kompetanse
- c) Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon
- d) Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Fylkesutvalet er eit lovpålagt organ med ansvar for å leggje fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett. Fellesnemnda vedtok i same møte at utvalet også får eit overordna ansvar for fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda.

Fellesnemnda vedtok i møte 21. september å opprette følgjande lovpålagte politiske organ, med verknad frå 1. januar 2020:

- a) Kontrollutval
- b) Administrasjonsutval
- c) Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

- d) Råd for eldre
- e) Ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom
- f) Klagenemnd
- g) Fylkesvalstyre

I same møte vedtok fellesnemnda å opprette andre politiske organ, med verknad frå 1. januar 2020:

- a) Finansutval
- b) Trafikktryggingsutval
- c) Valnemnd

16. november 2018 vedtok fellesnemnda å opprette eit planutval som politisk leiande prosessorgan for regional planlegging, med verknad frå 1. januar 2020. Planutvalet skal skape politisk forankring og sikre heilskapsomsynet for regionale planar, og får personsamanfall med det nye fylkesutvalet. Det nye fylkestinget skal hauste erfaringar med å nytte fylkesutvalet som planutval gjennom den første valperioden 2019 – 2023.

I same møte vedtok fellesnemnda å leggje ansvaret for likestilling, likeverd og mangfald i Vestland fylkeskommune til administrasjonsutvalet frå 1. januar 2020. Administrasjonsutvalet skal følgje opp kommunelova sine krav om å gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling i organisasjonen.



Foto: Gøril Sætre

Fylkesordførarane Anne Gine Hestetun (Hordaland) og Jenny Følling (Sogn og Fjordane).

Prosjektleder for Vestland fylkeskommune

Rune Haugsdal vart i fellesnemnda sitt møte 4. mai tilsett som prosjektleder og komande fylkesrådmann for det nye storfylket på Vestlandet. Haugsdal tiltredde stillinga som prosjektleder 14. juni.



Foto: Morten Wanvik

Prosjektleder Rune Haugsdal

Overordna administrativ organisering

I september 2018 presenterte prosjektleder den overordna administrative organiseringa. Det vert tre administrative hovudlokaliseringar i Vestland fylkeskommune – i Leikanger, Førde og Bergen. Avdelingane har nye namn og ansvarsområde:

- Avdeling for infrastruktur og veg (Leikanger)
- Avdeling for mobilitet og kollektivtransport (Bergen)
- Avdeling for kultur, idrett og inkludering (Førde)
- Avdeling for opplæring og kompetanse (Bergen)
- Avdeling for innovasjon og næringsutvikling (Bergen)
- Avdeling for strategisk utvikling og digitalisering (Leikanger)
- Avdeling for organisasjon og økonomi (Bergen)

Dei nye avdelingane skal leiast av fylkesdirektørar, som vart presenterte i november 2018. Det er lagt opp til at dei komande fylkesdirektørane gradvis trer inn i rolla fram mot 1. januar 2020.

Oppgåvemeldinga – nye oppgåver for fylka

19. oktober la kommunal- og moderniseringsdepartementet fram ei oppgåvemelding til Stortinget, der regjeringa utdjupa kva dei framtidige fylka skal ha ansvaret for. Her ligg det oppgåver knytte til næringsutvikling, landbruk, samferdsel, klima og miljø, kompetanse og integrering, kultur og folkehelse. Samferdsel er eit område der det kjem fleire nye oppgåver; fylka skal no sjølve få ansvaret for å utgreie, planleggje, byggje, drifte og vedlikehalde fylkesvegane.

I tillegg til dei konkrete nye oppgåvene som vart melde, vert det utgreidd vidare om oppgåver knytte til kulturinstitusjonar, barnevern og regionale forskingsfond også skal overførast til fylka.

Fylkesvåpen

29. januar 2018 sette fellesnemnda sitt arbeidsutval ned ein fagkomité som skulle vurdere og tilrå alternativ til fylkesvåpen for Vestland. Det skulle skje etter ein rådgjevande, open innspelsprosess, og ein designkonkurranse der nokre motiv bestemt av fagkomiteen skulle teiknast ut. I møtet sitt 19. desember 2018 fekk fellesnemnda framlagt fagkomiteen sine tilrådde forslag. Ingen av forslaga vart valde, og fellesnemnda bad administrasjonen arbeide vidare med saka og få fram alternativ med utgangspunkt i forslag knytt til natur og landskap, vilje til demokrati, folkevald makt og med referanse til felles historie.

Omstillingsavtalen

På møte i fellesnemnda 4. mai 2018 vedtok fellesnemnda omstillingsavtalen som fylkesrådmennene i Hordaland og Sogn og Fjordane hadde forhandla fram med dei tillitsvalde.

Avtalen skal sikre følgjande:

- Medverknad og medrårderett i prosessen i tråd med intensjonane i hovudavtalen
- Ein ryddig og føreseieleg omstillingsprosess ved å gje overordna føringar for gjennomføringa
- Tryggleik i arbeidsforholdet for den einskilde tilsette under omstillingsarbeidet

2018 – stor aktivitet, solid innsats

Årsmeldinga for 2017 avslutta eg slik: «Arbeidet med regionreforma, styrking av tenestene våre, samstundes som me har kontroll over økonomien, vil vere prioriterte oppgåver i 2018.» Og det er eigentleg ei god oppsummering av året som har gått. Sidan 2015 har vi rydda i økonomien. Det gjer vi fordi det har ein eigenverdi, men og for å kunne bruke midlar på naudsynte tenester for folk som bur i fylket vårt.

I 2018 har vi brukt mykje tid og energi på samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane, både i møte i fellesnemnda, i handsaming i fylkestinget og i møte og høyringar med Storting og regjering. Samstundes har dei tilsette spelt ei viktig rolle og lagt ned eit stort arbeid. Over 60 delprosjekt er i sving for å syte for ei smidig samanslåing, og som fylkesordførar er eg stolt over innsatsen og viljen for å få dette til.

I 2018 heldt vi fram med arbeidet for å sikre trygge skuleveggar og utbetring av små og store tiltak på fylkesvegane våre. Ei ekstraløyving på 20 millionar kroner, som vart nytta aktivt ute i kommunane, har gjort dette mogleg. Samstundes styrkte vi kollektivtrafikken med nær 50 nye avgangar i Bergen. På tre år er talet på daglege bussavgangar i Bergen auka med over 500, og denne satsinga gav gode resultat også i 2018. Talet på påstigingar i kollektivtrafikken auka med 4,4 prosent i 2018, og i løpet av 2018 hadde vi 73 millionar reiser. Av desse var nesten 15 millionar på Bybanen i Bergen, og det er Bybanen som står for den største auken i trafikken, på 18 prosent.

Då dei nye ferjekontraktane vart sende ut på anbod var det eit samla fylkesting som stilte djerve miljøkrav. Det har vi sidan den gong hausta ros for. I 2018 vann vi prisen for miljøvenlege offentlege innkjøp, og i grunngevinga sto det at: «Norge kan bli verdens første helelektriske samfunn. Da trenger vi ambisiøse politikere som tør å sette tøffe mål. Hordaland er et stjerneeksempel på hvordan det offentlige kan bruke sin innkjøpsmakt til miljøvennlige og innovative anskaffelser». Prisen deler vi alle, og vi – Hordaland – kan vere stolte over satsinga vår på miljøvenlege løysingar for både kollektivtrafikken og ferjene.

Eit fylkeskommunalt år inneheld og store og små markeringar. Som fylkesordførar får eg delta og oppleve mykje kjekt, mellom anna reopning av fleire flotte skulebygg. I 2018 har eg reopna både Bergen katedralskole, Voss gymnas og Tertnes vidaregåande skule. Vi har tatt store grep for å få ein meir tenleg skulestruktur, og det er gledeleg å sjå at både tilsette og elevar ser ut til å trivast med dei nye bygga, med moderne utstyr og løysingar, der historie og identitet vert godt ivareteke.

2018 var yrkesfaga sitt år, og det vert arbeidd godt for å løfte yrkesfagopplæringa i fylket vårt. Med yrkesfagkoordinatorar på skulane har vi fått fart på samarbeidet mellom skulane og næringslivet. Samstundes pågår det to pilotprosjekt, eit i Sunnhordland og eit i Nordhordland, der vi ser på moglegheitene for å utvikle nye måtar å utdanne framtidens



fagarbeidarar på. Gjennom å løyse oppgåva saman med næringslivet, til dømes gjennom sambruk av utstyr og bruk av deira unike kompetanse kan vi utvikle noko heilt nytt her i fylket vårt.

Innføring av skulefrukost er ein suksess. Etter eit svært vellykka prøveprosjekt i 2017 har vi i 2018 løyvd nok pengar til at alle dei vidaregåande skulane våre kan gje dette tilbodet til sine elevar. Vi veit at god næring også gjev god læring. Samstundes bidreg skulefrukosten til ein sosial samlingsplass for elevane, og ein arena for integrering av elevgrupper i det sosiale fellesskapet. Tilbakemeldingane på dette tiltaket er overveldande, og som fylkesordfører er eg både stolt og glad for at vi har klart å gjere dette løftet. Det er gledeleg å sjå at satsinga på skule gjev resultat. Aldri har så mange elevar fullført vidaregåande skule i Hordaland. Dette viser at kampen mot fråfall, krev ulike tiltak, og er ei av våre viktigaste oppgåver.

Kulturfeltet er viktig for fylket vårt. Vi har tunge og store aktørar, samstundes som frivilligheita og amatørkulturen står sterkt. 2018 har vore eit spesielt godt år for til dømes Hordaland teater. På dette året har dei nær dobla publikumsmassen sin, og eg er glad for at Hordaland fylkeskommune som eigar har bidrege til denne veksten gjennom gode rammer.

I 2017 tok fylkeskommunen initiativ til å etablere satsinga Idrettscampus Bergen. Saman med sju andre store aktørar,

Universitet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Haulkeland universitetssjukehus, Olympiatoppen, Hordaland Idrettskrets, Brann, Bergen kommune, styrkjer vi arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Hordaland. Ei av framtida sine store helseutfordringar er inaktivitet, og denne tek vi på alvor gjennom Idrettscampus Bergen. Allereie i 2018 har vi hausta gode resultat på den samla aktiviteten til Idrettscampus Bergen under målsettinga om «Styrke i samspel».

Trass i ein stram økonomi har Hordaland fylkeskommune gjennom styring og kontroll vidareutvikla tenestetilbodet til beste for innbyggjarane. Takk for innsatsen. Samstundes har vi lagt eit godt grunnlag for å vere godt budde når fylkessamanslåinga skal gjennomførast 1.1.2020. Difor er ei av dei største utfordringane i 2019, å sikre eit føreseieleg og berekraftig inntektssystem for det nye fylket.

Anne Gine Hestetun
fylkesordfører



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.